



Midt-Telemark
kommune

KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2021-2033

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Vedteke i kommunestyret 21. juni 2021



1	Innleiing	2
2	Korleis er konsekvensar av innspel vurdert?	2
3	Korleis er risiko og sårbarheit (ROS) vurdert?.....	4
3.1	<i>Definisjonar.....</i>	5
3.2	<i>Kunnskapsgrunnlag for ROS-analyse</i>	5
3.3	<i>Samla ROS-analyse</i>	6
3.4	<i>ROS-analyse av innspelsområda</i>	6
4	Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av planforslaget samla.....	7
4.1	<i>Samla verknad etter arealformål.....</i>	7
4.2	<i>Samla verknad etter utgreiingstema</i>	11
4.3	<i>Samla ROS-analyse</i>	18
5	Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innspel	24
5.1	<i>Nr 1 Breisås,.....</i>	26
5.2	<i>Nr 2 Nordbøåsen.....</i>	29
5.3	<i>Nr 7, Ødegårdfeltet</i>	32
5.4	<i>Nr 22, Slåttedalen</i>	35
5.5	<i>Nr 28, Bø handelspark.....</i>	37
5.6	<i>Nr 29, Tømmerterminal, Sunde.....</i>	41
5.7	<i>Nr 30, Herremo</i>	45
5.8	<i>Nr 31, Skjelbreid, Breiva gjestegard.....</i>	47
5.9	<i>Nr 32, Rallevegen</i>	49
5.10	<i>Nr 33, Folkestadåsen, Hellestad sandtak</i>	52
5.11	<i>Nr 36, Vårbusvingen.....</i>	54
5.12	<i>Nr 38, Hørte</i>	57
5.13	<i>Nr 42, Brenna</i>	59
5.14	<i>Nr 45, Evju bygdetun</i>	62
5.15	<i>Nr 46, Gvarvhølen</i>	64
5.16	<i>Nr 56, Liagrenda (Norsjø ferieland).....</i>	66
5.17	<i>Nr 57 MX-bane, Rallevegen.....</i>	68
5.18	<i>Nr. 58 Haukvik</i>	71
5.19	<i>Nr. 59 Sisjord</i>	74
5.20	<i>Nr. 60 Sandamoen.....</i>	77



1 Innleiing

Konsekvensutgreiinga viser konsekvensar for miljø og samfunn av nye byggeområde i kommuneplanen eller endring av formål for eksisterande byggeområde. Utgreiinga skal gje eit godt nok grunnlag for å avgjere om det aktuelle området er eigna til foreslått arealbruk. Konsekvensane er vurdert for kvart enkelt byggeområde og for planforslaget samla, på bakgrunn av planprogram for kommuneplanens arealdel fastsatt av kommunestyret 3.2.20.

2 Korleis er konsekvensar av innspel vurdert?

Innspel som gjekk vidare til trinn 2 av utgreingsfasen er vurdert i eigne skjema i kap 5 med denne innleiinga:

 <p>Forslagsstillar si avgrensing av byggeområdet. Arealet er vist med farge etter kva formål som er foreslått.</p>	<p>Område: Områdenamn Areal: Storlek på byggeområde i innspelet Føremål: Forslagsstillar sitt ønske om nytt arealformål</p> <p>Eksisterande arealbruk: Kva området er nytta til i dag Kommuneplan: Arealformål og evt omsynssoner for området i gjeldande kommuneplanar</p> <p>Reguleringsplan: Arealformål i reguleringsplan dersom området er regulert.</p>
---	---

I matrisa for kvart innspel er det sett ulike farger til kvart utgreiingstema. Fargane indikerer verknaden av endra arealbruk og er basert på følgande kategorisering:

- Stor eller svært stor negativ konsekvens
- Middels negativ eller usikker konsekvens
- Liten negativ konsekvens eller ingen eller positiv konsekvens

Kva stor eller svært stor negativ konsekvens betyr må forstås ut frå kva kategori temaet ligg under. Svært stor negativ konsekvens for tema som ligg under miljømessige eller samfunnsmessige forhold vil til dømes sjeldan innebere fare for liv og helse, i motsetnad til tema under ROS-analyse. Vurderingane er gjort opp mot 0-alternativet, som legg til grunn at dagens planar og arealføremål kan byggast ut, medan framtidige planar ikkje vert utbygd. Tabell 2-1 viser kva kunnskapsgrunnlag som er nytta ved vurdering av konsekvensane.

Det er gjort ei samla vurdering av konsekvens basert på resultata av vurdering av konsekvens for dei einskilde tema, fagleg skjønn og lokalkunnskap, samt ei vurdering av korleis området passar med overordna arealstrategiar. I konklusjonen vert det konkludert på om tiltaket kan tilrådast, evt. med justeringar av areal, rekkefølgjekrav, dokumentasjonskrav mm., eller om det ikkje kan tilrådast.



Tabell 2-1 Kunnskapsgrunnlag for konsekvensutgreiinga

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Vurdering
Arealstrategiar	Arealstrategiar i kommuneplanens samfunnssdel	Om tiltaket samsvarar eller er i motstrid med strategiane?
Ureining og støy	<ul style="list-style-type: none"> - Miljødata - Støyvarselkart (Statens Vegvesen og BaneNor) - Støykartlegging langs hovudvegar og i samband med nye reguleringsplanar 	<ul style="list-style-type: none"> - Utsett for ureining i form av støy, ljos, utslepp, lukt) - Fører det nye føremålet til ureining i form av støy, ljos, utslepp, lukt
Jordvern og jordressursar	<ul style="list-style-type: none"> - Gardskart - Kilden (NIBIO) - FKB data - Kjerneområde landbruk 	<ul style="list-style-type: none"> - Omdisponering av fulldyrka og dyrkbar mark - Driftsulemper og punktering av heilskaplege område - Skogsbonitet, beitebruk
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> - Wms-tenester frå Artsdatabanken og Miljødir. (artskart, miljøreg., naturtype) - Verneforskrift for verna vassdrag - Områder regulert til naturverdiar etter PBL - Potensiale for naturmangfald er vurdert med bakgrunn i skogklasser, bonitet, mengde liggande og stående daude tre, mengde hengelav, lausmasser, himmelretning og soleksponerte flater. Områda er synfart i felt. 	<ul style="list-style-type: none"> - Konfliktnivå i høve til direkte arealbruk, randeffekt og korridorar - Konsekvens for verna vassdrag - Om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. Naturmangfaldlova
Vass- og lausmasseress.	<ul style="list-style-type: none"> - NGU lausmassekart - Granada nasjonal grunnvassdatabase - Vann-nett og vassmiljø 	<ul style="list-style-type: none"> - Lausmasseressursar i området - Konflikt med drikkevasskjelder
Kulturminne og -miljø	<ul style="list-style-type: none"> - Uttak frå Askeladden og RA sine wms-tenester - Viktig kulturlandskap - Kulturminne regulert etter PBL 	<ul style="list-style-type: none"> - Direkte arealkonflikt - Visuelle effektar i høve til kulturmiljø.
Landskap og byrom	<ul style="list-style-type: none"> - Topografiske kart og ortofoto - Hellingskart (frå høgdekoter) - Fortettingsanalysar for Bø og Gvarv sentrum - Landskapskart - Kjennskap til eksisterande byggeskikk 	<ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensar for landskapsrom - Konsekvensar for det endra estetiske utrykket i området - Visuell konflikt med omgjevnader (nær- og fjernverknad)
Grønstruktur og friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Kart over friluftsområde - Kartlegging av viktige friluftsområde - Støysonekart - Turløypekart 	<ul style="list-style-type: none"> - Berørt leikeområde - Konflikt med friluftsområde? - Tilgang til friluftsområde - Støy
Energibruk	<ul style="list-style-type: none"> - Fjernvarmekart/VA-nett - Hellingskart 	<ul style="list-style-type: none"> - Pot. for energieffektivitet ved tiltaket
Klimagass-utslepp	<ul style="list-style-type: none"> - Klimastatistikk frå Miljødirektoratet - Arealinformasjon frå Kilden - Vurdering av trafikkauke, linekart for koll.trafikk - Miljødir.si klimaberegningsmod.: Skog og myr 	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdering av trafikkvekst og potensialet for mjuke trafikantar - Effekt av arealbruksendringar
Transportbehov og trafikktryggleik	<ul style="list-style-type: none"> - Vegkart - Hovudnett for sykkel - Geomap NVDB - Geomap Samferdsel - kollektivtrafikk - Relevante planar i kommunen? - Trafikktryggingsplan, høyringsversjon 	<ul style="list-style-type: none"> - Avst. til skule, sentrum og andre målpunkt. Kollektivtrafikk - Skuleveg (gang-/sykkelveg) - Er områda trafikksikre? - Korleis området bidrar til trafikkavvikling - Lok. i høve til tenester og anna infrastruktur, bilbruk
Teknisk infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> - VA-datasett - Vegkart/busstopp 	<ul style="list-style-type: none"> - Avstand til offentleg VA-nett - Avstand til offentleg veg



Tema	Kunnskapsgrunnlag	Vurdering
	<ul style="list-style-type: none"> - Hovedplan for vann og avløp - Kapasitet på straumnett (Midt-Telemark energi) 	<ul style="list-style-type: none"> - Behov for ny teknisk infrastruktur - Kapasitet på straumnett
Sosial infrastruktur (skule, barneh, helse)	<ul style="list-style-type: none"> - Kart over skolekretsar - Kapasitet på eksisterande institusjonar - ATP-modell 	<ul style="list-style-type: none"> - Bidrar utbyggingsområdet til behov for nye funksjonar eller infrastruktur
Folkehelse og universell utforming	<ul style="list-style-type: none"> - Folkehelsebarometer - Kartgrunnlag - Hellingskart - Friluftsområde i reg. planar og kommunoplan - Kartlegging og verdsetting av friluftsområde 	<ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensar for folkehelse - Høve til å gå og sykle til målpunkt - Mogleheter for rullator, rullestol - Tilgang til nærturterren - Potensiale for universell utforming
Bumiljø og oppvekstvilkår	<ul style="list-style-type: none"> - Barnetrakkregistreringar - Kart over samanhengande uteområde (verdisetting av friluftsområde) 	<ul style="list-style-type: none"> - Konflikt med barn og unge sine interesser i området. - Avst. til barneh/skule/ fritidsakt.
Samfunnstryggleik og beredskap	<ul style="list-style-type: none"> - Overordna kommunal ROS-analyse - Overvassproblematikk - ROS-analyse for arealføremål - Beredskapskart og -info/fareomr i NVE Atlas 	<ul style="list-style-type: none"> - Naturfare - Avstand til infrastruktur - Tilkomstveg - Responstid
Kommuneøkonomi	<ul style="list-style-type: none"> - Infrastrukturkart (avstand) - Kart over sosial infrastruktur - Kapasitet på eksisterande institusjonar? 	<ul style="list-style-type: none"> - Transp. behov for off. tenester - Medfører utb. behov for auka kap. på sosial og teknisk infrastruktur

For innspel som gjeld Bø handelspark, er [Handelsanalyse og planfaglege vurderinger – Bø handelspark](#) (Asplan Viak 2020) lagt til grunn for vurdering av konsekvensar for lokal og regional handel. For konsekvensar av innspel om ny tømmerterminal er Bane Nor si utgreiing [Tinnosbanen. Tømmerterminal](#) (Bane Nor 2019) lagt til grunn.

3 Korleis er risiko og sårbarheit (ROS) vurdert?

ROS-analysen til kommuneplanens arealdel har som mål å avdekke potensiell fare, slik at endra arealbruk ikkje fører til auka risiko for skade og tap for befolkningen og samfunnet. Analysen er ei overordna analyse på kommuneplannivå med utgangspunkt i tilgjengelege datakjelder. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging» er nytta som grunnlag for analysen. ROS-analysen er gjort for heile planområdet og for dei enkelte innspela. Analyse av heile planområdet ligg i kap 3.3, og analyse av det enkelte innspelet ligg saman med konsekvensutgreiing av innspelet i kap.5.

Ved revisjonen av kommuneplanens arealdel kan kommunen ivareta samfunnssikkerhet gjennom ulike verkty:

- angi arealformål (PBL §§ 11-7 og 12-5)
- vise omsynssoner med tilhørende føresegner (PBL §§ 11-8,12-6)
- gi føresegner (PBL §§ 11-9, 11-10, 11-11 og 12-7)

I tråd med PBL § 4-3, skal område med fare, risiko eller sårbarhet visast som omsynssone med føresegner som er nødvendig for å avverge skade og tap. Resultatet av analysen er forslag til korleis risiko og sårbarhet i kommuneplanens arealdel kan reduserast. Det vil si



generelle råd om arealbruk og konkrete forslag til arealformål, hensynssoner, føresegner og retningslinjer. Andre tiltak som ikkje kan følges opp i arealplanar er ikkje del av analysen.

Det er ikkje gjort detaljerte vurderingar av eventuelle tiltak, og det er ikkje bestemt sannsyns- og konsekvensgrad etter gjennomført tiltak i denne ROS-analysen. Det er naudsynt med fagutgreiingar dersom risiko og sårbarheit er vurdert som høg eller uviss. Dette må sikrast i føresegnene til arealdelen.

3.1 Definisjonar

Sannsynlegheit: Eit mål for kor truleg det er at ei hending skjer i planområdet innanfor eit visst tidsrom. Sannsynlegheit vert vurdert ved å bruke grenseverdiane vist i Tabell 3-1.

Konsekvens: Verknaden den uønskt hendinga kan få i eit planområde eller for utbyggingsføremålet. Konsekvens vert vurdert ved å bruke konsekvenskategoriane i Tabell 3-2.

Tabell 3-1 Grenseverdiar for sannsynsvurdering.

Sannsynlegheitskategoriar	Tidsintervall	Sannsynlegheit (pr år)
Høg	Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år	> 10 %
Middels	1 gang i løpet av 10–100 år	1–10 %
Lav	Sjeldnare enn 1 gang i løpet av 100 år	< 1 %

Tabell 3-2 Konsekvenskategoriar

Konsekvensar	Stor	Middels	Liten
Liv og helse	Over 5 dødsfall og/eller over 20 skadde	1-5 dødsfall og/eller inntil 20 skadde	Ingen dødsfall men inntil 2 skadde
Stabilitet (forstyrningar i dagleglivet)	Over 50 personar råka i meir enn tre dagar	10-50 personar råka i 2 til 3 dagar. Fråvær av viktig infrastruktur i opptil 24t.	Under 10 personar råka, under 2 dagar.
Materielle verdiar	Over 10 millionar	1 til 10 millionar	Under 1 million

3.2 Kunnskapsgrunnlag for ROS-analyse

ROS-analysen tar utgangspunkt i hendingar i følgande publikasjonar:

- Klimaprofil for Telemark (rev.2017)
- Fylkes-ROS for Telemark (2020)
- Overordna ROS for Midt-Telemark kommune (2019)

Følgande kjelder er nytta i vurderingane:

- NVE: Flomsoner, Aksomhet Flom, aktsemd jord- og flaumskredfare, Kvikkleire, Aktsemd steinras, marin grense
- NGU: Løsmasser, grus og pukk, Granada (nasjonal grunnvannsdatabase)
- Miljødirektoratet: Grunnforurensing, Naturtyper håndbok 13
- NIBIO: AR50, AR5
- Artsdatabanken: Data frå artskart

Vi skapar framtida saman



- Riksantikvaren: Kulturminner
- NVDB (nasjonal vegdatabas)
- Bane Nor: Støysoner for jernbanenettet
- SVV: Støysoner
- Midt-Telemark kommune: VA-nett, barnetråkk, friluftsområde, sti- og løypekart

3.3 Samla ROS-analyse

Vurderinga i 4.3 Samla ROS-analyse tar utgangspunkt i hendingane i kommunens overordna ROS-analyse (2019) og avklarer kva grep som kan takast i kommuneplanens arealdel for å redusere risiko. Det er også vurdert hendingar frå Fylkes-ROS for Vestfold og Telemark. Dei hendingane som er vurdert er større skogbrann, snøskred på Lifjell, ekstrem vind og nedbør, flaum i Bøelva og persontogulykke i tunell. Enkelte hendingar er mindre relevante for kommuneplanens arealdel, og er ikkje analysert vidare. Det gjeld trafikkulykke på Sauheradvegen, pandemi, brann på bo- og eldresenter, atomkraftulykke, pågåande livstruande vald på UNS campus og terror på Sommarlandfestivalen.

3.4 ROS-analyse av innspelsområda

For alle innspela er kjente risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål vurdert. Dette omfattar vurdering av eksisterande risiko- og sårbarhet og ny risiko- og sårbarhet som følge av utbygging. Det er foreslått avbøtande tiltak for å begrense sannsynlighet og konsekvensar av risiko- og sårbarhet. Oppsummering er vist i Tabell 4-3.



4 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av planforslaget samla

4.1 Samla verknad etter arealformål

4.1.1 Bustad

I den vedtekne planen er det teke inn 3 nye bustadområde. Sju område er heilt tatt ut av planen, medan eit område er redusert, sjå Tabell 4-1. Dette fører til at areal sett av til bustadføremål er redusert med ca. 490 daa og om lag 220-320 bueiningar.

Eitt område, Breisås (nr 1 i KUen, nr. B24 i høyringsutkastet), var med i høyringsutkastet, men kommunestyret vedtok å ikkje ta området inn i arealdelen ved endeleg vedtak.

Tabell 4-1: Oversikt over arealendringar for bustadføremål

Nye område for bustad	Ca tal einingar	Daa	Merknader
Breisås (innspel nr 1)	80	82	Ligg innanfor tettstadsgrensa til Bø. Eksisterande arealbruk: Skog og friluftsområde. Området blei teke ut av kommuneplanen etter offentleg høyring.
Ødegårdfeltet (innspel nr 7)	18	18	Ligg innanfor tettstadsgrensa til Gvarv. Eksisterande arealbruk: Skog.
Haukvik (innspel nr. 58)	20	21	Området som i gjeldande plan er sett av til naturområde. Ligg innanfor tettstadsgrensa til Akkerhaugen.
Sisjord (innspel nr. 59)	1	1	Éi tomt på Sisjord, i gjeldande plan er området LNF. Ligg innanfor tettstadsgrensa til Bø.
Bustadområde i gjeldande kommuneplanar som er gjort om til LNF-formål eller fått redusert areal	Ca tal einingar i gjeldande KPA	Daa i gjeldande KPA	Merknader
C Skåråfjella (Kpa Sauherad)	117	233	Omgjort til LNF
F Gullhaug (Kpa Sauherad)	40	32+8	Omgjort til LNF
G Årnes (Kpa Sauherad)	15	31	Omgjort til LNF
Q Liagrenda (Kpa Sauherad)	25	25	Omgjort til LNF
B15 Lihegna (Kpa Bø)	15	31	Omgjort til LNF
B16 Breskelia (Kpa Bø)	8	15	Omgjort til LNF
23 Geiteryggen (Kpa Sauherad)	100	106	Delt opp i to bustadområde. Samla areal redusert til 92 daa.
B4 Bergenåsen	100-200	98	Omgjort til LNF

Reduksjonen i talet på bueiningar er i samsvar med arealstrategiane til Midt-Telemark kommune. Dei areala som er tatt inn ligg innanfor tettstadsgrensene, medan dei fleste områda som er tatt ut er område som ikkje har direkte tilknyting til dei prioriterte tettstadene Bø og Gvarv eller grendesentra Akkerhaugen, Nordagutu og Hørte.

Endringane som er gjort i kommuneplanen støttar oppunder samfunnssdelen sitt mål om at 70% av bustadbygging skal skje innanfor Bø og Gvarv. Tabellen nedanfor viser at Bø og Gvarv har ein ledig bustadkapasitet på til saman 70%. Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu har til saman om lag 18% av den ledige bustadkapasiteten. På den måten vert det lagt til rette for bustadbygging i dei andre grendesentra, sjølv om talet på ledig bustadkapasitet utanfor tettstadene framleis er relativt høgt.



Tabell 4-2: Fordelinga av bustader innanfor og utanfor tettstadene i Midt-Telemark

		Bueiningar innanfor bustadføremål	Bueiningar innanfor LNF spreidd	Bueiningar innanfor sentrumsføremål	Totalt tal bueningar	Prosent av samla omfang av bueningar
Region- og lokalsenter	Bø	726	0	560	1286	63 %
	Gvarv	101	0	30	131	7 %
	SUM	827	0	590	1417	70 %
Grendsentra	Akkerhaugen	205	0	10	215	10 %
	Hørte	134	0	4	138	7 %
	Nordagutu	51	0	12	63	3 %
	Utanfor tettstadene	142	55	0	197	10 %
	SUM	532	55	26	613	30 %
Totalt bustadkapasitet		1359	55	616	2030	100 %

Kommuneplanens arealdel legg opp til ein bustadstruktur som langt på veg vil dekke dei framtidige bustadbehova, sjølv om det er venta at etterspurnaden etter sentrumsnære leilegheiter vil auke framfor den klassiske einebustaden. Med ein forventa folkevekst på 900 personar fram til 2033 og 2,06 personar pr. privathushald (SSB) er bustadbehovet på i underkant av 450 bueiningar. Samla bustadreserve i planen er på overkant av 2000 bueiningar.

Det er gode moglegheiter til å fortette i sentrum, samstundes som det er rikeleg med areal til einebustader. Mesteparten av bustadveksten vil koma tettstadnært, men det vil også vere høve til å finne eigna areal for bustader i grendene i dagens reguleringsplanar eller i område for LNF spreidd bustadbygging.

Det er ikkje lagt til rette for endra arealbruk som i stor grad vil påverke eksisterande eller nye bustadområde. For enkeltbustader vil tømmerterminalen på Sunde (innspeisnr 29) kunne føre til negative konsekvensar i form av støy og auka trafikk av tømmerbilar langs vegen. Eit nytt område for kompostering ved Rallevegen (innspeisnr. 32) kan, avhengig av bruk og værtihøve, kunne føre til lukt i bustadområda på Folkestad. Dette er eit kjent tilhøve, sidan det alt skjer kompostering i eit område ved Rallevegen. Tiltak i føresegnehene som forbod mot kompostering av slam vil avgrense skadeverknadene.

4.1.2 Fritidsbustad

Planen legg opp til eitt nytt område for fritidsbustad. Ingen område er tatt ut av planen. Det nye området er Slåttedalen (innspeisnr 22), der det vert opna for at 31 daa vert omgjort til fritidsbustad frå dagens arealbruk, som er LNF (skog).

Auken i talet på fritidsbustader er beskjeden, samanlikna med talet på fritidsbustader i den eksisterande kommuneplanen og kommunedelplanen for Lifjell. Området som er tatt inn ligg i tilknyting til eit eksisterande område for fritidsbusetnad, og er såleis i samsvar med kommunens arealstrategiar.

Ny arealbruk i kommuneplanen har ingen påviste konsekvensar for nye eller eksisterande område for fritidsbusetnad.



4.1.3 Forretning

Planen endrar Bø handelspark frå kombinert føremål kontor/industri til forretning. Endringane i plankartet og føresegne fører til at det ikkje berre kan opnast for plasskrevjande handel, men også for detaljhandel på opptil 12 000 m². Det skal ikkje vere, daglegvare eller kontor.

Endringa får i hovudsak verknad for handelsmønsteret i og rundt Bø sentrum, som er definert i kommuneplanens arealdel med sentrumsføremål. Konsekvensutgreiinga kap. 5.5, Nr 28, Bø handelspark viser at det er ein risiko for at auka detaljhandel utanfor sentrum vil føre til ein auka handel i regionen, men redusere handelen innanfor Bø sentrum. Ei større og meir omfattande handelsetablering kan også gje eit endra trafikkbilde, med følgjeverknader som overbelasting på kryss og utfordrande tilhøve for andre trafikantar, alt ettersom kva løysingar som vert valt.

Krav til minsteareal pr. forretning, at det berre skal opnast for servering som del av eit handelskonsept og forbod mot etablering av daglegvare eller kontor og i reguleringsplan skal virke avbøtande på konsekvensane for handelen i Bø sentrum.

4.1.4 Offentleg eller privat tenesteyting

Det er lagt til rette for eitt nye område for offentleg eller privat tenesteyting. Dette gjeld Evju bygdetun (innspelsnr 45). I tillegg er Vatnar leirstad gjort om frå offentleg eller privat tenesteyting til fritidsbygg.

Det er ikkje påvist at endra arealbruk får konsekvensar for eksisterande eller nye område for offentleg eller privat tenesteyting.

4.1.5 Fritids- og turistføremål

Kommuneplanens arealdel opnar for to nye område for fritids- og turistføremål:

- Skjelbreid (Breiva gjestegard), 43 daa (innspelsnr 31), omgjort frå LNF spreidd bustad, dagens aktivitet er turistretta næring.
- Liagrenda, 3 daa, (innspelsnr 56). Området vert omgjort frå LNF, men dagens arealbruk er bustad.

I tillegg er det gjort endringar på følgjande eksisterande område for fritids- og turistføremål:

- Åsgrav er gjort om til grøntområde i samsvar med føremålet grønstruktur i reguleringsplan.
- Bø camping er tilpassa for å samsvare med reguleringsplan.
- Norsjø ungdomssenter har blitt endra frå LNF til fritids- og turistføremål i samsvar med gjeldande aktivitet.

Dei nye areala for fritidsbustad byggjer oppunder dagens aktivitetar med glamping og campingplass. Annan ny arealbruk får liten eller ingen konsekvensar for eksisterande eller nye område for fritids- og turistføremål.

4.1.6 Råstoffutvinning

Eksisterande område for råstoffutvinning vert vidareført, samstundes som kommuneplanen legg til rette for to nye område med totalt ca 70 daa:

- Folkestadåsen, 60 daa (innspelsnr. 33), endra frå LNF (barskog) og omsynssone viktig friluftsområde.



- Vårbusvingen, 10 daa (innspelsnr. 36), endra frå LNF (barskog).

Folkestadåsen er ei utviding av eit eksisterande område for råstoffutvinning, medan Vårbusvinningen vil bli eit nytt masseuttak.

Annan ny arealbruk får liten eller ingen konsekvens for eksisterande eller nye område for råstoffutvinning. Føresegne vidarefører i hovudsak dei føresegne om råstoffutvinning og rekkefølge i opning av områda frå Bø og Sauherad kommunedelplanar.

4.1.7 Næringer

Det er lagt til rette for to nye område til næringsføremål på totalt 23 daa. Dei nye områda er

- Hørte, 10 daa, (innspelsnr 38) endra frå LNF (barskog/hogst)
- Brenna, 13 daa, (innspelsnr 42), endra frå LNF (dyrka mark og planteskule)

Følgjande område er gjort om til LNF:

- Delar av Rotebergmoen, N13 i kpa Bø, ca. 77 daa omgjort til LNF
- Delar av Brenna (gnr. 191/50) i kpa Sauherad, ca. 24 daa omgjort til LNF
- Lia N15 i Kpa Bø, ca 12 daa omgjort til LNF
- Lien N17 i Kpa Bø, ca 30 daa omgjort til LNF

Totalt sett er omfanget av næringsareal redusert med 120 daa. I tillegg vert eksisterande område for LNF spreidd næring vidareført frå kommuneplanane for Bø og Sauherad. Begge dei nye områda ligg i tilknyting til eksisterande næringsareal. Områda som er tatt ut ligg i hovudsak innanfor fareområde for 200-årsflaum, og er derfor lite eigna for utbygging. Den nye samansettinga av næringsareal gjev ein meir realistisk arealbruk.

Sjølv om talet på næringsareal er redusert i kommuneplanen, vil dette ikkje føre til nokon utfordringar for næringsutviklinga i Midt-Telemark. Det er fleire område med ledig næringsareal i aksjen Brenna- Bø Handelspark – Grivimoen/Rotbergmoen – Hørte.

Utviding av handelsarealet i Bø handelspark vil kunne føre til kapasitetsproblem i krysset Valenvegen – Bøgata (Rv 36). Sidan dette også er hovudtilkomstvegen for næringsareala på Grivimoen og Rotbergmoen så kan det få konsekvensar for transport til og frå desse områda. Tiltak må vurderast i reguleringsplan.

4.1.8 Idrettsanlegg

Det vert lagt til rette for eitt nytt idrettsanlegg: MX-bane ved Rallevegen (innspelsnr 57) på 120 daa. Eksisterande arealbruk er LNF (skog, med høg verdi for friluftsliv). Det er ikkje kjent at ny arealbruk vil påverke dette området eller andre eksisterande idrettsanlegg.

4.1.9 Andre typar bygg og anlegg

Det er lagt til rette for tre nye areal med føremålet andre typar bygg og anlegg. Dette eine er Rallevegen (innspelsnr 32), på 40 daa. Dagens arealbruk er LNF (barskog). Dette området skal leggast til rette for komposteringsanlegg, med tilhøyrande bygningar. Det andre området er eit bryggjeanlegg på Gvarvhølen (innspel nr. 46). Det tredje anlegget er mottaksstasjon for avfall frå hytter, og ligg på Sandamoen (innspel nr. 60). Det er ikkje kjent at ny arealbruk vil påverke desse områda eller andre område som er sett av til andre typar bygg og anlegg.



4.1.10 Bane

Det er lagt opp til eitt nytt område for Bane. Området på 275 daa ligg på Sunde ved Nordagutu og skal nyttast til tømmerterminal. Dagens arealbruk er LNF og næring. Den nye tømmerterminalen vil erstatte dagens tømmerterminalar ved stasjonane i Lunde og Bø. Dette vil få positiv verknad for stasjonsområdet, som kan disponerast til andre føremål. Den nye terminalen vil også vere ei viktig tilrettelegging for skogbruksnæringa i ein større region. Ny arealbruk vil i liten grad få konsekvensar for baneføremålet.

4.2 Samla verknad etter utgreiingstema

Dette kapittelet oppsummerer konsekvensane for ny arealbruk som er tatt inn i planen og viser til korleis konsekvensane kan sikrast i føresegner og plankart. Det er ikkje vurdert samla verknad av dei innspelsområda som ikkje er tatt inn i planen.

4.2.1 Ureining og støy

Kommuneplanen opnar for eitt nytt støyfølsamt føremål innanfor eksisterande støysoner. Det gjeld fritidsbustader i Slåttedalen, som ligg i tilknyting til støysonene langs bilveg. Området er tilpassa slik at det berre i liten grad råkar støysona.

Fleire av dei nye føremåla genererer meir støy. Det gjeld:

- Bustadområdet a i Breisås og Ødegårdsfeltet vil kunne føre til auka støy langs tilkomstvegen. Det er særleg sårbart for Breisås, der tilkomstvegen gjeng gjennom eit større bustadområde. Dei nye arealføremåla er ikkje særleg utsette for støy.
- MX-banen ved Rallevegen - tiltaket vil føre til meir motorstøy for ei hytte og friluftsområdet på Folkestadåsen.
- Tømmerterminalen på Sunde vil generere meir støy, som vil råke to gardar i nærleiken og bustader ved Nordagutuvegen. Konsekvensutgreiinga vurderer likevel at støytilhøva vert betre samanlikna med dagens bruk av tømmerterminalar i sentrum.
- Masseuttak i Folkestadåsen og Vårbusvingen er støyande bedrifter, men det er relativt få sårbare funksjonar som vert råka. For Vårbusvingen kan støy, støv og auka trafikk få konsekvensar for nokre fritidsbustader i Vårbuåsen.
- Konsekvensane for støy i næringsområdet for Hørte er avhengig av korleis området vert brukt. Auka tungtrafikk eller støyande verksemder vil kunne få konsekvensar for bustader og turområde i nærleiken.

Konsekvensane for ureining er låge eller delvis negative.

Det einaste nye arealføremålet som er vurdert som einsidig negativ for ureining er massetaket i Vårbusvingen (innspelsnr. 36), som kan råke den sårbare resipienten Juvsåa. Komposteringsanlegget i Rallevegen (innspelsnr. 32) kan også føre til risiko for avrenning til vassdrag (Hørteelva) og lukt. For komposteringsanlegget må det bli gitt nytt utsleppsløyve, som vil fange opp tiltak og risiko.

Næringsareala som er tatt ut ligg langs den trafikkerte rv. 36 og ville nok ikkje hatt stor påverknad på støybildet i området. For bustadene unngår ein trafikkstøy som køyring til og frå bustadene ville ført til.



For å redusere konflikt med støy bør føreseggnene vise til gjeldande støyretningslinje og sette krav om støyreduserende tiltak i byggjesøknader og reguleringsplanlegging. Kartlagde støysoner bør visast som faresone i plankartet, med føresegner som regulerer bruken av støysonene.

Føreseggnene bør sikre at avrenning til vassdrag vert tilfredsstillende sikra i reguleringsplanar.

4.2.2 Jordvern og jordressursar

Nye byggeområde beslaglegg totalt 6 daa dyrka mark på Brenna og 22 daa dyrkbar mark (Ødegårdfeltet nr. 7, Hørte nr. 38 og Sisjord nr. 59 og Sandamoen nr. 60). I tillegg kjem dyrka eller dyrkbar mark som vil bli beslaglagt i samband med etablering av tømmerterminalen på Sunde. Omfanget er avhengig av val av tilkomstveg og plassering av terminal. Dei 6 daa dyrka mark på Brenna ligg inneklemt mellom eit eksisterande næringsområde og rv 36.

Fleire av utbyggingsområda som er tatt ut av planforslaget hadde konflikt med dyrka mark, og vert tilbakeført til LNF. Totalt er ca 120 daa dyrka mark tilbakeført til LNF (Brenna, Lia, Lien, Rotebergmoen, Liagrenda), i tillegg til dyrkbar mark.

Avbøtande tiltak: Føreseggnene bør sette krav om at landbruksbygg i LNF-område ikkje skal tillatast på dyrka mark. Det bør også settast krav til gjenbruk av matjord dersom den vert omdisponert.

I sum vil kommuneplanen ha ein positiv konsekvens for den dyrka og dyrkbare marka.

4.2.3 Naturmangfold

Eit utbyggingsområde får store konsekvensar for kjente naturverdiar. Det gjeld endringa av arealføremålet for Haukvik (nr. 58), der det er lagt til rette for bustader i område med A-verdi og B-verdi.

I andre utbyggingsområde kjenner me ikkje til omfanget av naturverdiar, men det er vurdert at det kan vere eit potensiale. Dette gjeld særleg områda med gamal skog (hogstklasse 5) og lausmasser som vender mot sola. Desse har potensiell verdi som habitat for insekt.

Naturmangfaldskartleggingar må følgjast særleg opp i dette området:

- Tømmerterminalen (nr. 29): Gamle jernbanemiljø kan utgjere verdifulle biotopar for visse artar, vekster og insekt.

Områda som er vurdert å ikkje ha særleg høg verdi for naturmangfold er Breisås, Ødegårdsfeltet, Skjelbred, Folkestadåsen, Hørte, MX-banen og Liagrenda.

Bryggeanlegget på Gvarvhølen ligg på eit veldig smalt punkt i elva, og kan få konsekvensar for vaksenfisk (laks og storauge) som er på veg opp i elva for å gyte. Elvemuslingsbestanden i Bø-/Gvarvelva er avhengig av laks som vertsfisk. Bryggeanlegget vil kunne redusere oppvekstområdet for småfisk.

Føreseggnene bør sette krav om naturmangfaldskartleggingar i reguleringsplan og byggesaker der det ikkje er gjennomført, og presisere kravet under jernbaneføremål.

4.2.4 Vass- og lausmasseressursar

Tre nye arealføremål (Rallevegen nr. 32, Hørte nr. 38 og Brenna nr. 42.) ligg i område som kan ha eit potensiale for grunnvatn. Både Hørte og Brenna vil ha tilknytingsplikt til offentleg



vassnett. Tiltak for å unngå ureining kan sikrast i reguleringsplanar. Forureining av grunnvatn frå Rallevegen vil også handsamast i utsleppsløyve.

Massetaket i Folkestadåsen ligg i eit ressursområdet for pukk. Det er såleis eit eigna område for uttak av masse.

4.2.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er berre registrert kulturminneverdiar i to område: Breisås (nr 1) og Evju bygdetun (nr. 45). På Breisås er det to kulturminne med uavklart vernestatus innanfor området. På Evju bygdetun er det fleire registrerte kulturminne, noko som er naturleg på eit bygdetun.

Kulturminna er sikra gjennom lov om kulturminne. Føresegnene treng ikkje sette krav om kulturminneutgreiingar, men bør sikre at regional kulturminneforvalting vert involvert ved planlegging av tiltak.

4.2.6 Landskap og byrom

Fleire arealføremål har delvis negativ verknad for landskap. Tømmerterminalen på Sunde (nr. 29) vil føre til det største landskapsinngrepet, noko avhengig av om det nordlege eller sørlege alternativet vert valt. Inngrepet vil likevel ikkje vere eksponert mot viktige utfartsområde.

Bustadene på Breisås (nr 1), komposteringsanlegget i Rallevegen (nr 32), massetaket i Vårbusvingen (nr. 36) og næringsområdet på Hørte (nr. 38) vil føre til dei synlegaste landskapsinngrepa. Fleire av områda er eksponerte mot friluftsområde. Liagrenda (nr. 56) er eksponert mot Norsjø.

Massetaket i Folkestadåsen (nr. 33), fritidsbustadene på Skjelbreid (nr. 31) og MX-banen (nr. 16) vil kunne føre til landskapsinngrep, men vil vere lite eksponert mot sårbare område.

Omsynet til landskap må sikrast i reguleringsplanar og byggjesaker. Dette bør kome fram av føresegnene til kommuneplanen. Område med særlege verdiar for kulturlandskapet bør sikrast med omsynssone i plankartet.

4.2.7 Grønstruktur og friluftsliv

Fem område gjev einsidig negativ konsekvens for grønstruktur og friluftsliv. Det gjeld Breisås (nr. 1), Folkestadåsen (nr. 33) og MX-banen på Rallevegen (nr. 57), komposteringsanlegget i Rallevegen (nr. 32) og bryggeanlegget på Gvarvhølen (nr. 46). Utbygging i desse områda ligg i svært viktig friluftsområde (A-verdi).

Det er særleg friluftsområda på Breisås og i Folkestadåsen som vert påverka av den nye arealbruken. I Folkestadåsen er det tre føremål som påverkar friluftsverdiane: Masseuttak i Folkestadåsen (nr 33), MX-banen (nr 57) og komposteringsanlegget i Rallevegen (nr 32) ligg i direkte konflikt med friluftsliv. Desse kan påverke friluftsområde med redusert areal for friluftsliv, støy og lukt. Ei regulering av MX-banen kan samstundes gje ei opning for etablering av parkeringsplassar og betre tilkomsten til friluftslivsområdet. Dette bør sikrast i føresegnene.

Bryggeanlegget på Gvarvhølen (nr. 46) ligg på ein sentral strekning for samanhengande tursti. Ei utbygging vil kunne auke privatiseringa av strandsona, men dersom det blir



gjennomført på ein god måte vil det også kunne betre tilkomsten for ålmenta. Det bør derfor settast krav til allmenn tilgang, og gjerne rekkefølgjekrav som sikrar opparbeiding.

I tillegg vil tømmerterminalen (nr. 29) og Hørte (nr. 38) føre til redusert friluftsområde. I Liagrenda (nr. 56) er det registrert ein akebakke.

Føresegnene må sikre at friluftsverdiar vert tatt vare på. Plankartet må vise omsynssoner for viktige friluftsområde. Føresegnene bør også sikre at utbygging og planlegging prioriterer gode tilkomstar til friluftsområde frå bustadområde og andre utgangspunkt.

4.2.8 Energiproduksjon

Nye arealføremål har ingen vesentlege konsekvensar for energiproduksjon. Det er vurdert at dei fleste områda har potensiale for alternative energiformer som solcellepanel og/eller energibrønnar. Føresegnene bør leggje opp til at alternative energiformer vert vurdert i reguleringsplanar.

4.2.9 Klimagassutslepp

Konsekvensane for klimautslepp kan delast i to: Utslepp som følgje av omdisponering av areal og utslepp som følgje av den nye bruken av areala. Omdisponering av areal frå skog til utbygging har stort konsekvens for klimagassutslepp. Desse er:

- Ødegårdsfeltet 18 daa (bustad) og Breisås 80 daa (som er ute av planen, og derfor ikkje med i utrekninga).
- Slåttedalen 32 daa (fritidsbustad) Innspelet omfatta myrområde, men området med myr er ikkje lagt inn i planen.
- Tømmerterminalen (bane) – området dekker stort areal for å sikre ulike alternative løysingar som skal avklarast i reguleringsplan. Arealet i kommuneplanen er derfor kunstig stort.
- Skjelbreid 43 daa (fritids- og turistføremål)
- Rallevegen 27 daa (annan type bygg og anlegg)
- Folkestadåsen og Vårbusvingen (råstoffutvinning)
- Hørte 10 daa (næring)
- MX-banen 120 daa (idrettsanlegg) – store delar av området vil ikkje bli bygd ned.
- Haukvik, 21 daa (bustad) 770 tonn CO₂-ekvivalentar
- Sandamoen, 0,5 daa – 20 tonn CO₂-ekvivalentar

Dersom alle områda vert fullt omdisponert frå skog til utbyggingsføremål, vil det føre til eit netto utslepp tilsvarande 11 000 tonn CO₂-ekvivalentar etter 20 år (Miljødirektoratets metode for å beregne klimatiltak). Det er svært stor usikkerheit i tala, mellom anna vil fleire av områda ikkje byggast heilt ut. Andre område vil kunne revereast når anleggsperioden er over.

Følgjande område er tatt ut av planen og vil halde fram med å vere utmark/skog eller dyrka mark:

- Bustader (Skåråfjellia, Gullhaug, Årnes, Liagrenda, Lihegna, Breskelia og Bergenåsen) totalt 475 daa
- Næringsområde (del av N13 Rotbergmoen (39 daa dyrka mark), delar av 39 Brenna (22daa dyrka mark), N15 Lia (10 daa dyrka mark), N17 Lien (25 daa dyrka mark)), totalt 96 daa.



Ved å ikkje bygge ut desse områda bind det i overkant av 2 000 tonn CO₂-ekvivalentar etter 20 år. Dersom områda hadde blitt fullt utbygd ville dei ført til eit utslepp på ca. 16 700 tonn CO₂-ekvivalentar etter 20 år. Tilbakeføringa til LNF har såleis spart klimaet for omlag 18 700 tonn CO₂-ekvivalentar.

Totalt sett fører kommuneplanen til ein positivt effekt på klimautslepp når det gjeld arealbruksendringar. Dersom ein legg til grunn at full utbygging ville skjedd i dei utbyggingsområda som er tekne ut, fører planen til ein reduksjon på i underkant av 8000 tonn CO₂ ekvivalentar.

Reelt sett er nok talet noko lågare, sidan ein del av dei utbyggingsføremåla som er tekne ut truleg ikkje ville blitt realisert. Klimagassutsleppa er rekna ut med ein veldig generell metode, så tala må lesast som ein peikepinn på kva retning arealbruken gjev, i staden for ein fasit for utslepp.

Bruken av områda påverkar også klimautsleppa. Sjølv om Ødegårdfeltet ligg i sykkelavstand til skule, må ein rekne med at dei fleste turane vert bilbasert, både for Ødegårdfeltet og Breisås. For bruken av fritidsbustader er reisene i hovudsak knytt til transport til og frå hytta, og mindre transport i løpet av dagen samanlikna med bustader. Nye næringsområde og område for råstoffutvinning vil kunne føre til auka tungtransport, noko som fører til auka klimautslepp. Dei nye områda er lokalisert i samsvar med ABC-prinsippet.

Kor store utsleppa frå ny transport vert er avhengig av dei ulike turane som arealføremåla genererer og utviklinga av bilparken. Etterkvart som bilparken (og MX-krossarane) vert fornya med meir reintkøyrande køyretøy og auka grad av elbil vil utsleppa av klimagassar frå transport gå ned.

Den nye tømmerterminalen vil få større kapasitet enn dagens tømmerterminalar. Det betyr at tiltaket legg til rette for at meir tømmer vil kunne fraktast på bane framfor på bil.

Alle reguleringsplanar bør vise eit klimarekneskap for arealendringane og arealbruken, og vise tiltak for å leggje til rette for lågast mogleg klimagassutslepp i arealbruk, bygningar, transport og anleggsfase. Føresegnerne må sikre at myr ikkje skal omdisponerast. Det må også sikrast gode og attraktive transportvegar for mjuke trafikantar frå bustadområde til målpunkt som butikk, leikeplass, sentrum, skule og kollektivhaldeplass. Føresegnerne bør sikre den nødvendige infrastrukturen for elbilar (t.d. ladepunkt) og mjuke trafikantar. Revegtering av massetak og andre areal som gjeng ut av drift må også sikrast vert gjennomført.

4.2.10 Transportbehov og trafikktrykkleik

Dei arealføremåla som har størst auke i trafikkbehovet er nye utbyggingsområde for bustad og opning for detaljhandel i Bø handelspark.

Etablering av detaljhandel i Bø handelspark vil føre til eit større handelstyngdepunkt utanfor sentrum. Dermed vil Bø ha to tyngdepunkt for handel utan gangavstand mellom.

Bustadfelta Breisås og Ødegårdsfeltet vil begge føre til eit auka trafikkbehov. Terrenget og avstanden til skule og barnehage tilseier at fleire av turane vil bli køyrd med bil, sjølv om sykkel (og buss i Breisås) også vil vere eit aktuelt transportmiddel.

Fritidsbustader og MX-banen genererer også bilbruk. Her er det ikkje tilrettelagt for kollektivtransport.



Lokaliseringa av tømmerterminal ligg sentralt plassert med tanke på skogsområda der tømmertransportane kjem i frå. Dette vil truleg ha positiv effekt for det totale transportbehovet. Trafikktryggleiken lokalt er avhengig av kva tilkomstveg som vert valt.

Utviding av eksisterande næringsføremål vil i dei fleste tilfelle ikkje endre transportbehovet. Unntaket er Hørte, der ein må vente ein auka transport av semitrailerar, i eit område som alt er utfordrande. Ein kan også vente meir tungtransport på Rallevegen og til Vårbusvingen.

Føresegnene må, som nemnt under 4.2.9 klimagassutslepp sikre at det er trygge gangvegar mellom bustadområde og andre målpunkt. Reguleringsplanar bør avklare transportbehovet og aktuelle tiltak som både sikrar trafikktryggleik, parkeringskapasitet og korleis mjuke trafikantar kan prioritertast.

4.2.11 Teknisk infrastruktur

Dei utbyggingsområda som gjev dei største konsekvensane for teknisk infrastruktur er:

- Breisås: Det er behov for trykkforsterking for vassforsyning. Kapasiteten på veggtilkomsten over Borgjabrua må vurderast, og det er behov for ein beredskapsveg inn i bustadområdet på Breisås. Breisås er tatt ut av planen, og dette er derfor ikkje ei problemstilling lenger.
- MX-bane Rallevegen: Det er behov for eit separat VA-anlegg, og straumtilførsel.
- Tømmerterminalen på Sunde: Nye tilkomstvegar må avklarast i den vidare prosessen. Tiltaket kan få konsekvensar for høgspent.
- Haukvik: Dagens tilkomstveg Liagrendvegen er smal og därleg. Reguleringsplan må sikre at ny tilkomstveg blir bygd. Eksisterande VA-nett må forlengast, og det kan vere behov for etablering av pumping. Det er heller ikkje sikkert at det er nok kapaistet på vassnettet for sløkkevatn.

Alle desse løysingane må sikrast i reguleringsplanprosessar. For Ødegårdsfeltet bør reguleringsplanen også vurdere om det er behov for trykkaukestasjon og eigen snarveg. Behovet for teknisk infrastruktur ved tømmerterminalen er avhengig av kva løysingar som vert valt, og må derfor avklarast i reguleringsplan. Føresegnene må sikre rekkefølgjekrav for etablering av teknisk infrastruktur før tiltak kan takast i bruk.

4.2.12 Sosial infrastruktur

Sosial infrastruktur vert i liten grad påverka av planforslaget. To nye bustadområde vil føre til auka elevtal på skulane i Bø og Gvarv.

4.2.13 Folkehelse og universell utforming

Enkelte område kan føre til nedbygging av turterren, eller redusert tilgang. Dette gjeld mellom anna bustadområdet på Breisås, der dei nye bustadene vil ha kort tilgang til turområde, men friluftsarealet på Breisås vert redusert og tilkomsten til nærturterren for dei eksisterande bustadene på Breisås vil bli därlegare.

Rallevegen, Folkestadåsen, Hørte og MX-banen kan også få konsekvensar for tilkomsten, kvaliteten og bruken av registrerte viktige friluftslivsområde. Det gjeld både i form av støy, lukt og omdisponering av arealføremåla.

Andre område kan føre til ein betra tilkomst for friluftsliv og bruken av nærturterren. Det gjeld mellom anna Ødegårdsfeltet. MX-banen kan også ha eit potensiale for å betre tilkomsten til friluftslivsområde.



Registrerte friluftsområde bør visast i plankart med omsynssone, med retningslinjer for korleis tiltak og bruk skal sikre rekreasjonsverdien. Reguleringsplanar bør sikre at særleg bustadføremål, men også andre føremål der folk oppheld seg (sentrum, offentleg og privat tenesteyting m.m) har god tilkomst til nærturterrenge. Føresegnerne bør sikre at omsynet til universell utforming vert sikra i reguleringsplanar og byggjesak.

4.2.14 Bumiljø og oppvekstvilkår

Det området som har størst konsekvensar for oppvekstvilkår er Breisås, der utbygging kan øydelegge eit etablert nærturterring og det må sikrast trygg tilkomst til kvartalsleikeplass. I Liagrenda vil eit området brukt til akebakke kunne bli omdisponert. Ødegårdsfeltet har gode forutsetningar for godt bumiljø og oppvekstvilkår, både med tanke på soltilhøve og tilgang til nærturterring. Bryggeanlegget på Gvarvhølen ligg rett ved sida av ein badepass. Avhengig av løysingar vil bryggeanlegget kunne føre til auka privatisering av strandsona, men det kan også bli gjort tilgjengeleg og ope for barn og unge.

Dei andre nye arealføremåla påverkar truleg i liten grad bumiljø og oppvekstvilkår. Dei fleste næringsområda ligg ikkje i tilknyting til bustadområde eller målpunkt som er spesielt attraktive for barn.

MX-banen ved Rallevegen kan gje ei betra tilbod for barn og unge innanfor denne idretten.

I reguleringsplanar for bustadområde og sentrumsområde må nok leikeareal med gode kvalitetar og trygg tilkomst sikrast. Det må også sikrast gode uteoppphaldsareal og tilkomst til friluftsområde og andre utmarksområde som attraktive for alle aldersgrupper.

Reguleringsplanar bør omtale korleis utbygginga er tilrettelagt for eit godt bumiljø.

4.2.15 Samfunnstryggleik og beredskap

Dei alvorlegaste konsekvensane for dei nye utbyggingsområda er:

- To område ligg innanfor faresone eller aktsemdsområde. Det gjeld Vårbusvingen (aktsemdsområde for jord- og flaumskred og steinsprang) og Liagrenda (eit lite område er innanfor faresone for flaum).
- Breisås manglar ein beredskapsveg dersom dagens tilkomstveg skulle bli stengt.
- Liagrendvegen til Norsjø ferieland og Haukvik har tidvis vanskeleg framkomst. Norsjø Ferieland og Haukvik har heller ingen beredskapsveg.
- Endringar i straumforhold på Gvarvhølen kan påverke erosjonstilhøva lenger ned i elva. Dersom elvetverrsnittet blir endra, kan det auke erosjonen i elvebotnen.

Enkelte område ligg under marin grense utan at det er kartlagt risiko for kvikkleire. Det gjeld Ødegårdsfeltet, tømmerterminalen, Hørte, Brenna, Evju bygdetun, Gvarvhølen og Liagrenda. Føresegnerne må sikre at desse områda vert kartlagde. All utbygging i område med fare for flaum og ras skal sikrast etter gjeldande reglar i byggteknisk forskrift (TEK17 kap 7).

Plankartet bør vise fareområde for flaum og skred, både kartlagde og aktsemdsområda der naturfarene ikkje er kartlagde. Det bør stillast føresegner om korleis tryggleiken best mogleg kan sikrast innanfor planområda.

Føresegnerne må sikre rekkefølgjekrav om at beredskapsveg for Breisås må vere klar før nye bustader kan takast i bruk.



4.2.16 Kommuneøkonomi

Nye utbyggingsområde som vil kunne få konsekvensar for kommuneøkonomien er:

- Breisås: Ein ny beredskapsveg bør etablerast, der driftsansvar og vedlikehald vil kunne bli eit kommunalt ansvar. Utbygging av Breisås vil også kunne føre til behov for kapasitetsutviding av skule og skuleskyss. Avstanden til skulen gjer at 1. klassingar vil ha rett på skuleskyss.
- Ødegårdfeltet: Avstand til skulen gjer at 1. klassingar vil ha rett på skuleskyss
- Rallevegen og Hørte: Ei trafikkauke vil kunne føre til auka driftskostnader og etterspørsel etter trafikksikringstiltak for dei kommunale vegane
- Liagrenda: Kommunen vil sannsynlegvis måtte bidra i eit spleiselag for å få etablert ny kommunal tilkomstveg til Liagrenda

Fleire av områda som er tatt ut av planen ville ført til behov for investeringar i mellom anna gang- og sykkelveg, infrastruktur og skuleskyss.

4.3 Samla ROS-analyse

Vurderinga i denne ROS-analysen tar utgangspunkt i hendingane i overordna ROS-analyse for Midt-Telemark kommune (2019). I dette kapittelet vert det vurdert kva tiltak som kan gjerast i kommuneplanens arealdel for å redusere risikoen for hendingane. Tiltak knytt til enkeltområde er vurdert i samband med konsekvensutgreiinga og er oppsummert i Tabell 4-3.

Tabell 4-3 Oppsummering av ROS-analyse for enkeltområde

	Forhold som kartleggast	Relevant for omr.	Forklaring
Naturrisiko			
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Kan området vere utsett for snø- eller steinskred? Kan området vere geoteknisk ustabilt? Fare for utgliding/setningar på tilgrensande omr. med masseutskifting, varig eller midlertidig senking av grunnvatn?	7, 29, 30, 36, 38, 42, 45, 46, 56, 58, 59	Skredaktsemdosområde og/eller fareområde i heile eller delar av området. Heile eller delar av området ligg under marin grense. Kartlagt kvikkleirerisiko i heile eller delar av området
Flaum/storflaum	Kan området vere utsett for flaum i sjø/elv/bekk? Kan drenering føre til flaum i nedre områder?	1, 42, 45, 46, 56	Utbygging i Breisås (1) kan gje auka utfordringar med vatn i eksisterande bustadfelt. Flaumsone eller aktsemdosområde for flaum i delar av eller heile området. Indikasjonar på at overvatn kan bli problematisk i området.
Ekstremvêr	Kan området vera ekstra eksponert for aukande vind/ekstremnedbør?		Ekstremvêr kan forsterke andre hendingar. Skred kan skje på stader der det ikkje har skjedd før.
Skog/lyngbrann	Kan området vera eksponert for skog eller lyngbrann?	1, 2, 7, 22, 29, 31, 32, 56, 58	Alle område som ligg i tilknyting til utmark. Føremål som legg til rette for opphold eller store materielle verdiar er ekstra sårbarer.
Regulerte vatn	Er det opne vatn i nærleiken, med fare for usikker is?		Relevant for alle bustad- og fritidsbustad i nærleiken av regulerte vassdrag.



	Forhold som kartleggast	Relevant for omr.	Forklaring
Terreng-formasjonar	Finst terrengformasjonar som utgjer <i>spesiell fare</i> ? (stup m.m.)	33	Relevant for alle bustad- og fritidsbustader i bratt eller kupert terrenge. Relevant for masseuttag (t.d. ved turområde)
Samfunnsikkerheit			
Bortfall av kritisk infrastruktur	Finst det faktorar i og ved området som gir auka risiko for bortfall av elektrisitet, data, vassforsyning, renovasjon, spillvatn. Vegar, bruer og tunellar (særleg der det ikkje er alt. tilkomst). Er tiltaket ekstra sårbart for bortfall av kritisk infrastruktur?	1, 30, 56, 58	Ved ulukke som krev stenging av Borgjabrua, vil utrykkingskøyretøy ikkje ha tilkomst til Breisås (1). Herremo (30) ligg i nærleiken av drikkevasskjelde. Tiltak i dette området kan potensielt påverke framtidig vassforsyning. I høgsesong for Norsjø ferieland (56 og 58) kan Liagrendvn i praksis bli sperra for utrykkingskøyretøy pga køar av campingbilar, ingen beredskapsveg dersom Liagrendvn ikkje kan nyttast.
Høgspent/ energiforsyning	Vil tiltaket endre (svekka) forsyningssikkerheita i området?	29, 30	Ingen av innspelsområda utgjer nokon risiko for energiforsyning i området.
Skule, barnehage, helseinst., naud- og redningsstenester	Vil tiltaket endra (svekka) brann- og redningstenester i området? Har området berre ei mogleg tilkomstrute for brannbil?		Tenester som skule, barnehage, helseinstitusjonar, naud- og redningstenester er ikkje lok. i området, eller vert direkte påverka av foremålsendringane.
Terror og sabotasje	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje/terrormål? Er det terrormål i nærleiken?		
Trafikk			
Ulykkespunkt	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	36, 42, 56	Fleire reg. ulykker på fv 3332 ved Vårbusvingen (36). Ein del reg. trafikkulykker på rv.36 mellom Bø og Gvarv. Brenna (42) ligg intntil rv.36. Ei ulykke reg. ved Norsjø ferieland (56).
Farleg gods	Er det transport av farleg gods gjennom området? Fylling/tømming av farleg gods i området?		
Trafikkulykke	Er det spesielle farar for gåande, syklande og køyrande (krysning av veg, därleg sikt, komplisert trafikkbilde, lite lys, høg fart)? Til barnehage, skule, idretts- og nærmiljøanlegg, forretningar, busstopp	1, 7, 32, 33, 38, 58, 59	Ved utbygging av Breisås (1) er det risiko for trafikkulukker knytt til krysning av tilkomstveg ved leikeplass og krysning av Venåsvn ved Eventyrskogen. Ødegårdsfeltet (7) manglar fortau langs delar av skuleveg. Auka tungtrafikk ved Rallevn (32). Næringsområde ved Hørte (38) aukar tungtrafikk på Sætrevn der det ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikanter. Trafikkbiletet i Liagrendvegen er komplisert i sommarsessongen (58)
Ulykker i nærliggande transportårer	Vil utilsikta hendingar som på nærliggande transportårer utgjere risiko for området? Veg, bane, vatn, i lufta?		
Verksemdsrisiko			
Tidlegare bruk	Er omr. Forureina/påverka av tidlegare verksem? Industri, avfallsdep.? Militære anlegg,		



	Forhold som kartleggast	Relevant for omr.	Forklaring for omr.
	fjellanlegg, piggtrådsperring, gruver, sjakter, steintippar? Landbruk/gartneri?		
Verksemder med fare for brann og eksplosjon	Er det verksemder i nærliken som kan medføre ein fare? Vil tiltaket auke fare for brann og eksplosjon?	33, 36, 38	Parkeringsplass for laustraller på Hørte (38) kan auke fare for brann og eksplosjon. Utviding av eksisterande massetak på Folkestadåsen (33) og Vårbusvingen (36) vil medføre sprengingsarbeid.
Verksemder med fare for kjemikalie- utslepp eller anna akutt forureining	Er det verksemder i nærliken som kan medføre ein fare for kjemikalieutslepp eller anna forureining? Vil tiltaket auke fare for brann og eksplosjon?	30	Ureining frå næringsområde på Herremo (30) kan føre til ureining av framtidige drikkevassbrønnar
Høgspent	Går det høgspentmaster eller jordkabler gjennom området?	22, 29, 30	

4.3.1 Lengre straumstans

Sannsyn: A (lågast) -E (høgast)	Middels (C): Ein gong i løpet av 50-100 år
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	Små (1): 1-2 skadde, 0 døde, manglande varme i under 24t, over 1000 pers. råka. Følgjekonsekvensar kan vere utfordringar med vassforsyning og utfordringar for drifta av helsetenester, skular, betalingsterminalar m.m.

Relevans for kommuneplanens arealdel

Årsakene til straumstans er i hovudsak brot på høgspentlinjer som følge av sterk vind, store snømengder, lynnedsdag eller skred. Teknisk feil eller brann kan også føre til straumstans. Gjennom kommuneplanens arealdel kan ein påverke arealbruken langs straumlinjene og sikring av at straumlinjer vert tatt omsyn til i vidare planlegging og byggesakshandsaming. Sjølv planlegginga av sentral- og regionalnettet er unntake plan- og bygningslova.

Tiltak i kommuneplanens arealdel

Plankart	Føresegner	Andre tilrådingar
Plankartet bør vise omsynssone H370 for høgspentlinjer for nasjonalt og regionalt distribusjonsnett i luft og tekniske bygningar (transformatorstasjonar m.m.)	Føresegnerne bør sikre at bygningar som vert etablert innanfor omsynssona må vere i forskrifts- messig avstand til kraftleidningane.	Ved tilrettelegging av nye utbyggingsområde bør kraftleidningar leggast i bakken

4.3.2 Kvikkleireskred

Sannsyn: A (lågast) -E (høgast)	Middels (C): 1 gong pr. 50-100 år. 8 omkomne, 3-5 skadde
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	Høg (4): Potensielt omkomne og skadde personar. Tap av teknisk infrastruktur og økonomisk kostnad på ca 100 mill kr i gjenoppbygging.

Relevans for kommuneplanens arealdel

Kvikkleire kan finnast i grunnen i alle område under marin grense. Det er gjennomført ei kartlegging av kvikkleireområde, men alle område under marin grense med lausmasser kan i teorien ha kvikkleire i grunnen. TEK17 set krav om sikkerheit mot naturpåkjenningar i samband med byggjesaker. Kommuneplanen kan styre arealbruken for å unngå at det vert gjort tiltak i dei utsette områda, og sette krav til dokumentasjon og kartlegging i dei områda der det kan vere ein risiko for kvikkleireskred. Tiltak som ikkje er



søknadspliktige (t.d. grøfting) kan vanskeleg fangast opp i arealdelen. Tiltak i skredutsette område er underlagt føringane i TEK17, kapittel 7-3 *Sikkerhet mot skred*

Tiltak i kommuneplanens arealdel

Plankart	Føresegner
Viser kartlagde faresoner for kvikkleire som fareområde for skred eller som eige temakart. Areal under marin grense kan visast som aktsemgsområde for kvikkleire i kommuneplanen eller i eige temakart. Det må ikke leggjast til rette for spreidd utbygging i område med kartlagde kvikkleireførekommstar.	Dersom det vert laga eit eige temakart for fare- og aktsemgsområde så må føresegne sikre at temakartet er juridisk bindande. Tiltak utan reguleringsplan skal ikkje kunne føre til risiko for å utløyse eller bli råka av kvikkleireskred. Det bør settast krav om at reguleringsplanar for bygningar eller konstruksjonar i aktsemgsområde skal dokumentere at tiltaket ikkje vil vere utsett for naturfare og er tilstrekkeleg sikra. Det må leggjast ved geoteknisk dokumentasjon på områdestabilitet. Føresegne må sette krav om at for utbygging innanfor faresone eller aktsemgsområde for skred (under marin grense) skal tryggleiken dokumenterast av fagperson/-miljø med geoteknisk kompetanse.

4.3.3 Større skogbrann

Sannsyn: A (lågast) -E (høgast)	Middels (C): 1 gong pr. 50-100 år.	
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	Små (1): Konsekvensane er vurdert til å vera svært avgrensa, utover sjølve brannen og utfordringar med sløkkearbeid.	
Relevans for kommuneplanens arealdel		
Skogbrannar kan oppstå i all utmark. Kommuneplanen er for grovmaska til å ha detaljerte krav til forebyggande tiltak, men dette kan sikrast i reguleringsplanar. Andre relevante tiltak for å redusere sannsynet for skogbrann er god og tydeleg informasjon i periodar der faren for skogbrann er høg, totalforbod mot bålbranning, reglar for drift i skog (bruk av kjettingar, motorsag m.m.). Dette kan ikkje sikrast i kommuneplanens arealdel.		
Tiltak i kommuneplanens arealdel		
Plankart Ingen	Føresegner Føresegne bør sette krav om at vatn skal vere tilrettelagt før utbygging tar til, slik at sløkkevatn vil vere til stades også i anleggsfasen. Krav om at VA-rammeplan i reguleringsplanar også sikrar vatn til brannsløkking. Barrierer for skogbrann bør vurderast i reguleringsplan.	Andre tilrådingar Utbyggingsområde bør ha fleire evakueringssvegar. Det gjeld særleg for Breisås. Opparbeidde og tilrettelagte friluftsområde bør ha opparbeidde bålpassar.

4.3.4 Snøskred på Lifjell

Denne hendinga har overføringsverdi til andre skredhendingar, som steinskred, jordskred og steinsprang.

Sannsyn: A (lågast) -E (høgast)	Stor (D): 1 gong pr. 10-50 år
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	Stor (4) for liv og helse. Ein omkomen, hendinga er belastande for lokalsamfunnet til den omkomne.
Relevans for kommuneplanens arealdel	
Snøskred kan utløysast i terregn brattare enn 27 grader, men utløpsområdet til skredet kan vere i slakare terregn. Både temperatur, vindretning og snømengde er flyktige faktorar som påverkar faregraden.	



I Midt-Telemark kommune er det ikke gjort eigne skredkartleggingar, så aktsemdskarta må leggast til grunn for arealplanlegging. Kommuneplanens arealdel kan styre arealbruken ved å unngå utbygging i område med skredfare, mellom anna ved å kreve at skredfaren skal avklarast i samband med ny utbygging eller reguleringsplanarbeid i aktsemdsområde. Det er likevel ikke utbygging som er mest utsett for snøskred, men personar på tur eller som kører utanfor preparerte løyper i skianlegg. Preparerte skiløyper (t.d. ljosløyper) som er vist som t.d. idrettsanlegg i kommuneplanens arealdel kan leggast utanfor skredfarleg terren. Andre skiløyper som vert preparert for ålmenta av kommunen eller ein organisasjon, er verken søknadspliktig i plan- og bygningslova eller forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark. Her har kommunen få heimlar til å hindre køyring i skredfarleg terren. Tiltak i skredutsette område er underlagt TEK17, kap 7-3 *Sikkerhet mot skred*.

Tiltak i kommuneplanens arealdel

Plankart	Føresegner
I plankartet bør det ikke leggast til rette for utbyggingsområde eller spreidd utbygging innanfor aktsemdsområde. Aktsemdsområde for snøskred må visast i plankartet som fareområde skred, eller som eige temakart.	Dersom det vert laga eit eige temakart for fare- og aktsemdsområde så må føresegnehene sikre at temakartet er juridisk bindande. Føresegnehene må sikre at tiltak utan tilfredsstillande ROS-analyse skal dokumentere at det ikke er utsett for ras. Risiko for snøskred må kartleggast i samband med byggjesak eller reguleringsplan i aktsemdsområde for snøskred. Føresegnehene kan sette krav til kompetanse hos dei som skal utgreie skredfare i planar eller søker nader etter plan- og bygningslova. Reguleringsplanar som ikke har tilfredsstillande ROS-analyse bør avklare omsyn til risiko før byggjesøknad kan vurderast

4.3.5 Ekstrem vind og nedbør

Denne hendinga har samanheng med hendinga flaum i Bøelva.

Sannsyn: A (lågast) - E (høgast)	Middels (C): Ein gong i løpet av 50-100 år.
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	Svært små til små (1- 2). Ingen dødsfall, færre enn 5 skadde, færre enn 50 pers. manglar dekning av grunnleggande behov og, færre enn 200 pers. får forstyrningar i dagleglivet. Hus, installasjoner og køyretøy er mest sårbart, både for overvatn og for gjenstandar som flyg i lufta. Hendinga kan gje følgjekonsekvensar for kommunens beredskap og tenester dersom straumen vert borte, vegar vert stengd eller teknisk infrastruktur bryt i hop.

Relevans for kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel kan ikke påverke veret, men arealdelen kan legge til rette for at dei arealmessige konsekvensane vert så låge som mogleg. Det vil seie å unngå å leggje til rette for utbygging i nærleiken av vassdrag eller straumleidningar, og føresegnehene kan sette krav til overvasshandtering og tilrettelegging av teknisk infrastruktur både i reguleringsplanar og byggjesøknader. Arealføremål og omsynssoner kan brukast til å sikre flaumvegar. Tiltak i flaumutsette område er underlagt TEK17, § 7-2 *Sikkerhet mot flom og stormflo*

Tiltak i kommuneplanens arealdel

Plankart	Føresegner
Plankartet bør vise aktsemdsområde langs høgspent. Plankartet bør vise samanhengande flaumvegar i tettbygde område som omsynssone.	Føresegnehene må avklare arealbruk innanfor aktsemdsområdet for høgspent og sette krav om overvasshandtering som mellom anna sikrar at: <ul style="list-style-type: none"> ○ Kommunens prinsipp for handtering av overvatn vert følt og dokumentert i regulerings- og byggjesaker gjennom VA-rammeplan, som inkluderer overvatn. ○ Naturlege flaumvegar og grunnforhold med naturleg infiltrasjon vert bevart.



Flaumvegar kan også sikrast som grønstruktur. Det bør ikke leggast utbyggingsområde på myr.

- Bygningar og anlegg vert plassert slik at fare for skade vert redusert.
- Rekkefølgjekrav som sikrar at blågrøne strukturar og annan overvasshandtering vert opparbeidd.
- Tretrinnsprinsippet vert lagt til grunn.

Det bør settast ei byggjegrense mot vassdrag. Føresegnerne bør sette krav om at opne strekningar for elver, bekkar, vatn og dammar skal oppretthaldast og kantonene skal haldast inngrepstilfrie. Det bør ikke gjerast tiltak på myr.

4.3.6 Flaum i Bø-/Gvarvelva

Denne hendinga har samanheng med hendinga ekstrem vind og nedbør

Sannsyn: A (lågast) -E (høgast)	Middels (C): Det vil skje i løpet av 0-200 år.
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	Svært små til små (1-2), store for økonomi (4): Ingen omkomne, få eller ingen skader, få personar som vil miste dekning av grunnleggande behov (det vil i så fall vere i eit kort tidsrom), lite forstyrringar av dagleglivet. Skader på hus og næringsbygg langs elva er vurdert som den største konsekvensen.
Relevans for kommuneplanens arealdel	
Kommuneplanen kan styre etablering av utbyggingsområde for å unngå flaumutsette område. Midt-Telemark kommune har kartlagt flaum i Bø-/Gvarvelva med klimapåslag. For dei områda som ikkje er kartlagde kan aktsemdområde for flaum nyttast til å styre arealbruken. Dersom det skal leggast til rette for utbygging i flaumutsette område så bør areal som kan fløymast over (t.d. p-plassar, parkar, leikeareal) plasserast i dei mest utsette områda, og det bør leggast til rette for flaumsikringstiltak. Flaum kan føre til erosjon langs elvebreidda. Dette må avklarast i reguleringsplanar.	
Tiltak i kommuneplanens arealdel	
Plankart Plankartet må vise fareområde for 200-årsflaum og aktsemdområde langs vassdrag som ikkje er kartlagt (H320). Det bør ikkje leggjast til rette for ny arealbruk innanfor flaumsonene. Det bør vurderast om eksisterande flaumutsette utbyggingsområde kan takast ut av plankartet. Særleg utsette elvebreiddar og strandsoner bør ha eit arealføremål som ikkje opnar for utbygging, til dømes grønstruktur.	Føresegner Føresegnerne for faresona må sikre at det ikkje skal etablerast bygningar eller tiltak og installasjonar som kan ta skade av flaum, eller forverre ein flaumsituasjon. Det bør sikrast at utbygging i aktsemdområde utan reguleringsplan skal det dokumenterast at tiltaket ikkje er utsett for flaum. Reguleringsplanar som ikkje har tilfredsstillande risiko- og sårbarheitsanalyse bør avklare omsyn til risiko før byggjesøknad kan vurderast. Det bør stillast krav om at reguleringsplanar med tiltak innanfor aktsemdområde for skred eller flaum skal dokumentere at tiltaket ikkje vil vere utsett for naturfare og vil vere tilstrekkeleg sikra. Det bør settast byggjegrense mot vassdrag. NVE tilrår 20m på kvar side av bekkar og 50-100m på kvar side av elvar. Føresegnerne bør sikre at utgreiningar vert gjennomført av personar med relevant kompetanse.

4.3.7 Persontogulykke i tunell

Sannsyn: A (lågast) -E (høgast)	1 gong pr. 50-100 år.
Konsekvens: 1 (minst) - 5 (størst)	3-5 døde, 6-20 skadde. Små/ingen konsekvensar for dekning av grunnleggande behov og forstyrringar i dagleglivet.
Relevans for kommuneplanens arealdel	



Arealplanen kan i liten grad påverke togdrifta eller banekonstruksjonane, og byggjegrense mot jernbanen er avklart i Jernbanelova. Det finst ulike måtar jernbanelinja vert vist i plankartet for å sikre at jernbane vert tatt omsyn i plansaker. Føresegnerne kan sette krav til utbygging ved jernbanespør.

Tiltak i kommuneplanens arealdel

Plankart	Føresegner
Plankartet kan vise toglinja med føremålet jernbane på heile Bane Nors eidegom, eller som linjesymbol. Det bør leggjast til rette for sikringssone ved tunnelar.	Føresegnerne bør sette krav om at det ikkje er tillate å etablere nye planovergangar over jernbanespør eller legge til rette for auka trafikk over ein etablert planovergang. I slike tilfelle må reguleringsplanen sette rekkekølgjekrav om planfri kryssing. I sikringssona over jernbanetunnelar skal det ikkje kunne utførast tiltak som kan skade tunellen.

5 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innspel

Ved varsel om oppstart av planarbeidet, kom det inn ei rekke innspel om endra arealbruk, i tillegg til innspel om føresegner osb. som ikkje gjeld endring av formål til byggeformål.

Innspel som ikkje gjeld endring av formål til byggeformål er vurdert i kap **Feil! Fant ikke referansekjilden..** I tråd med vedtatt planprogram vart innspel om utbyggingsformål vurdert opp mot arealstrategiane i samfunnsdelen av kommuneplanen i ei grovsiling. I formannskapssak 66/20 vart innspela som var i konflikt med arealstrategiane silt ut (sjå Tabell 5-1). Desse er ikkje omfatta av denne konsekvensutgreiinga.

Tabell 5-1 Innspel som vart silt ut i trinn 1

Nr	Sted	Formål	G/bnr
4	Lihegna	Bustad	19/34
5	Bakås	Bustad	38/8
6	Liheia	Bustad	19/34
8	Nordagutu	Bustad	117/1
9	Rokkemakervegen	Bustad	54/75
10	Mørkholtåsen	Bustad	54/3
11	Gunheim	Bustad	181/5
13	Gunheim	Bustad	180/2
14	Østerliheia	Bustad	18/115
15	Håraldsrå, Lifjell	Fritidsbustad	18/218, 10/10
21	Grostul, Lifjell	Fritidsbustad	18/117
23	Lifjellvegen	Fritidsbustad	18/37
24	Lifjellvegen	Fritidsbustad	18/37
25	Lifjellvegen	Fritidsbustad	18/37
26	Årmotdalen	Fritidsbustad	17/15
37	Brattestå/Liaberga	Næring	191/5
39	Brattestå/Liaberga	Næring	191/12
40	Brattestå/Liaberga	Næring	191/12



I same formannsskapssak vart det vedtatt at kommunedelplan for Lifjell ikkje skal innlemmast i ny arealdel, slik som først planlagt. Innspel som ligg innanfor kommunedelplan for Lifjell har difor ikkje blitt konsekvensutgreidd.

Tabell 5-2 viser alle innspel om endring i arealbruk som gjekk vidare frå grovsilinga og som er vurdert i denne konsekvensutgreiinga.

Tabell 5-2 Oversikt over vurderte innspel

Nr	Sted	Formål	G/bnr	Tilrådd i KUen	I høyringsforslaget	Vedteke av kommunestyret
1	Breisås	Bustad	51/1	Ja, justert	Ja (B26)	Nei
2	Nordbøåsen	Bustad	53/4, 5 og 6	Nei	Nei	Nei
7	Ødegårdsfeltet	Bustad	191/5	Ja	Ja (B25)	Ja
58	Haukvik	Bustad	102/7, 9 og 12	Nei	Ja (B28 og 29)	Ja
59	Sisjord	Bustad	43/6	Nei	Ja (B27)	Ja
22	Slåttedalen	Fritidsbustad	16/9	Ja, justert	Ja (F3)	Ja
28	Bø handelspark	Sentrums-formål	47/274, 343, 349	Ja, justert (FO1)	Ja, justert (S1)	Ja, justert (F01)
29	Sunde, Nordagutu	Baneformål	203/7, 118/1, 118/2, 119/12	Ja	Ja (BA1)	Ja
30	Herremo	Næringer	28/6, 28/6-1	Nei	Nei	Nei
31	Breiva	Fritids- og turistformål	9/501, 9/98, 9/32	Ja	Ja (FT5)	Ja
32	Rallevegen	Andre bygge- og anleggstiltak	1/8	Ja, justert	Ja (A1)	Ja
33	Hellestad sandtak	Råstoff-utvinning	9/2	Ja	Ja (R13)	Ja
36	Vårbusvingen, Lifjell	Råstoff-utvinning	18/29	Ja	Ja (R14)	Ja
38	Hørte	Næringer	188/35	Ja	Ja (N6)	Ja
42	Øya	Næringer	191/29, 30 og 47/35	Ja	Ja (N26)	Ja
45	Evju bygdetun	Off./privat tenesteyting	188/14	Ja, justert	Ja (T1)	Ja
46	Gvarvhølen	Andre bygge- og anleggstiltak	78/284	Nei	Ja (A2)	Ja
56	Norsjø ferieland, Liagrenda	Fritids- og turistformål	104/27	Ja	Ja (FT2)	Ja
57	Rallevegen	Idrettsanlegg	9/57, 82	Ja, justert	Ja (I2)	Ja
60	Sandamoen	Andre bygge- og anleggstiltak	31/4	Ja	Ja (A3)	Ja



5.1 Nr 1 Breisås,

		<p>Område: Breisås Areal: 82 daa Gnr: 51/1 Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Skog Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_4) Innanfor tettstadsgrensa for Bø</p> <p>Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		Trafikk frå 80 nye bustader kan medføre auka støy for eksisterande bustader langs Bordvegen/Venåsvegen. Dette kan gje behov for støydemper tilbak ved desse bustadene. Området er lite utsett for støy, ingen registrerte støykjelder i nærleiken, avstand til jernbane og fv.359 er over 800 m. Ikke registrert forureina grunn i området.
Jordvern og jordress.		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med barskog av lav til middels bonitet. Del av eit større skogsområde. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfold		Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Gulspurv, taksvale og sandsvale er registrert i nærleiken av området. Potensial for naturmangfold: Området består stort sett av bart fjell med noen mindre områder med tynt morenedekke. Terrenget er vendt mot nordvest. Skogen er i hogstklassene 3 og 4. I stor grad fråvær av ståande og liggande døde tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vass- og lausmass.		Det er ingen registrerte vassressursar innanfor området. I bustadfeltet ved Konglevegen er det fleire fjellbrønnar for vassforsyning. Det er ingen registrert lausmasseressursar.
Kulturminne og kulturmiljø	Delvis negativ	Det er registrert busetting- aktivitetsområde med 2 kulturminne med uavklart vernestatus innanfor området. Rett vest for innspelet er det registrert eitt kulturminne inne i bustadområde langs Furutoppen. Lite potensial for funn.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde.
Grønstruktur og friluftsliv		Ligg i svært viktig friluftsområde (A-verdi). Turløype og skiløype går gjennom den sørlege delen av området, viktig tursti rett nord for området, Fleire turstiar i nærleiken. Mange registreringar frå Barnetråkk i og nær området indikerer staden som mykje brukt. Kan påverka friluftsliv og tilgang til naturterrengr negativ.
Energiprod.		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag, men fleire energibrønnar i nærleiken. Potensial for energibrønnar.
Klimagass-utslepp		Ca.80 nye bustader gir ei auke i ÅDT på ca.280 (3,5 turar pr. bustad). Daglege turar vil truleg bli bilbasert, og Bø skule ligg meir enn 30 min gange for 1.-4.trinn. Det må utgreiaast g/s-løysingar for å redusere biltrafikk som følgje av føremålsendringa. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transport-behov og trafikk-trykkleik	Delvis negativ	Bø skule 1-7 trinn ligg ca.30 min gange for 5-7 trinn, meir enn 30 min for 1-4 trinn, 10min med sykkel til skule, 30 min frå nærmeste barnehage (900 m unna). 2,7 km til skulen og det utløyer behov for skuleskyss for 1.trinn. Det



		går sykkelrute til Bø skole og barnehage. Lokalbuss stoppar i Konglevn rett ved området, elles er det dårleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde.
Teknisk infrastruktur		Behov for trykkforsterking for vassforsyning til området. Kapasitet på Borgjabrua må vurderast, den hadde i 2014 ein ÅDT på 3250. Tilkomst via Venåsvegen, behov for ny veg inn i feltet, lengde avhenger av kruvatur.
Sosial infrastruktur	Delvis negativ	Avstand til skule over 2 km, og barnehage er under 1 km. Ikkje ekstrakapasitet på skule.
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	God tilgang til natur- og friluftsområde. Fleire turstiar og skiløyper i nærlieken. Sykkelrute gjennom Konglevegen rett vest for området. Området har potensial for universell utforming dersom terrenget vert brukt godt. Nærturområde for eksisterande bustadfelt vert lengre unna og høgare opp.
Bumiljø og oppvekst-vilkår		Barnetråkk viser at området vert svært mykje brukt av barn og unge i dag. Ei utbygging kan øydeleggje eit populært friluftsområde. Kvartalsleikeplass ligg på austsida av hovudveg inn, ungar i feltet må krysse denne for å kome til leikeplassen
Samfunns-tryggleik og beredskap		Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg gjennom bustadfelt. Breisås har berre ein veg inn som utrykningskøyretøy kan nytte, manglar beredskapsveg. I innspelet ligg forslag om å nytte veg mellom Breisås og Staurheim som beredskapsveg.
Kommune-økonomi		Oprusting av veg Borgja-Staurheim som beredksapsveg kan anleggast som del av utbygginga, men kommunen vil kunne få driftsansvar dersom vegen skal ha ein tilfredsstillande standard for gåande og syklande heile året. Kan medføre behov for kapasitetsutviding av skule og skuleskyss for 1.trinn.

Samla vurdering og eventuelle alternativ

Området ligg innanfor tettstadsgrense for Bø, og utbygging er i tråd med arealstrategien om at 70% av bustadutbygginga skal skje innanfor tettstadsgrensa til Bø og Gvarv. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å ivareta viktige friluftsområde og legge til rette for at veksten i lokal persontransport skal skje med gange, sykkel og kollektiv. Det er kollektivdekning i Breisås syd på kvardagar, men i helgene går nærmaste buss frå Bø stasjon. Store høgdeforskjellar frå sentrum vil sannsynlegvis gjere at bustadområdet i høg grad vil bli bilbasert.

Samfunnssdelen har også mål om vekst i folketalet på høgde med landsgjennomsnittet. Tilgjengelege tomter i attraktive bustadområde knytt til regionsenteret med dei funksjonane og pendlarmulighetane i form av tog som er tilgjengeleg her, vert vurdert som viktig for å nå dette målet. Breisås er eit populært bustadområde med høg marknadsinteresse, og gjennomføringsrealismen vert vurdert som høg. På tross av negative konsekvensane, vert området difor tilrådd som bustadområde, men med noko justert avgrensing av omsyn til friluftsverdiane.

Ei utbygging i området må ha ei visst volum for å finansiere naudsnyt infrastruktur. Avgrensinga mot nord bør likevel forskyvast noko sørover for å skjerme stinettet ved vasstårnet og heller inkludere skråninga i vest ned mot eksisterande felt. Det bør også sikrast stipassasje på toppen av skråninga frå tilkomstvegen mellom eksisterande bustadfelt i Breisås syd og nytt felt og ut i skogsområdet sør for nytt felt.

I reguleringsplanen må konskevensar av utbygginga for støy for utsette bustader langs Bordvegen/Venåsvegen utgreia. Tiltak for å sikre kryssing for mjuke trafikantar i svingen der Eventyrskogen kjem ut på Venåsvegen må vurderast, det same gjeld tiltak for kryssing av tilkomstveg til nytt felt forbi leikeplass ved Breisås sør. Her må mjuke trafikantar prioriterast ved utforming av veg, evt ved flytting av busslomme. Tilkomst frå tilkomstvegen til skogsområdet sør for feltet må sikrast.

I kommuneplanen må det leggast inn rekkefølgekrav om at det må etablerast ein offentleg tilgjengeleg beredskapsveg for bustadområda i Breisås før utbygging kan skje.

Konklusjon

	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan



ROS innspel nr.1					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabi- litet	Mat. verdiar	
Skog/ lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bustader. PBL § 29-4 set reglar for brannsikker avstand mellom bygningar. Bustadområdet ligg nedanfor utmarka, og skogbrannar spreier seg raskast oppover i terrenget.
Trafikkulykke med mjuke trafikantar	Høg	Liten	Liten	Liten	Barn er uoppmerksame og lite føreseielege trafikantar. Mjuke trafikantar er utsatte for skadar ved ei ulykke. Barn frå Breisås syd må krysse tilkomstveg til nytt felt for å kome til kvartsleikeplass. Auka trafikk på Venåsvn kan auke fare for ulukke med mjuke trafikantar frå Eventyrskogen over Venåsvn til g/s-veg langs Venåsvn. Det er fortau i området. Kommuneplanens arealdel set krav til trafiksikker tilkomst for felles leikeareal i kommuneplanens arealdel.
Bortfall av kritisk infrastruktur	Låg	Liten	Stor	Middels	Området har berre ein tilkomstveg til Breisås. Dersom Borgjabrua vert stengd (togulykke eller bilulykke) vil uthyrkingsskøyretøy miste tilgang til Breisås. Det er vanskeleg å gje sannsyn sidan fleire ulykker må skje kort etter kvarandre, og oppstå samstundes med ein uthyrkingssituasjon i bustadområdet.
Ekstrem- nedbør	Høg	Liten	Liten	Middels	Området ligg oppstraums eksisterande bustadområde. Det er i dag utfordringar med overvatn i eksisterande bustadfelt i Breisås sør ved større nedbørsmengder. Området har avrenning mot eksisterande område, og ei utbygging vil gje meir tette flater og mindre fordrøyning dersom dette ikkje takast særskilt omsyn til i reguleringsplan
Oppfølging i plan: Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiing av skogbrann og fordrøyding av overvatn i reguleringsplan. Legge inn tiltak for å auke trafikktryggleiken ved kvartalsleikeplass og kryss Eventyrskogen-Venåsvn. Rekkefølgjekrav om etablering av beredskapsveg.					



5.2 Nr 2 Nordbøåsen

		<p>Område: Nordbøåsen Areal: 200-250 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Skog Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_2), gul støysone (H220_1) Innanfor tettstadsgrensa for Bø</p> <p>Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		200 nye bustader kan medføre auka støy for bustader langs tilkomstvegen gjennom eksisterende bustadfelt. Støy må utgreia i reg.plan og avbøtande tiltak etablerast dersom støy generert av utbyggingsområdet overskrider tillate grenseverdiar. I forslagsstillar sine to alt. (sjå under), vil delar av feltet få tilkomst via Skyttarvegen og dermed gje mindre trafikkauke gjennom eks. bustadområde i Nordbøåsen. Alternativet vil derimot auke trafikken på Skyttarvn og støy for bustadene langs denne vegen. Ikke registrert forureina grunn. Støysone innanfor området i gjeldande KPA er knytt til den no nedlagte skyttarbanen sør for området. Denne vil utgå i ny KPA. Det er elles ingen registrerte støykjelder i nærleiken, avstand til jernbane og fv.359 er over 1 km.
Jordvern og jordress.		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med uproduktiv barskog og barskog med lav bonitet. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfold		Ingan registrerte raudlisteartar innanfor området. Dalfiol og fiskemåke er registrert i nærleiken av området. Lokalt viktig naturtype Tjønnatjønna ligg nordaust for planområdet. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området består av bart fjell med stadvis tynt morenedekke. Terrenget er vendt i alle himmelretningar. Skogen er i all hovudsak i hogstklassene 3 og 4. NIBIOS skogbrukskart viser eit areal på i underkant av 20 daa aust i området med hogstklasse 5. Dette arealet er no hogd ut. I stor grad fråvær av ståande og liggande døde tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vass- og lausmasseress.		Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø	Delvis negativ	Det er eit freda gravminne innanfor området heilt i nordaust. Nordaust for området i Nordbølia er det registrert fleire kulturminne.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde. Området ligg eksponert på eit høgdedrag i terrenget.
Grønstruktur og friluftsliv		Innanfor viktig friluftsområde (A-verdi). Lysløype går langs og gjennom området, skiskyttaranlegg tett på i vest, fleire turstiar i nærleiken. Området utgjer nærturteregnet til Norbøåsen, og utbygging vil påverke friluftsliv og tilgang til nærturterring negativt. Forslagsstillar har vurdert to ulike konsept (sjå under). I alt 1 med tilkomst frå regulert bustadfelt nord for området vert eksisterande tursti kryssa på to pkt, men lysløypa vert ikkje kryssa. I alt. 2 vert det kryssingspunkt med lysløypa for å gje delar av feltet tilkomst frå Skyttarvegen. Forslagsstillar konkluderer med at alt.1 er best med omsyn til friluftsliv.



Energi-produksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel. Potensial for energibrønnar.
Klimagass-utslepp		Ca. 200 nye bustader, gir ei auke i ÅDT på ca.700 (3,5 turar pr. bustad). Daglege turar vil truleg bli bilbasert. Bø skule ligg mindre enn 4 km unna, men innanfor sykkelbruk dersom området vert knytt til sykkelnettet. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	3,8-4km til Bø skule, dvs behov for skuleskyss for 1.trinn. 1-7. trinn ligg meir enn 30 min gange frå skule. Med nye sykkelvegar er det mogleg skule ligg innanfor 20-30 min sykkel. Næraste barnehage ca. 2 km unna, men ny barnehage planlagt i Nordbøåsen. Kan koplast på sykkelrute til Bø skule og barnehage. Lokalbuss stoppar i Nordbøåsen i kvardagane like ved området, elles er det dårleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Behov for nytt høgdebasseng eller auke kapasiteten på trykkaukestasjonen som skal etablerast i området. I alt 1 i forslagsstilla sine to konsept under er tilkomst berre frå regulert bustadfelt nord for området, i alt.2 får delar av feltet tilkomst via Skyttarvegen i sør. Dette vil kreve opprusting av Skyttarvegen. Forslagstilla konkluderer med at alt.1 er mest gunstig m.o.p. teknisk infrastruktur hovudsakleg fordi eks. infrastruktur kan utnyttast. Eks. tilkomstveg med avkjøring frå rv.36 har god kapasitet. Området må koplast på eksisterande sykkelrute.
Sosial infrastruktur	Delvis negativ	Kan utløyse skuleskyss for elevar på 1.trinn, skuleveg over 2 km. Ikkje ekstrakapasitet på skule.
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	God tilgang til natur- og friluftsområde. Skiløype går gjennom området, og fleire turstiar i nærleiken. Området har potensial for universell utforming. Nærturområde for eksisterande bustadfelt vert lengre unna.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Ei utbygging gjer friluftsområde mindre tilgjengeleg. Lysløypa vert mykje brukt og er godt tilrettelagt. Lang avstand til skule for dei minste. Gode solforhold.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg er mogleg gjennom eksisterande bustadfelt. Gregars veg-Rokkemakarveg-Skyttarveg kan nyttast som beredskapsveg, ingen beredskapsveg frå området innafor skibrua over lysløypa.
Kommune-økonomi	Delvis negativ	Behov for nytt høgdebasseng. Kan medføre behov for kapasitetsutviding av skule, og skuleskyss for 1.trinn..






Samla vurdering og eventuelle alternativ

Forslagsstiller har vurdert to ulike alternativer som i ulik grad utnytter eksisterende infrastruktur. Alt 1 har all tilkomst via Nordbøåsen. I alt 2 har delar av feltet tilkomst via Skyttarvegen. Forslagsstiller vurderer alt 1 som det beste, og denne vurderingen støttast dersom området skal utbyggast.

Alt 1:

Alt 2:



Arealinnspelet er i tråd med strategi om utbyggingsmønster. Samfunnssdelen har mål om vekst i folketalet på høgde med landsgjennomsnittet. Tilgjengelege tomter i attraktive bustadområde knytt til regionsenteret med dei funksjonane og pendlarmulighetane i form av tog som er tilgjengeleg her, vert vurdert som viktig for å nå dette målet. Nordbøåsen har vist seg å vere eit populært bustadområde med høg marknadsinteresse, og gjennomføringsrealismen vert vurdert som høg. Det ligg imidlertid allereie ein bustadreserve på i underkant av 400 bueiningar i regulerte område i Nordbøåsen. Dette dekker i utgangspunktet heile bustadbehovet for Midt-Telemark kommune i planperioden.

Området utgjer eit svært viktig friluftsområde, og innspelet er ikkje i tråd med strategien om å ivareta friluftsområde og tilkomst frå bustadområda. Dersom foreslått område byggast ut, vil heile åsen som utgjer nærfriluftsområdet for Nordbøåsen vere utbygd. Vidare sørover går terrenget ned til skiskyttaranlegget. Innspelet er også i strid med strategiane om å legge til rette for at auke i lokal persontransport skal takast med gange, sykkel og kollektiv. Området ligg i underkant av 4 km frå barneskule og med betydeleg høgdeforskjell frå sentrum.

Konklusjon

Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspelet
Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan



ROS innspel nr.2					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabili- tet	Mat. verdiar	
Skog/ lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr. år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvens for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bustader. PBL § 29-4 set reglar for brannsikker avstand mellom bygningar. Området ligg nedanfor utmarka, og skogbrannar spreier seg raskast oppover i terrenget.
Trafikk- ulykke med mjuke trafikantar	Middels	Liten	Liten	Liten	Barn er uoppmerksame og lite føreseielege trafikantar. Mjuke trafikantar er utsatt for skadar ved ei ulykke. Med utgangspunkt i 200 bustader vil ÅDT auke med 700 og målpunkt som balløkke og busstopp ligg i sørrenden av det eksisterande bustadfeltet, aukar sannsynet for ei trafikkulykke mellom mjuke trafikantar og bil. Det er etablert gangvegar i området i samsvar med reguleringsplan for Nordbøåsen boligområde
Oppfølging i plan: Trygge trafikkløysingar for mjuke trafikantar mellom nye og eksisterande bustadområde må sikrast i reguleringsplan . Vurdere behov for barrierar som hindrar spreying av skogbrann reguleringsplanen.					

5.3 Nr 7, Ødegårdsfeltet

		<p>Område: Ødegårdsfeltet Areal: 18 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Skog Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. 18 nye bustader kan medføre nok auka støy for bustader langs tilkomstvegen gjennom eksisterende bustadfelt. Ingen registrerte støykjelder i nærleiken, avstand til rv.36 og jernbane er ca.400 m.
Jordvern og jordressursar		Det er registrert 14 daa dyrkbar mark. Heile området er dekt med barskog av høg bonitet. Randsone av eit større samanhengande skogsområde med høg bonitet. Ei utbygging påverkar landbruket negativt.
Naturmangfold		Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Sandsvale er registrert i nærleiken av området. Ingen registrerte naturtypar av verdi. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området ligg på marine strandavsetningar. Terrenget er vendt mot nordaust med få soleksponerte flater av sand eller grus. Skogen er i hogstklasse 3. I stor grad fråvær av ståande og liggande døde tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.



Vass- og lausmasseressursar		Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området. Sør for området i Ødegårdsvegen ligg det eit freda arkeologisk minne.
Landskap og byrom		Ligg som forlenging av eksisterande bustadområde.
Grønstruktur og friluftsliv		Området ligg ved friluftsområdet Breisås nord-aust. Det er potensiale for å legge til rette for møteplassar.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp		Ca. 18 nye bustader gir ei auke i ÅDT på ca.63 (3,5 turar pr. bustad). Barne- og ungdomsskule og barnehage ligg meir enn 30 min gange for 1-10 trinn, men innanfor sykkelavstand. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Skule og barnehage ligg meir enn 30 min gange for 1-10 trinn, men innanfor 20 min sykkelavstand. Meir enn 2km til skule utløyser skuleskyss for 1.trinn. Mogleg å kople seg på sykkelrute/fortau til skole og barnehage. Det er dårleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde, nærmeste haldeplass ligg ved rv.36 1 km unna.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Kan koplast til offentleg veg og VA-nett i området. 18 bustader vil til saman generere 46 turar pr. døgn, noko som vegen bør ha kapasitet til. Fortau/gangveg langs skuleveg som manglar ved området må vurderast, men det er lite areal tilgjengeleg til fortau langs eksisterande veg gjennom Ødegårdsfeltet. Alternativt kan skogsbilveg nord for området nyttast. Behov for trykkaukestasjon må vurderast.
Sosial infrastruktur	Delvis negativ	Meir enn 2 km til skule utløyser skuleskyss for elevar på 1.trinn, ikkje ekstrakapasitet på skule.
Folkehelse og universell utforming		Ingen kjend aktivitet eller stiar i området. Barnetråkk synar at skogen i nærleiken er i bruk.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Det er ikkje kjennskap til om området vert brukt av barn og unge. Skogen nord vest for området er målpunkt for unge. Gode solforhold.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Det er ingen kjend rasfare knytt til området, ligg under marin grense og i skråning. Tilkomstveg gjennom bustadfelt.
Kommuneøkonomi	Delvis negativ	Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader. Skuleskyss for 1.klasse.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet er i tråd med strategi om utbyggingsmønster, men ligg delvis på dyrkbar mark. Området ligg innanfor tettstadsgrensa for Gvarv, som ei forlenging av eksisterande bustadområde i Ødegården. Teknisk infrastruktur er allereie etablert i eksisterande bustadfelt, og området kan koplast på utan store investeringskostnader. Behovet for sentrumsnære bustadområde i tilknyting til eksisterande felt med infrastruktur på Gvarv vert vektlagt og området bør leggast inn som bustadområde.		
Friluftsområdet Breisås nord-aust ligg like ved og gir ekstra kvalitet til bustadfeltet. Det er gode solforhold i området. Tilkomst til feltet må avklarast i reguleringsplanprosessen, saman med behov for snarvegar og trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar.		
Konklusjon		
	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført	
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel	
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan	



ROS innspele nr.7					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabi- litet	Mat verdiar	
Skredfare/ras/ ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Lav	Middels	Liten	Stor	Området ligg under marin grense. Reell skredfare må avklarast i reguleringsplan. TEK17, kap 7 set krav om sikkerhet mot naturpåkjenninger.
Skog/ lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr. år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvens for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bustader. PBL § 29-4 set reglar om brannsikker avstand mellom bygningar. Bustadområdet ligg nedanfor utmarka, og skogbrannar spreier seg raskast oppover i terrenget.
Trafikkulykke med mjuke trafikantar	Middels	Liten	Liten	Liten	Sårbarheit: Barn er uoppmerksame og lite føreseielege trafikantar. Mjuke trafikantar er utsatte for skadar ved ei ulykke Barrierar: Ingen. Det er over 20 ubygde tomtar i dagens bustadfelt (Ødegårdsfeltet) i tillegg til innspelet, og vegen gjennom feltet har ingen tilrettelegging for mjuke trafikantar.
<u>Oppfølging i plan:</u> Stille krav om geoteknisk undersøking i reguleringsplan og at behov for fortau/gangsykkelveg og barrierer som hindrar spreieing av skogbrann vert vurdert.					



5.4 Nr 22, Slåttedalen

		<p>Område: Slåttedalen Areal: 57 daa samla for alle tre områda Føremål: Fritidsbustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Fritidsbustader, skog Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. Delområdet 22B ligg i sin heilskap innanfor gul og raud støysone frå fv.3330. Delområde 22C grensar inntil støysone frå fv.3330. Tiltaket vil auke biltrafikken til og frå området noko.
Jordvern og jordressursar		Tap av myr/dyrkbar jord på ca. 11,5 daa i 22A. Heile området er i hovudsak dekt med uproduktiv barskog. Ei utbygging påverkar landbruket negativt
Naturmangfold	Delvis negativ	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor områda, eller i nærleiken av området. Ingen registrerte naturtypar av verdi. Området ligg inn i verneområde for vassdrag. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Områda består av tynt humusdekk på fjell. Mye av delområde 22a består av myr. Terrenget heller svakt mot nordaust. Skogen er i hogstklassene 3 og 4. I stor grad fråvær av stående og liggande døde tre og hengelav. Myrområdet vurderast å kunne vere levestad for trua arter. For dei øvrige areala vurderast potensiale for viktig naturmangfold å vere lite.
Vass- og lausmasseressursar		Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor områda.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor områda. Ved vatnarvegen ligg det eit ikkje freda gardsanlegg frå 1800-talet.
Landskap og byrom		Ligg i eit område med fritidsbusetnad. Området har lite eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde.
Grønstruktur og friluftsliv		Ingen kjent friluftsaktivitet innanfor området. Næraste friluftsområde er Lona aust for området.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp		Heile området minus eksisterande fritidsbustader er dekt med skog og myr/dyrkbar jord. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Generelt legg fritidsbustader opp til auka bilbruk. Det er ikkje tilgang til kollektivtrafikk
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Kan koplast på offentleg veg. Ingen VA-nett i området. Det går ei høgspentlinje 22 KV gjennom 22B.
Sosial infrastruktur		Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	Fleire stiar i området, men bruken er ukjent. Heile 22B ligg i støysone frå fv.3330. Området har potensial for universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Det er ikkje kjennskap til om området vert brukt av barn og unge. Området ligg ikkje i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.




Samfunnstryggleik og beredskap		Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg via fv.3330.
Kommune-økonomi		Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Arealinnspelet er i tråd med strategien om at nye fritidsbustader skal etablereast i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader, men inneber omdisponering av dyrkbar jord. Området bør leggast til rette for fritidsbustader, men med vesentlege justeringar av innspelet. Myrområdet vest i 22a bør utgå av omsyn til klima og naturmangfald, og heile område 22b bør utgå av omsyn til trafikkstøy.		
Tilfredsstillande støyforhold for planlagd fritidsbusetnad må dokumenterast innanfor område 22c.		
Konklusjon		
		Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
		Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
		Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr.22					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skog/ lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr. år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvens for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på fritidsbustader. PBL § 29-4 set reglar om brannsikker avstand mellom bygningar.
<u>Oppfølging i plan:</u> Vurdere behov for barrierer som hindrar spreieing av skogbrann i reguleringsplan.					



5.5 Nr 28, Bø handelspark



Bakgrunn

Bø handelspark ligg som byggeformål i gjeldende kommuneplan og det er difor ikke vurdert som formålstenleg med tilsvarende konsekvensutgreiling som for øvrige innspele. Nedanfor er konsekvensane av sentrumsformål for Bø handelspark («ytre sentrumssone») med føresegner i tråd med innspelet, dvs inntil 7000m² bygg og utan maksimumskrav til parkering vurdert for relevante tema.

Arealet ligg innanfor område K2 i gjeldande plan med formål forretning/industri. K2 omfatter og g/bnr 47/3 som ikke er omfatta av innspelet. I K2 er handelsverksemder større enn 800m² ikke tillatte. Forbodet gjeld ikke handelsverksemder der den dominerende delen av vareutvalet er plasskrevjande jf. definisjon i Regional plan for areal og transport i Telemark (ATP Telemark), dvs bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast, byggevarer, hagesentre.

Jf. ATP Telemark er det ikke tillatt med detaljhandel over 800m² utanfor sentrumsgrensa. Kvar sentrumsgrensa skal gå opp til kommunen å fastsette i arealdelen. I gjeldande arealdel strekk sentrumsformålet seg til Valenkrysset, og Bø handelspark ligg utanfor. Sentrumsgrensa er lik utstrekninga av sentrumsformålet, dvs at det er avgrensinga av arealformålet «sentrumsformål» som utgjer avgrensinga av sentrum. Kommuneplanens samfunnssel legg følgande føring for ny arealdel: «Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800m² konsentrerast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens setrumsgrenser. Plasskrevjand handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark».

K2 er utbygd med 2500m² plasskrevende handel (byggevarer) og 3000m² detaljhandel og det står att om lag 33 000m² ubebygd areal innanfor arealet som handelsparken disponerer. Utbyggingsvolum er avhengig av utnyttingsgrad (BYA). I sentrumsformål er det normalt høg grad av utnytting fordi fortetting er ønskjeleg. Utnyttingsgrad er ikke spesifisert i innspelet, men kommunestyret ga i [sak 177/20](#) dispensasjon til etablering av 7000m² detaljhandel (Biltema) med utnyttingsgrad 80%BYA. Denne utnyttingsgraden leggast til grunn for vurderingane under, dvs at potensielt utbyggingsareal er om lag 25 000m² (inkl. parkeringsareal), inkl. ny Biltema. Dersom ein legg til grunn at om lag 4000 m² vil nyttast til parkering og manøvreringsareal, er det potensiale for om lag 21 000m² nybygg. I illustrasjonsplan som følger dispensasjonsvedtaket er det vist 11 000m² nybygg på arealet i tillegg til en ubebygd tomt på 7000m².

Konsekvensar for handel lokalt og regionalt

Konsekvensar av etablering av detaljhandel i Bø handelspark er utgreidd i *Handelsanalyse og planfaglige vurderinger, Bø handelspark* (Asplan Viak 2020). Her er konsekvensane i 2027 av følgande tre alternativ (ulikt volum av bygg og ulike varetyper) vist:


Alternativ	Dagligvarer	Utvælgvarer	Arealkrevende varer	SUM
Alternativ 1	0	0	5 500	5 500
Alternativ 2	0	3 500	8 500	12 000
Alternativ 3	2 500	4 000	5 500	12 000

Vi skapar framtida saman



Analysen viser ikke konsekvensane av innspelet, dvs 25000m² byggeareal med sentrumsformål, men nybygg på under halvparten av arealet og med hovudvekt på arealkrevande varer (dvs. møblar, kvitevarer, fargevarer, motorutstyr, byggevarer og hagesentra) og i mindre omfang utvalsvarer (klede, sko, hushaldningsvarer, sportsutstyr, bøker, blomster m.m.). Modellen som er nytta er frå 2017, difor viser 0-alternativet 2017-situasjonen, ikkje dagens situasjon. Biltema opna hausten 2017. Dagens situasjon er difor sannsynlegvis nærmare alt.1.

Analysen viser at total omsetning i Bø vil auke med ca 5% i alt 1, sjå Figur 1. Ved å auke frå 5500m² til 12000m² utan daglegvare, vil handelen auke med ytterlegare 2%, men legg ein til daglegvare (alt 3), så vil samla omsetning vere lågare enn i alt. 2. Omsetninga i sentrum vil bli redusert med rundt 30 mill i alt.1, 100 mill i alt. 2 og 150 mill. i alt. 3. Tilsvarande aukar omsetninga i handelsparken med rundt 70 mill i alt.1, 180 mill i alt. 2 og 230 mill. i alt. 3. Samla omsetning aukar i alle alt. samanlikna med 0-alt., men med ei beskjeden auke frå alt.1 (som sannsynlegvis er dagens situasjon) til alt.2., som har høgast samla omsetning. Med dispensasjonen som er gitt til 7000m² nybygg for Biltema, vil omfanget av utvalsvarer i handelsparken vere høgare enn i alt. 2 og 3. Analysen viser at jo større omfang detaljvarer og daglegvarer, dess meir handelen vil flyttast frå sentrum til handelsparken, medan etablering av arealkrevende varer aukar samla omsetning i området fordi handelslekkasjen først og framst er knytt til denne type varer.



Figur 1 Berekna omsetning i Bø sentrum og Bø handelspark i 2027 (Asplan Viak 2020)

Som nemnt over er ikke konsekvensane av det volumet som ligg i innspelet belyst, men auka volum vil forsterke trendane i analysen.

I analysen inngår ikke funksjonen kafé, men dette inngår sentrumsformålet. Dersom det etablerast kafé i handelsparken vil dette sannsynlegvis gje eit større omsetningstap for sentrum enn det analysen viser. Eit scenario er at handelsetablering med arealkrevende varer i handelsparken trekk kundar frå regionen som i tillegg vil stoppe i sentrum p.g.a. serveringstilbodet. Ved etablering av kafé i handelsparken kan det bli færre som vil kombinere besøk i handelsparken med besøk i sentrum.

Omsetning pr. innbygger (detaljhandel) i Midt-Telemark kommune har auka jamt sidan 2014, passerte i 2017 tilsvarande tal for Skien og låg i 2019 tett opp under Notodden. Om lag 90% av innbyggerne i Midt-Telemark handler detaljvarer i egen kommune, medan 75% handlar arealkrevande varer i eigen kommune. Dvs at handelslekkasjen først og framst er knytt til arealkrevande varer. Utvikling av Bø handelspark med arealkrevende varer vil derfor kunne bidra til å forhindre at Bø som regionsenter svekkast. Dette gjeld særskilt dersom det etablerast nye og større handelstilbod i nabokommunar. Dersom det opnast for ytterlegare detaljhandel i handelsparken enn 7000m² til Biltema, bør det leggast inn krav om trinnvis utbygging med handelsanalyse som viser regionale og lokale konsekvensar av etablert detaljhandel i fyrste trinn før neste trinn kan igangsettast.



Tabell 5-3 viser konsekvensane for regional handel for det største alternativet (12000m²). Det viser at marknadsandelen for detaljvarer aukar med 2% for Midt-Telemark med dette alternativet, på bekostning av Nome og Notodden. Analysen tar ikkje omsyn til endringar utanfor analyseområdet, t.d. større handelsetableringar i nabokommunar.

Tabell 5-3 Endring i omsetning (mill), prosent og marknadsandel, frå 0-alternativet (2027) til alternativ 3

Kommune	0-alternativet		Alternativ 3		
	Omsetning (mill.)	Markedsandel	Omsetningsendring (mill)	% endring	Markedsandel
Midt-Telemark	220	12 %	52	24 %	14 %
Drangedal	50	3 %	0	-1 %	3 %
Hjartdal	13	1 %	0	-1 %	1 %
Kviteseid	21	1 %	0	-1 %	1 %
Nome	50	3 %	-11	-22 %	2 %
Notodden	267	14 %	-21	-8 %	13 %
Seljord	79	4 %	-6	-8 %	4 %
Skien	1201	63 %	-10	-1 %	63 %
Totalsum	1901	100 %			100 %

Konsekvensar for trafikk og transportbehov

Dagens trafikk: Trafikkmengde på Valenvegen (fv 3336) aust for avkjøring til handelsparken kvart døgn (ÅDT) er 2300. Det ligg ikkje føre tellingar i krysset, dvs at trafikk til handelsparken kjem i tillegg. På rv 36 ved Valenkrysset er ÅDT 6000. Før etablering av Biltema, var det krav om utviding av kapasiteten i Valenkrysset, og det ble etablert avkjøringsfil på rv 36 frå Bø sentrum. Det er ikkje registrert trafikkulykker på fv eller rv i området etter at Valenkrysset vart kanalisert. Nærmaste busshaldeplassar er på sør- og nordsida av rv 36 ca 300m unna.

Nyskapt trafikk: Jf Statens vegvesen handbok 713, genererer 100m² handelsbygg 45 bilturar pr døgn (variasjonsområde 15-105 turar). Plasskrevande handel generer minst trafikk, detaljhandel meir og daglegvare mest trafikk. I ein handelspark med fleire verksemder fordelt på fleire eigedomar, vil ein få kjeda turar, d.v.s. at ikkje kvar butikk vil føre til ny trafikk på vegnettet. Resultatet gangast difor med 0,8 for å ta høgde for turkjeder. Eit overslag over potensialet for nyskapt trafikk frå full utbygging i handelsparken (21 000m²) vert difor ((21 000m²/100m²)*45 turar pr døgn*0,8) om lag 7500 ÅDT. Denne trafikken vil sannsynlegvis i hovudsak gå ut til rv 36, og ein vil anta at dette vil skape kapasitetsutfordringar i krysset. Valenvegen har ikkje ekstra fil inn i krysset, men det er regulert vegareal som sannsynlegvis vil vere tilstrekkeleg til dette dersom det skulle vere behov for ei slik løysing. Om trafikken fordeler seg likt i begge retningar på rv 36, vil dette bety at ÅDT på rv 36 vert auka frå 6000 til om lag 9500. ÅDT i Bøgata er 9000, og denne vil sannsynlegvis auke betydeleg fordi handel i større grad enn i dag vert fordelt på to område (handelsparken og dagens sentrum). Handelsanalysa viser at ein del av omsetninga i handelsparken vil erstatte dagens handel i sentrum, og heile trafikkvolumet vil difor ikkje vere ny trafikk, og det gir difor eit feil bilde og legge nyskapt trafikk frå handelsparken oppå eksisterande trafikk på rv 36.

Transportbehov: Gangavstand frå eksisterande sentrum (målt i rundkjøringa) er ca 900m, dvs lengre enn det som reknast som akseptabel gangavstand i eit sentrum. Det er difor ikkje pårekneleg at kundar i handelsparken vil parkere her og gå til sentrum eller motsett. Området ligg innanfor sykkelavstand frå sentrum, og i innspelet ligg det forslag om å stasjonere bysyklar her slik at desse kan nyttast til sentrum. Dette kan redusere interntrafikken noko, men sannsynlegvis i liten grad. I innspelet ligg ønske om bilbasert handel, dvs at konsekvensane vil vere auka biltrafikk, både utanifrå og frå eksisterande sentrum. I innspelet ligg det at det ikkje skal setjast maksimumskrav til parkeringsareal.



Samla vurdering og eventuelle alternativ

Samfunnssdelen følgjer opp målsettingar med levande sentrum i regionsenteret Bø med ein strategi om at detaljhandel ikkje skal tillatast utanfor eksisterande sentrum, at sentrumsformålet ikkje skal utvidast og at plasskrevande handel kan etablerast i Bø handelspark. Innspelet er i strid med desse føringane og føringa om at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.

Utviklinga i Bø sentrum har vore svært positiv over mange år med auka omsetning pr innbyggjar, nyetableringar og betydelege investeringar i nærings- og bustadbygg. Bustadattraktiviteten har vore svært høg, og det er grunn til å tru at eit levande sentrum med urbane trekk er ein av fleire årsakar. For attraktiviteten for Bø som studiestad er også eit levande sentrum ein føresetnad, og dette spelar også ein viktig rolle for Bø som reisemål. Bø sentrum er eit levande sentrum i dag, noko mange byar og tettstader ikkje lenger har. Det er grunn til å tru at handel vil spele ei mindre viktig rolle i sentra generelt framover pga at ein større del av handelen vil skje via nett. Sentrum si attraksjonsverdi vil vere meir og meir avhengig av opplevelingar, servering, kulturtilbod, møteplassar osb. Det vil vere avgjerande for desse attraksjonane at det er eit tilstrekkeleg handelstilbod i sentrum. Det er difor avgjerande for framtidig attraksjonskraft både som studiestad, bustad og reisemål at det ikkje opnast for å trekke handel ut av sentrum i eit omfang som svekker sentrum si attraksjonskraft.

I innspelet vart det foreslått sentrumsformål for området. I dette inngår forretningar, tenesteyting, bustad, kontor, overnatting, servering og grøntareal. Å avsette eit område til sentrumsformål signaliserer eit ønske om ei rekke blanda funksjonar og aktivitet, der handel er eitt av desse. Det vert vurdert som lite ønskjeleg å opne for si slik blanding av funksjonar i Bø handelspark, og Bø handelspark uttrykker sjølv at det er bilbasert handel i store bygningsvolum som er ønsket, ikkje andre delar av sentrumsformålet. Dersom sentrumsformålet skal utvidast til handelsparken, må det leggast inn eigne føresegner om at berre forretning tillatast i området for å unngå bustad, kontor, tenesteyting, servering osb i området.

Eit alternativt formål er forretning, som er eit eige formål og som er tilrådt i handelsanalysen framfor sentrumsformål. Området vil da framleis ligge utanfor sentrum og detaljhandel vil ikkje vere i tråd med ATP Telemark. Detaljhandel her må difor avklarast med regionale myndigheter. Forretningar for plasskrevjande handel kan uansett etablerast. Plan- og bygningslova opnar ikkje for å styre kva type varer som vert solgt der det er opna for detaljhandel, unntatt for daglegvarer.

Kafé i handelsparken vil ifølge handelsanalysen utfordre sentrum særskilt. I sentrumsformål er servering ein naturleg del av formålet. Servering inngår ikkje i forretningsformålet, men dersom ein vil unngå tolkingsspørsmål om kafé som del av eit handelskonsept kan tillatast, bør føresegnene presisere at servering ikkje er tillatt sjølv om det inngår som ein integrert del av forretningen. For å unngå at mindre butikkar flyttar frå sentrum til handelsparken, bør det setjast minimusgrense på areal for nye forretningar på 1500m² BRA ekskl. lager og servicefunksjonar (Sport 1 Glext på Bøsenteret er i dag rett under 1000m²).

For å følgje opp vedtaket om dispensasjon til ny Biltemabutikk, må ny areal del opne for minimum 7000m² detaljhandel og utnyttingsgrad 80%BYA. Handelsanalysen viser at ved opning for 3500m² detaljhandel, vil omsetning i eksisterande sentrum reduserast med om lag 100 mill. Opning for detaljhandel utover dei 7000m² det no er opna for vert difor vurdert å ikkje vere i tråd med målet om å oppretthalde eit levande sentrum med handel.

Dersom det ikkje opnast for meir detaljhandel enn 7000m², betyr det at øvrig areal innanfor handelsparken (inkludert dagens Biltemabygg etter at nytt bygg er opna) kan nyttast til plasskrevande handel. Øvrig detaljhandel må etablerast innanfor dagens sentrum. Jf. tidlegare analyser er det tilstrekkeleg areal til dette, men utfordinga er ein fragmentert eigedomsstruktur og at aktuelle område fram til no ikkje har vore tilgjengeleg for større etableringar. Forretningar som etablerer seg i form av big-boxes, som Jysk, Jula osb, vil ikkje kunne etablerast i handelsparken. Dette er konsept som i liten grad vil bidra til å stoppe handelslekkasje jf handelsanalysen. Det er ein risiko for at dersom det ikkje etablerast nye handelstilbod i Bø, så vil dette kunne bidra til å svekke Bø som regionalt handelssted, særskilt hvis det etablerast nye handelsverksemder i nabokommunane. Ei svekking av Bø som regionalt handelssenter vil og kunne svekke handelen i Bø sentrum, men analysen tilseier at ved eit større handelsvolum i handelsparken vil sentrum svekkast.

Auke i netthandel bidrar til usikkerhet om framtidig handel og i kva form nye handelskonsept vil framstå. Dette kan endre føresetnader for framtidige lokaliseringar. I innspelet vert etablering av big-box-bygg i Bø



handelspark sett opp mot etablering av tilsvarende bygg i sentrum og konkludert med at det siste ikkje vil gje eit attraktivt sentrum. Til grunn for denne samanlikninga ligg ein føresetnad om at big-box-bygg er naudsynt for å vere konkurransedyktig mot netthandelen. Dette er forslagsstilla si vurdering. Nettopp detalvjarehandelen si konkurranse frå netthandel kan vere grunn til å vere svært varsam med å utsetje eit sentrum som i dag har ei høg omsetning pr innbyggjar for den forskyvinga av omsetning som handelsanalysen viser at vil skje frå eksisterande sentrum til handelsparken.

Innspelet om sentrumsformål i handelsparken kan ikkje tilrådast, men utbyggingsareal innanfor K2 bør leggast til forretning. Dette bør i så fall også gjelde arealet på g/bnr 47/3, som ikkje er omfatta av innspelet, men som ligg innanfor K2. Areal som er regulert til grøntstruktur i detaljreguleringsplan langs vassdraget og langs bustadområde leggast til grøntstruktur. Føresegnebør opne for plasskrevande handel jf. definisjon i ATP Telemark og inntil 7000m² detaljhandel, med presisering om at servering og daglegvare ikkje er tillate. Det bør vidare opnast for utnyttingsgrad på 80%BYA og vilkår om at minsteareal pr forretning skal vere 1500m² BRA (eksl areal til lager og servicefunksjonar).

Gjeldande reguleringsplan for Bø handelspark opnar for etablering av kontor. Dette er ikkje i tråd med innspelet, og heller ikkje i tråd med ønska utvikling av området som ein handelspark. Føresegne til kommuneplanen bør difor gjelde før reguleringsplanen når det gjeld formål, grense for areal til handel og utnyttingsgrad.

Konklusjon

	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
	Kommuneplanen vert endra i tråd med vedtak i formannskapet 25.01.2021 (1. gongs handsaming)
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

5.6 Nr 29, Tømmerterminal, Sunde

	Område: Sunde Areal: 275 daa (omfattar to alternative lokalitetar; nord og sør for dagens spor) Føremål: Bane Eksisterande arealbruk: Skog, dyrka mark, jernbane, grustak Kommuneplan: Næring, LNF, omsynssone friluftsliv Reguleringsplan: Ingen
---	--

Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		I tilknytning til tømmerterminalen må det pårekna støy i samband med transport, avleassing og lasting på tog. Denne støyen vert likevel mindre enn ved dagens terminaler på Lunde og Bø stasjonar fordi ein moderne terminal muliggjer eit meir effektivt arbeid samtidig som ein slepp å dele togsett for seinare å kople dei saman igjen. Støymålingar frå Bø stasjon tilseier at gul sone vil strekke seg om lag 500m frå støykjelda og raud sone om lag 60m unna. Dersom det vert nattleg drift på terminalen, kan influensområdet bli større. Dei to gardane på Sundshaugen er mest utsett for støy frå nordleg alt., da dei ligg på omlag same høgde i relativt ope terrengr.



		Bustadene langs fv 3340 ved tilkomst i vest (Nordagutuvn 777, 788, 788A, 790, 792, 801) ligg lågare i terrenget enn framtidig tømmerterminal, og vil sannsynlegvis vere meir utsett for støy frå trafikken på tilkomstvn (8-10 tømmerbilar dagleg). Fv 3340 og jernbane utgjer støykjelder i området i dag. Sørleg alt. vil truleg berøre færrest bustader.
Jordvern og sikring av jordressursar		Tilkomstveg frå vest og nordleg alt. vil beslaglegge dyrka mark. Omfanget er usikkert fordi nærmare prosjektering av veg og terminal vil avklare nøyaktig vegtrasé. Nordleg alternativ vil beslaglegge mest dyrka mark. Ved sørleg alt. vil ikkje sjølv terminalen ta av dyrka mark, men tilkomst frå nord vil truleg omdisponere noko dyrka mark ved avkjøring frå fv 3340.
Naturmangfald		Gamle jernbanemiljø kan utgjere verdifulle biotopar for visse arter av både vekster og insekter. Nikkesmelle (NT) registrert langs jernbanelinja, indikerer at det finst naturverdiar knytt til dette miljøet. Dersom jernbanemiljøet vert berørt av utbygging av spor eller terminal, bør naturmangfaldet knytt til jernbanemiljøet kartleggast i reguleringsplanfasen. Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Det meste av området er del av den mektige breelvavsetninga på Sundsmoen, men mindre delar ligg på havavsetning (dyrka mark) og marin strandavsetning. Terrenget er vendt i fleire himmelretningar, og det er flater der sand og grus er eksponert, m.a. i gamle massetak. Det meste arealet er barskog i hogstklasse 3 og 4 (noko på dyrka mark). Det er i stor grad fråvær av ståande og liggande daude tre og hengelav. Området vurderast å kunne vere levestad for trua artar knytt til sand- og grusførekostane. Mellom fv 3340 og Sauarelva langs partiet der det er aktuelt å forskyve vegtraséen er det registrert rik sump- og kildeskog og sandfuruskog med verdi svært viktig.
Vass- og lausmasseress.		Lokalitetene ligg på breelvavsetning langs eksisterande jernbanetrasé. Truleg ikkje aktuelt å ta ut større mengder lausmasser heilt inntil sporet anna enn det som er naudsynt for å etablere ein terminal. Nordleg alt. krev uttak av større mengder masser for å etablere terminal. Sørleg alt. er eit tidlegare grusuttak.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen registrerte kulturminne i området.
Landskap og byrom		Skogs- og jordbrukslandskap med nokre visuelle kvalitetar, men lite særpreg. På grunn av sidebratt terreng på Sørlandsbanen vil det bli naudsynt med store masseforflyttingar, både for å anlegge terminal og spor ved nordleg alt. Det vil bli relativt omfattande fyllingar, skjeringar og støttemurar for å sikre stabilitet langs delar av A-sporet. For nordleg alt. må store mengder lausmasser flyttast for å etablere terminal på nivå med sporet. Sørleg alt. vil ha mindre konsekvensar for landskapet, da sporet vert liggande mellom kulturlandskapet og terminalen.
Grønstruktur og friluftsliv		Moen mellom Nordagutu og Sunde er kartlagt som viktig friluftsområde. SØ-del av området ligg innanfor ytterkanten av dette. Viktig at sti som kryssar jernbanesporet sør for ny tilkomstveg vert ivaretatt dersom nordleg alt. Vert realisert. Dette vert vurdert som beste alt. med omsyn til friluftsliv. Vegetasjonsskjerm N for sporet vil forsvinne som buffer mot gardane dersom alt. nord for jernbanen realiserast.
Energiprod.		Ikkje relevant.
Klimagass-utslepp		Delar av avsett område er skog, og nedbygging vil føre til redusert binding av klimagassar. Likevel vert samla omfang vurdert som positivt, da tiltaket legg til rette for å få meir tømmertransport over frå bil til bane
Transportbehov og trafikktrykkleik		Tømmer vil kome til terminalen både frå Notoddenområdet og frå Nome, Midt-Telemark osb. For transportbehovet er denne lokaliseringa vurdert å vere gunstig i Bane Nor si utgreiling. Ved tilkomst frå nord vil tømmertransporten kome frå



		nord og ikke gjennom Akkerhaugen og Nordagutu sentrum, dvs at denne vil vere eit betre alternativ for trafikktryggleiken langs fv.
Teknisk infrastruktur		<p>Fv 3340 er klassifisert til å tåle tømmerbilar. Ved nordleg alt. må det anten anleggast støttemurar eller justere fv over eit kortare strekk. Ved justering av fv, må sannsynligvis ein bustad vert innløyst. Val mellom støttemur og andre tiltak, må vurderast nærmare i reguleringsplan.</p> <p>Innspelet viser tilkomst frå vest. Stigning på fv ved avkjøring er 6%, nøyaktig plassering av avkjøring for å sikre hvileplan for tømmerbilar avklarast i reguleringsplan. Tilkomstvegen har relativt bratt stigning, men innanfor regelverket. Dette er den kortaste vegen, men kjemt tett på to bustader langs fv. Ein mindre skogsbilveg i nord må leggast om.</p> <p>Tilkomst til sørleg alt. vil kreve utvida eller ny jernbaneundergang. Plassering av undergang vil avgjere om denne kjem i konflikt med høgspentrassen. Sørleg alt. og tilkomst frå nord vil truleg ikkje få konsekvensar for fv.</p>
Sosial infrastruktur		Ingen relevans
Folkehelse og universell utforming		Universell utforming er ikkje relevant. Sørleg alternativ vil påverke friluftsområde, sjå over.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Tiltaket får ikkje konsekvensar for oppvekstmiljø for barn og unge særskilt.
Samfunnstryggleik og beredskap		Området ligg under marin grense. På vestsida av fv synker terrenget bratt ned mot Sauarelva, der det jf NVE Atlas er aktsemdområde for flaum- og jordskred. Fare for jordskred må vurderast dersom forskyving av fv (nordleg alt.) vert aktuelt.
Kommuneøkonomi		Tiltaket har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomi.
Samla vurdering av eventuelle alternativ		
Innspelet har enkelte negative konsekvensar, men det er svært viktig for skogbruksnæringa å få etablert ein ny, moderne tømmerterminal i Telemark, og Jernbanedirektoratet peikar på Sunde som det beste alternativet for ein ny tømmerterminal. Det vert difor tilrådd å legge inn areal til ny tømmerterminal ved Sunde med arealformålet «Bane».		
Innafor arealet er det to alternative lokaliseringar: Nord og sør for dagens jernbanespore. Nordleg alt. er tilrådd i utgreininga «Tømmerterminal Telemark» (16.08.19). Sørleg alt. vil kreve ny/utvida jernbaneundergang, men konsekvensane for naboor og landskap vil truleg vere mindre. Det er bygging av nytt jernbanespor parallelt med dagens spor frå Nordagutu til terminalområdet nord for sporet som vil medføre tiltak på fylkesvegen og mulig innløsing av bustad. Ved sørleg alt. vil det ikkje vere behov for dette. Endeleg konklusjon på alternativ sør eller nord for sporet krev ytterlegare utgreiingar, som ikkje vil bli gjort før tømmerterminalen er finansiert i NTP og reguleringsplanarbeid vert igangsett. Avgrensinga i kommuneplanen bør difor inkludere både alternativ, inkludert skjeringar og fyllingar i tilknyting til terminalen og ein god buffer.		
Innspelet viser tilkomst frå vest. Dette vil kreve omfattande tiltak langs fv 3340. Tilkomst frå nord kan vere eit betre alternativ, både for få all trafikk av tømmerbilar frå Holtsås i nord og ikke gjennom Nordagutu og Akkerhaugen og for å færre negative konsekvensar av traséen.		
Alt 1 frå vest (som i innspelet): 0,6/0,9km (avhengig av om terminalen lokaliseres nord eller sør for sporet). Dyrka mark vil bli berørt, avkjøring i parti med stigning på fv 3340, større terrengeingrep i form av fylling/skjering langs tilkomstveg vil sannsynlegvis vere naudsynt. Nær eksisterande bustader. Grunneigarar og naboor ønskjer ikkje løysinga. Avkjøring frå fv 3340 såpass langt sør at det kan vere vanskeleg å styre at tømmerbilar ikkje kjem sørfrå gjennom Akkerhaugen og Nordagutu tettstader med dei ulempene det gir for trafikktryggleik.		



Alt 2 frå nordvest: 1,3 km. Noko dyrka mark vil bli berørt, men sannsynlegvis mindre enn ved alt. 1. Vegen vil delvis gå over dyrka mark ved avkjøring frå fv 3340. Stigning kan vere krevande, men det er sannsynlegvis mulig å få til akseptable stigningsforhald. Sannsynlegvis enklare stigningsforhald enn om tilkomsten vart lagt sør for Nordagutuvn 931. Tilkomst kunne også gå via eksisterande gardsveg, men dette vil gi blanda trafikk med tømmerbilar og trafikk av bilar og mjuke trafikantar til gardane. Vegtrase vil gå nær fritidseigedom.

Alt 3 frå nord: 1,9 km. Kan vere konflikt med naturverdiar i bekkedalen. Krevande terregn/topografi, masser og hydrologi. Stigningsforhald er svært krevande fordi stigning frå ca 25 moh til 125 moh må takast på tilkomstvegen, medan dei to andre alternativa tar meir av stigninga på fylkesvegen.

Området har potensial som levestad for trua arter, og det er behov for å gjennomføre naturtypekartlegging før iverksetting av tiltak. Sidan området omfattar to alternative lokaliseringar og ulike tilkomster til denne, bør kartlegginga gjennomførast i samband med reguleringsplan. Det meste av området er i gjeldande kommuneplan allereie avsett til utbyggingsformål (næring).

Tiltakshaver vil vere ansvarlig for støyfagleg utgreiing med beregning og kartfesting av støysoner ved etablering av ny støyande verksem, dette må gjerast i reguleringsplanarbeid. Her vert tidspunkt for drift og avbøtande fysiske tiltak sentrale. Det vil vere naturleg å nytte same tilkomst til tømmerterminalen som til næringsområdet ved Sunde.

Konklusjon

	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr.29

Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabi-litet	Mat. Verdiar	
Jordskred som resultat av tiltak på fv	Lav	Middels	Stor	Stor	Området ligg under marin grense, og det er svært bratt terregn ned mot elva vest for fv.3360
Skog/lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr. år. Konsekvens for liv/helse vrurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvens for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på terminalen. Først og framst risiko dersom lokalisering sør for sporet.
Svekking av energiforsyning	Lav	Lav	Lav	Lav	Høgspentlinje går gjennom området i vest. Dersom sørleg alternativ for terminalen vert valt, må tilkomst tilpassast høgspentlinja eller denne må leggast om.

Oppfølging i plan: Reell skredfare ved evt. tiltak på/langs fv 3360 og behov for barriere for å redusere konsekvensar av ein større skogbrann må avklarast i reguleringsplan. Ved val av lokalisering nord eller sør for sporet i reguleringsplan, må tilhøvet til høgspentlinja avklarast.



5.7 Nr 30, Herremo

		<p>Område: Herremo Areal: 27 daa Føremål: Nærings Eks. arealbruk: Bygningar, lagringsplass, skog Kommuneplan: LNF, omsynssone støy (H220_2), tilgrensende omsynssone vassforsyning (H120) Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		<200m til Bø elva (leveområde for elvemusling). Verkstadverksmed kan medføre forureining av vatn av ulik karakter som potensielt kan påverke elvemusling.
Jordvern og jordressursar		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Delar av området dekt med barskog av middels bonitet. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfold	Delvis negativ	<200m til Bø elva (leveområde for elvemusling). Furukorsnebb (art av særleg stor forvaltningsinteresse) registrert i området. Sandsvale og taksvale registrert i nærleiken. Det kan ikkje utelukkast at tiltak i området kan få konsekvensar for raudlista artar. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området ligg på ei mektig breelvavsetning (deltaflatte) bestående av sand og grus med solinnstråling fra alle himmelretningane. Ca. halve arealet er næringsareal som er bebygd eller består hardpakka køyre- og parkeringsareal. Det resterande arealet har fråvær av eksponerte flater av sand- og grus. Hogstklasse er ikkje kategorisert for arealet, men tilstøytande skogsareal har hogstklasser 3, 4 og 5. Det er fråvær av ståande og liggande døde tre og hengelav. Området kan ha potensial som levestad for trua arter knytt til sand- og grusavsetninga. Fråvær av eksponerte flater av sand og grus utover det som er hardpakka veg og parkeringsareal, reduserer potensialet for viktig naturmangfold.
Vass- og lausmasseress.		Bøelva (016-2408-R) er registrert i Vann-nett med god økologisk tilstand. Det er sannsynleg at tiltak i området ikkje vil påverke miljøstatus/elvemusling eller eksisterande drikkevasskjelder i området. Området grensar direkte mot omsynssone vassforsyning, men er pr. i dag ikkje omfatta av klausuleringsområdet. Området ligg på ein stor lausmasseressurs med betydeleg grunnvasspotensial. Ev. utviding av vassverket kan føre til eit utvida influensområde for nye brønnar.
Kulturminne og kulturmiljø	Delvis negativ	Det er ein del kulturminna (automatisk freda) registrert i nærleiken av området. Området bør undersøkast.
Landskap og byrom		Ligg i tilknyting til allereie eksisterande massetak.
Grønstruktur og friluftsliv		Friluftsområde Moen bru-Seljordsvatnet ligg sørvest for området.. Det vurderast at maskinverksmed i området ikkje ville påverke friluftsliv negativt.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.



Klimagassutslepp	Delvis negativ	Det må pårekna tungtrafikk frå og til anlegget, men sannsynleg same aktivitet som i dag. Delar av området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Ligg ved rv.36 men langt til nærmeste haldeplass.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Ikkje avløp, berre kommunalt vatn. Tett på eksisterande rv 36.
Sosial infrastruktur		Ønska tiltak i området påverkar ikkje sosial infrastruktur
Folkehelse og universell utforming		Det er ei gul støysone i området. Det vurderast at ønska tiltak ikkje står i konflikt med støysona. Det er ikkje kjennskap om at området er i bruk til rekreasjon eller universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Det er ikkje kjennskap til om området vert brukt av barn og unge. Området ligg ikkje i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Innspelsområde ligg ikkje i fare- eller aktsemdosområde, men ligg under marin grense. Området har god tilkomst via rv.36.
Kommune-økonomi		Maskinverksmed i området påverkar antakeleg ikkje kommuneøkonomi

Samla vurdering og eventuelle alternativ

Området ligg i tilknyting til eksisterande massetak og på en mektig grusressurs. Det ligg til rette med vegtilkomst i området, men av omsyn til grusressursen og framtidig drikkevassforsyning, bør ein vere svært varsam med å legge inn byggeområde her. Det vil bli behov for fleire drikkevassbrønnar i området, noko som vil kunne endre dagens omsynssone for drikkevasskjelda. Ein har ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i dag for å avklare om ureining i dette området vil kunne påverke framtidige brønnar, men føre var-prinsippet bør leggast til grunn slik at ein ikkje opnar for ei arealbruk som kan kome i konflikt med framtidige behov.

Konklusjon

Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr.30					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Lav	Middels	Liten	Stor	Området ligg under marin grense, og områdestabilitet er ikkje vurdert. Reell geofare og byggtekniske sikkerheitsklassar må avklarast i reguleringsplan. Konsekvensane av ustabil grunn vurderast som låg unntatt for materielle verdiar, knytt til bygnings-/settingsskader.
Ureining av drikkevasskjelde	Middels	Stor	Liten	Stor	Brønnane som forsyner Bø vassverk ligg langs Bøelva oppstrøms området. Området ligg utanfor klausuleringsområdet til brønnane, men det er behov for å etablere fleire brønnar framover. Utviding av vassverket kan gje eit utvida influensområde for drikkevasskjelda. Ei utilsikta forureining av vasskjelda kan ha store



					konsekvensar for liv og helse, men også materielle (knytt til fjerning av forureining). Ei konkrete fare for forureining går ikkje fram av ønska tiltak i området og vurderast derfor som middels. Plassering av framtidige brønnar og influensområdet for desse er usikker og risikovurderinga vert difor først og framst ei føre var-vurdering.
Høgspent	Lav	Liten	Liten	Liten	Det går ein høgspentlinje 22 KV langs vegen vest for området. Ved nybygg og nye anlegg må ikkje skade høgspnten.
Oppfølging i plan: Det må stillast krav til geoteknisk undersøking og grense mot framtidig drikkevasskjelde må avklarast i reguleringsplan.					

5.8 Nr 31, Skjelbreid, Breiva gjestegard

		<p>Område: Skjelbreid Areal: 43 daa Føremål: Fritids- og turistformål Eks. arealbruk: landbruk, turisme (Breiva Gjestegaard og Glamping) Kommuneplan: Bustad, LNF spreidd bustad- og næringsbygg (B/N7) Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		Ikkje registrert forureina grunn i området. Det er ingen registrerte støykjelder i nærlieken, avstand til fv.3330 er ca.800m. Området ligg utan direkte kontakt med naboar, og vil i liten grad tilføre støy til omgjevnadene sjølv om det vert ein liten auke i trafikk.
Jordvern og jordressursar		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med barskog av lav til middels bonitet og noko open fastmark. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfald		Ingen registrerte raudlisteartar eller naturtyoer i eller ved området. Området ligg inn i verneområde for vassdrag. Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Området ligg på grunn morene og fjell på flatt og delvis austvendt terren. Mykje av arealet ligg i hogstklass 5, men ein del av arealet er gardstun eller hogd ut. Det er fråver av ståande og liggande daude tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vass- og lausmasseress.		Ein registrert fjellbrønn for vassforsyning. Ingen registrerte lausmasseressursar.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller -miljø i området. På Skjelbreid nord for området ligg det eit freda og eit uavklart arkeologisk minne.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Ligg i eit område med landbruk. Området har lite eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde.



Grønstruktur og friluftsliv		Ingen kjent friluftsaktivitet innanfor området. Næraste friluftsområde er Myrvoll og Dansarberga vest for området.
Energiproduksjon		Det er registrert ein energibrønn i området.
Klimagassutslepp	Delvis negativ	Heile området er dekt med skog. I bruk som gjestegård med glamping i dag. Legg ikkje opp til utbygging, men glamping-telt i skogen.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Det er ikkje tilgang til kollektivtrafikk.
Teknisk infrastruktur		Kan koplast på offentleg veg. Ingen VA-nett i området. Minirenseanlegg på 40 PE etablert, vatn frå to eigne brønnar
Sosial infrastruktur		Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming		Turisme på området i dag. Utbygginga har ingen negativ innverknad for folkehelse eller friluftsliv. Det er god potensiale for universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Det er ikkje kjennskap til om området vert brukt av barn og unge. Området ligg ikkje i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap		Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg via Skjelbreidvegen.
Kommune-økonomi		Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader.
Samla vurdering og eventuelle alternativ:		
Breiva Gjestegård og Glamping er allereie etablert på eigedomen i tråd med dispensasjon fra kommunepalanens arealdel. Verksemda har vist seg å vere ei vellukka supplering av overnattingstilbodet i kommunen, og er ikkje i konflikt med viktige omsyn. Området ligg skjerma, har gode solforhold, og eignar seg godt til formålet. Området bør setast av til Fritids- og turistformål.		
Konklusjon		
	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført	
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel	
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan	

ROS innspel nr.31					
<u>Sårbarheit:</u> TEK17 stiller avstandskrav som hindrar brannspreiing mellom bygningar.					
<u>Eksisterande barrierar:</u> Ingen kjente barrierar					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabi-litet	Mat.verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr. år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvens for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bygningar. Avstandsreglar i PBL § 29-4 sikrar spreiing mellom bygningar.
<u>Oppfølging i plan:</u> Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiing av skogbrann reguleringsplanen.					



5.9 Nr 32, Rallevegen

		<p>Område: Rallevegen Areal: 40 daa Føremål: Nærings (massedeponi/komposteringsanlegg)</p> <p>Eksisterande arealbruk: Skog Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_6)</p> <p>Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Ei komposteringsanlegg vil medføre ureining i form av lukt og kan føre til avrenning til Hørteelva. Omfanget av lukt vil avhenge av omfang av komposteringsmasser, type masser og korleis verksemda driftast. Dagens komposteringsanlegg rett ved har løyve frå Fylkesmannen, som ikkje har mottatt klager på lukt. Evt. forureinande aktivitet krev løyve etter forureiningslova. Tiltaket medfører ei auke i tungtrafikk på Rallevn. Ikkje forureina grunn i området.
Jordvern og jordressursar		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. I hovudsak uproduktiv skog, men med ei smal stripe av skog med middels bonitet langs vegen. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfold	Delvis negativ	Fleire artar av forvaltningsinteresse i nærleiken, antakeleg rikt fugleliv i området. Området ligg i verneområde for vassdrag. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området ligg i hovudsak på grunn morene og fjell. Eit mindre område i sør aust består av breelvavsetningar. Området er vendt mot nordaust og har ikkje eksponerte flater med grus/sand. Mykje av området er i hogstklasse 5, men ein mindre del av arealet i sør er hogd ut. Det er i stor grad fråvær av ståande og liggande døde tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vassressursar og lausmasseressursar	Delvis negativ	Avrenning frå området mot Hørteelva (016-1752-R) og i området med antatt betydeleg grunnvasspotensiale. Miljøstatus av elva klassifisert som god og det er ikkje påvist belastande forureining frå eksisterande komposteringsanlegg. Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde, men i nærleik til veg og anna næringsareal. Innspelet omfattar eit stort område som i dag er urørt og med betydeleg høgdeforskjellar. Dersom området sprengast ut for å planerast, vil dette Eit kompostanlegg er ikkje visuell attraktiv, men flytting av eksisterande kompostanlegg kan skape eit bedra estetisk uttrykk i eit meir eksponert område mot elva.
Grønstruktur og friluftsliv		Området ligg innanfor friluftsområdet Folkestadåsane, svært viktig friluftsområde (A). Det er ikkje registrert sti i innspelsområde, men det går ei merka tursti forbi området i sør. Dersom dagens komposterings-anlegg leggast ned og innlemmast i dette området, vil



		det kunne gjere stien langs elva og området rundt meir attraktivt. Rallevn brukast av mjuke trafikantar som er på tur i området.
Energiproduksjon		Det kan produserast energi ved kompostering av organisk avfall, men ikkje ved ei open kompostering, slik det er ved eksisterande anlegg.
Klimagassutslepp	Delvis negativ	Det må pårekna tungtrafikk frå og til anlegget. Området er dekt med skog, og innspelet berører eit myrområde lengst i vest. Ei arealendring frå myr og skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp. Tilbakeføring av areal til friluftsformål gir positiv effekt.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Tungtrafikk frå og til anlegget kan vere negativt for mjuke trafikantar langs Rallevn.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Rallevn er kommunal veg. Det er ikkje V/A eller straum i området som kan legge til rette for alternativa til open kompostering.
Sosial infrastruktur		Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	Usikker	Kan påverke friluftsliv og tilgang til naturterrenge negativ. Det vurderast som positiv om eks. komposteringsanlegg flyttast unna turstien.
Bumiljø og oppvekstvilkår	Usikker	Det er ikkje kjennskap til om området vert brukt av barn og unge. Området ligg ikkje i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap		Ingen registrert naturfare i området, ligg over marin grense. To moglege tilkomstvegar og omtrent 1 km til nærmeste fylkesveg.
Kommune-økonomi	Usikker	Rallevn er kommunal veg, om tungtrafikken aukar i samband med tiltaket kan dette medføre auking i driftskostnader knytt til vedlikehald av vegen.

Samla vurdering og eventuelle alternativ

Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å ivareta viktige friluftsområde, men legg til rette for mottak av masser som det i dag er mangel på areal for å ta i mot. Dette gjeld t.d. stubb og kvist som næringsavfall og snø. Forslagsstiller ønsker å ta i mot masser og gjenvinne til lokal bruk og å vidareutvikle dagens mottak av avfall for kompostering, men samle alt på vestsida av Rallevegen. Dette er i tråd med strategiar i samfunnsdelen om å legge til rette for attraktive næringsareal, nyetableringar og vidareutvikle eksisterande næringar og bør vektleggast.

Det er eit større område med urørt landskap som er foreslått tatt i bruk til massedeponi og komposteringsanlegg, og det er 20m høgdeforskjell frå Rallevn og lengst vest i området. Inngrepet i friluftsområdet vert større jo lenger opp i åsen området strekk seg. Det er elles lite konfliktar med andre omsyn her. For å redusere inngrepet i landskapet og konsekvensane for friluftsliv, bør området avgrensast slik at det ligg inn mot vegen og at ein unngår myrområdet og dei høgaste partia i vest. Eksisterande komposteringsanlegg på motsett side av vegen ligg som næringsområde i gjeldande plan. Det vil vere ein fordel å samle verksemda på ei side av vegen og lengre unna Hørteelva, men dette krev større areal på vestsida av vegen. Arealet vest for vegen stiger relativt bratt mot vest til å nyttast til dette formålet, og eksisterande areal på austsida av vegen vert vurdert som meir eigna terremessig. For å unngå store inngrep i form av sprenging mot vest, bør dagens komposteringsareal vidareførast i planen og området vest for vegen reduserast i høve til innspelet, og leggast nærmare vegen.

Arealet bør leggast av «Andre typer bygg og anlegg», som omfattar verksemda massedeponi, som vil vere ei stor del av verksemda. Dette vert difor vurdert som eit meir riktig formål enn «Næring» jf innspelet.

Tiltaket medfører ei risiko for forureining, både i form av avrenning og lukt og krev løye etter forureiningslova. Det vert vurdert at ei open komposteringsløysning, slik som i eksisterande anlegg, bidrar negativ til klimareknskapen. Alternative komposteringsløysningar kan redusere konsekvensane for klimagassutslepp, redusere luktdanning eller i beste fall bidra positiv til energiproduksjon og klimaregnskap. I reguleringsplanprosessen må lukt og avrenning til Hørteelva utgreiaast nærmare, og det må sikrast at ein ikkje får sjenerande luktdanning eit større område.



Konklusjon	
	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr. 32					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabi- litet	Mat. verdiar	
Skog/ lyngbrann	Høg	Liten	Stor	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr. år. Tiltaket legg i liten grad til rette for opphold i området og konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. tilknyting til veg og god tilkomst. Konsekvensen for materielle verdiar er usikker og avhenger av utforming av anlegget. Potensiell konsentrert danning av gassar ved komposteringsanlegg kan medføre auka eksplosjonsfare ved skogbrann. Det er ikkje kjennskap om utforming av anlegget, noko som gir usikkerheit i vurdering av konsekvens. Varmgang i kompost kan føre til skogbrann.
Trafikkulykke med mjuke trafikantar	Middels	Liten	Liten	Liten	Folkestådåsen er eit populært friluftsområde. Det må reknast med at mjuke trafikantar ferdast regelmessig på Rallevegen. Tungtrafikk og mjuke trafikantar på ein forhaldsvis smal veg kan auke risiko for påkøyrsel.

Oppfølging i plan: Behov for barrierer som hindrar spreiing av skogbrann i reguleringsplan må vurderast.



5.10 Nr 33, Folkestadåsen, Hellestad sandtak

		<p>Område: Folkestadåsen, vist i to ulike alt (1 og 2)</p> <p>Areal: Alt 1: 60 daa. Alt 2: 77 daa</p> <p>Føremål: Råstoffutvinning</p> <p>Eksisterande arealbruk: Skog</p> <p>Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_6)</p> <p>Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Grunnforureining registrert i nærleiken (Revdalen avfallsdeponi og Djupegrop), men ikke i området. Støy og støv i samband med massetak. Ingen spesiell sårbare kjente recipientar i nærleiken.
Jordvern og jordressursar		Det er ikke registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. I stor grad uproduktiv barskog. Ei utbygging påverkar ikke landbruket.
Naturmangfold		Ingår registrerte viktige område for biologisk mangfold. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området består av bart fjell med stadvis tynt løsmassedekke. I nordvest er det eit mindre areal med tynt humusdekk over berggrunn og i vest eit område med breelvavsetning. Sistnemte areal har ikke eksponerte flater med sand og grus. Terrenget er vendt mot sørvest. Arealet er i hogstklasse 5 og noko i hogstklasse 4. NIBIOS skogbrukskart viser eit areal på i underkant av 10 daa vest i området med hogstklasse 5, men dette arealet er høgd ut. Fråver av ståande og liggande døde tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite. Sørlege «arm» av området går inn i lokalitet med kvartærgeologisk verneverdi, først og framst lokal verdi, jf naturbase. I gjeldande KPA er det gjort ei avvegning mellom masseuttak og omsynet til den geologiske lokaliteten som gjer at lokaliteten ikke er vist med omsynssone naturverdi slik som tilsvarende område med verdi som geologisk arv.
Vass- og lausmasse-ressursar		Ingår registrerte brønnar knytt til vassforsyning, men området ligg i utkanten av område med antatt grunnvasspotensiale. Resursområde for pukk med lokal betydning i delar av innspelsområde. Innspelsområde er litt større ein kartlagt ressursområde.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området
Landskap og byrom	Delvis negativ	Landskapet er godt skjerma av skogen rundt, og ligg ikke eksponert til viktige utfartsområde. Området ligg i forlenging av ei eksisterande massetak. Det vurderast at ønska utviding ikke er ei inngrep i urørt landskapsrom, men i eit landskap med typiske kvalitetar for området. Det er naudsynt med ei vurdering om etterbruk når drifta vert avvikla.
Grønstruktur og friluftsliv		Området ligg i omsynssone viktig friluftsområde, kartlagt som svært viktig (A). Det er fleire stiar i området og i nærleiken som kan bli påverka av ein utviding av dagens massetak. Området er elles i liten grad tilrettelagt for



		friluftsliv (for eksempel med parkering, registrerte stiar). Alt 1 får sannsynlegvis mindre konsekvensar for friluftslivsverdiane enn alt 2 fordi dette ligg lenger unna turstien. Alt 2 ligg tett på tursti.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag.
Klimagassutslepp		Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til masseuttak ville føre til auka klimagassutslepp. Tilbakeføring til friluftsformål etter avslutta drift kan vere med å kompensere for tap av skog.
Transportbehov og trafikktrykkleik		Det er noko spreidd busetting langs tilkomstvegen, men det ligg til rette for tungtransport frå og til området.
Teknisk infrastruktur		Teknisk infrastruktur i området legg til rette for gjennomføring av tiltaket.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	Området vert brukt til friluftsliv, men er i svært liten grad tilrettelagt. Nærleiken til eksisterande massetak gjer at området er utsatt for støy/inngripande tiltak. Jo lenger inn i åsen uttaket går, jo mindre buffer vert det mot støy frå massetaket.
Bumiljø og oppvekstvilkår	Usikker	Det er ikkje kjente målpunkt for barn og unge i dette området.
Samfunnstryggleik og beredskap		Det er ikkje kjente naturfarar i område. Området ligg over marin grense. Det er forhaldsvist kort veg til fylkesveg. Tilkomstvegen er dimensjonert for tungtransport og eigna for utrykkingskøyretøy.
Kommune-økonomi		Påverkar ikkje kommunale drifts- og investeringskostnader. Hovudtilkomstveg er kommunal, men ønska tiltak førar antakeleg ikkje til auka tungtrafikk på vegen samanlikna med i dag.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet er i strid med arealstrategien om å ivareta viktige friluftsområde fordi det bidrar til å snevre inn den sørlege delen av Folkestadåsen mot Åskollen. Det er behov for å sette av areal til råstoffutvinning i kommunen, og vidareutvikling av verksemda i Hellestad sandtak er viktig for den delen av næringslivet som er knytt til masseuttak og produksjon basert på desse ressursane. Utviding av eit eksisterande massetak vurderast å gje mindre landskapsmessige påverknad enn opning av nye, og det bør difor leggast til rette for utviding her.		
For å minimere dei negative konsekvensane for friluftslivsverdiane, bør området avgrensast i tråd med alt 1. Alt. 2 ligg tettare på tursti. Buffersone og sikring mot stier må følgast opp i reguleringsplan. I reguleringsplanen må også avslutning og etterbruk avklarast.		
Konklusjon		
	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd videreført	
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel	
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan	



ROS innspel nr.33					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	Forklaring
Terrengformasjonar	Lav	Middels	Liten	Liten	I massetak må ein rekne med potensielt farlege stup. Området ligg rett ved ei tursti. Konsekvensen av fall kan vere svært alvorleg for enkeltpersonar. Området er ikkje synfart, det er uvisst om farlege terrengformasjonar kan oppstå i samband med ønska tiltak.
Trafikkulykke med mjuke trafikantar	Lav	Middels	Liten	Middels	Påkøyring av mjuk trafikant ved veg/traktorveg av maskinar/tungtrafikk. Farts grensa på 50 km/t reduserer sannsyn for hendinga. Ytterlegare trafikksikringstiltak ved avkøyringar og uoversiktlege stadar bør vurderast.
Verksemder med fare for brann og eksplosjon	Lav	Middels	Liten	Liten	Det er sprengingsarbeid i samband med uttak av stein. Sannsyn for at ei uønskt hending i samband med sprengingsarbeidet inntreff vert redusert ved ansvarleg lagring av sprengstoff og ansvarleg sprengingsarbeid. Konsekvensane av ei uynskt hending kan vere svært alvorlege for personar på staden.
<u>Oppfølging i plan:</u> Behov for sikring av stup mot tursti og trafikksikringstiltak må avklarast i reguleringsplan.					

5.11 Nr 36, Vårbusvingen

		<p>Område: Vårbusvingen Areal: 10 daa Føremål: Råstoffutvinning Eksisterande arealbruk: Skog Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		Ønska tiltak vil føre til utslep av støy, støv og evt. kunne bidra til forureining av vatn. Området har avrenning inn i ei myrområde og til Juvsåa. Det er registrert viktige naturtypar langs elva. Juvsåa er ei sårbar recipient (moderat økologisk tilstand). Området ligg inn i området med verneplan for vassdrag. Kan medføre støy mot fritidsbustader i Vårbuåsen. Tiltaket vil medføre ei auke i lange køyretøy på fv.3332.
Jordvern og jordressursar		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Barskog med høg bonitet i store delar av området. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfold	Delvis negativ	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller artar i området, men viktig naturtype rett nord for området. Ønska arealbruk kan innverke



		på viktige naturtypar (for eks. spreiling av uønskte artar gjennom massemottakk). Området ligg i verneområde for vassdrag. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området har tynt morenedekke over fjell. Terrenget er vendt mot vest. NIBIOS skogbrukskart viser at området består av skog hogstklasse 3, 4 og 5, men området er hogd ut for få år sidan og er bevokst med tre i "juletrestorleik". Fråvær av stående og liggande daude tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vassressursar og lausmasseressursar	Delvis negativ	Ligg inn i verneplanområde for vassdrag. Avrenning mot Juvsåa som er kategorisert med moderat økologisk tilstand. Ønska arealbruk i området (masseutvinning og -mottak) ville potensielt kunne ha innverking på økologisk tilstand i recipientar. Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø		Brukarminne registrert i området. Det er lokal kjennskap om ei gamle stor gard på Vårbu. Det er ikkje kulturminna med vernestatus registrert i nærleiken og potensialet for å finne nye fornminne vurderast som lågt på grunn av dette.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Ønska arealbruk ville gje store inngrep i ei landskapsrom med typiske kvalitetar for området. Området ligg på høgde med ei mindre hyttefelt (5 hytter) ved Vårbuåsen og kan potensielt ligge eksponert for hytter lengre oppe i høgda. Det er naudsynt med ei vurdering om etterbruk når drifta vert avvikla.
Grønstruktur og friluftsliv	Usikker	Innspelsområde ligg i nærleiken til viktig friluftsområde, men det er ikkje registrert tursti/skiløypa i området. Det er fem eksisterande hytta ved Vårbuåsen. Brukare av disse kan potensielt ble påverka av ønska arealbruk.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel. Det er ikkje kjennskap til energiproduksjon i området
Klimagassutslepp		Store delar av området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til råstoffutvinning ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik		Ei massetak/massemottak i området ville medføre ein del tungtrafikk, men dette vil ikkje medføre dårlegare trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Det er eit behov for masseuttak nær Lifjell for å redusere transport til hytteutbygging. Siktilhøva for ny avkjøring nær sving på fv 3332 må sikrast.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Området ligg inntil fv 3332 og har god tilkomst via denne, men det vil vere behov for ny avkjøring frå fylkesvegen.
Sosial infrastruktur		Tiltaket påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	Området ligg ved ei mindre hyttefelt (5 hytta) ved Vårbuåsen og kan vere eksponert til større hytteområda på Lifjell. Mykje tungtransport, støy og støv forureining i nærleiken til Vårbuåsen kan vera ei uheldig samlokalisering. Innspelsområdet og nærområdet er ikkje tilrettelagd for friluftsliv.
Bumiljø og oppvekstvilkår	Usikker	Det er ikkje kjente målpunkt for barn og unge i dette området.
Samfunnstryggleik og beredskap		Innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og steinsprang. Ligg over marin grense. Lifjellvegen er sentralt som tilkomstveg for utrykkingskøyretøy for Lifjell området.



Kommuneøkonomi		Påverkar ikkje kommunale drifts- og investeringskostnader. Hovudtilkomstvegen er fylkeskommunal veg.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det har over lengre tid vore ønske om eit masseuttak nær Lifjell som kan nyttast i samband med hytteutbygging. Dette omsynet vert veklagt når området tilrådast sett av til råstoffutvinning.		
Denne typen verksemder genererer støy og urening i form av støv. For knusing og sortering av massar gjeld forureiningsforskrifta. Konsekvensar av støy og støv og avbøtande tiltak (vegetasjonsskjerming, driftstider osb) må utgreia i reguleringsplanen saman med sikkerheit mot ras og skred og avslutting og etterbruk av området. Trafikktryggleik knytt til avkøyring må vektleggast.		
Konklusjon		
		Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
		Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
		Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr.36					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Middels	Middels	Stor	Stor	Ligg i aktsemdosområde for jord- og flaumskred og steinsprang. Om store terrengeinngrep i samband med ønska tiltak utløyer ras/skred, kan det få store konsekvensar for både liv/helse, stabilitet og materielle verdiar. Geotekniske undersøkingar av området er ikkje kjent. Det er difor stor usikkerheit knytt til realistisk farenivå og evt. utløp av ras/skred. Naturleg vegetasjon i området kan verre ei potensiell naturleg buffer mot jord- og flaumskred.
Verksemder med fare for brann og eksplosjon	Lav	Middels	Liten	Liten	Det vil vere sprengingsarbeid i samband med eit masseuttak. Sannsyn for uønskt hending i samband med sprengingsarbeidet reduserast ved ansvarleg lagring av sprengstoff og ansvarleg sprengingsarbeid. Konsekvensane av ei uønskt hending kan vere svært alvorlege for personar på staden.
Ulykkespunkt	Høg	Liten	Liten	Middels	Det er registrert fleire trafikkulykker på fv.3332 ved området. Området ligg i ein sving, og nye vegar og avkøyringar må følgje krava i vegnormalane.

Oppfølging i plan: Stille krav til vurdering av rasfare og trafikktryggleik i reguleringsplan.



5.12 Nr 38, Hørte



Område: Hørte
 Areal: 10 daa
 Føremål: Nærings
 Eksisterande arealbruk: Uthogd skog
 Kommuneplan: LNF
 Reguleringsplan:
 PlanID: 10042002, Jord- og skogbruk

Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Sør for området ligg eit viktig område for naturmangfald. Støybelastning i samband med tungtrafikk langs Sætrevn er ikkje kartlagt, men ei auke i tungtrafikk vil medføre meir støy. Innspelet planlegg for parkering av laustraller i direkte nærleik til tursti og bustadområde.
Jordvern og jordressursar	Delvis negativ	Dyrkbar jord i heile området, men ikkje del av samanhengande dyrbart område. Konsekvensane for landbruk vert vurdert som små.
Naturmangfald	Usikker	Det er fleire arter av forvaltningsinteresse/områder med eit stor tall registrerte trudde fuglearter i nærleiken. Det er usikkert korleis ei føremålsendring i området ville påverke nemnte fugleartane. Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Området ligger på ei flat elveavsetning (elveterrasse) av sand og grus. Flata er dekt med mose og lyng og har ikkje eksponerte flater av sand- og grus. Skråning i ytterkant av området er vendt mot vest. NIBIOS skogbrukskart viser hogstklasse 4, men dette arealet er hogd ut for fleire år sidan og er nå utan skog og stående og liggande daude tre og hengelav. Det kan vere potensial for at området er levestad for trua arter knytt til sand- og grusforekomsten. Potensialet vurderast likevel å vere begrensa med bakgrunn i fråvær av eksponerte flater. Ut over dette vurderast området å ha lite potensial for viktig naturmangfald.
Vassressursar og lausmasseressursar	Delvis negativ	Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området. Ligg i området med antatt betydeleg grunnvasspotensial.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Området ligg 10m høgare enn tursti. Ei føremålsendring ville gjer inngrep i ei landskapsrom med typiske kvalitetar for området.
Grønstruktur og friluftsliv	Delvis negativ	Ligg delvis innanfor friluftsområde kartlagt som viktig (B). Det ligg ei tursti ved området. Ei føremålsendring kan få negativ innverknad på området langs turstien.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp		Ønska arealbruksendring ville i liten grad utgjer ei forskjell i klimagasregnskapet for området. Ei evt. auke i tungtrafikk i området vil auke utslepp av klimagassar noko. Ei utbygging i dette området er i samsvar med ABC-prinsippet for næringsareal. Ligg ved eit allereie eksisterande industriområde.



Transportbehov og trafikktrykkleik		Innspelet gjeld areal for lastebiltraller, så tiltaket vil føre til st ein del tungtrafikk frå og til området. Utfordrande med tilkomst og manøvrering på eit smalt område. Det kan vere negativ for mjuke trafikantar som ferdast langs Sætrevegen. Det er ikkje gangfelt/fortau langs Sætrevegen pr. i dag. Kort avstand til kollektivtilbod, nærmeste haldeplass for lokalbuss er Snippen langs Sætrevegen.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Offentleg infrastruktur i området, men utbetring av tilhøve for mjuke trafikantar må vurderast. Ei reguleringsplan frå 2002 legg til rette for ein alternativ vegtrase, men lange køyretøy kan ikkje snu her.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	Tursti langs området. Om tydeleg avgrensing av formålet, går ikkje endra arealbruk utover turstien. Men mykje tungtrafikk i området kan opplevast som sjenerande (støy, støv, lukt, negativ estetisk effekt).
Bumiljø og oppvekstvilkår	Delvis negativ	Tursti i samanheng med bustadområde er antakeleg eit målpunkt for barn og unge i området. Ønska arealbruk kan vere i konflikt med barn og unge sine interesser i området
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Ingen naturfare i området, men ligg på toppen av ei bratt skråning under marin grense. Fleire moglege tilkomstvegar og cirka 500m til fv.3336/8.
Kommune-økonomi		Det er regulert ei ny vegtilkomst i nærområdet (2002, men ikkje realisert). Det er mogleg tiltaket gir auka behov for vedlikehald av eksisterande kommunal veg inn i området og ei aukande etterspørsel etter trafiksikkerheit i området.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Arealinnspelet er i strid med arealstrategien om å ivareta dyrkbar mark, men området er lite og ligg ikkje i tilknyting til landbruksareal. Omsynet til behovet for areal til lager av lastebiltraller vert veklagt, og området bør leggast av som næringsformål. Nærleik til dagens næringsområde er positivt, men ideelt sett skulle arealet ligge på same side av vegen som eksisterande næringsområde. Dette er ikkje fullt utbygd, men tiltakshavar har ikkje lykkast i å få tilgang til noko av det regulerte arealet innanfor området. Tilkomstvegen vurderast som potensielt trafikkfarleg, der tungtrafikk og mjuke trafikantar ferdast i same vegbane. Rekkefølgekrav om opparbeidning av regulert veg sør for Hørte sentrum ville i stor grad løyse dette problemet, men dette vert vurdert som urealistisk for dette innspelet. I reguleringsplan må stabilitet avklarast og området må avgrensast tydeleg med inn- og utkøyring, slik at det ikkje vert eit samanhengande trafikkareal ut mot vegen. Med bakgrunn i vurderinga som er gjort av potensialet for trua arter knytt til sand- og grusførekomsten ser ein ikkje behov for å krevje naturtypekartlegging før tiltak i området.		
Konklusjon		
	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført	
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel	
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan	



ROS innspel nr.38					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Mat. verdiar	
Skredfare/ ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord, fjell)	Lav	Middels	Middels	Stor	Området ligg under marin grense og på toppen av ei skråning. Reell geofare og eventuelle byggtekniske sikkerheitsklassar må avklarast i reguleringsplan.
Verksemder med fare for brann og eksplosjon	Lav	Liten	Liten	Middels	Lastraller utgjer ingen særskilt brannfare, men lasta kan vere brannfarleg. Konsekvensane vurderast å vere primært materielle. Det er ikkje kjennskap til om det er planlagt lagring av tomme lastraller eller om dei også kan vere lasta.
Trafikkulykke med mjuke trafikantar	Middels	Middels	Liten	Middels	Trafikkutsitasjon i området utgjer ein sannsynleg fare for påkøyring av mjuke trafikantar langs Sætrevn. Mjuke trafikantar og tungtrafikk ferdast på same vegbane langs ein stadvis uoversiktleg veg gjennom eit bustadområde. Det ligg ikkje føre ei detaljert trafikkvurdering av området.
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til geoteknisk undersøking og vurdering av trafikktryggleik i reguleringsplan.					

5.13 Nr 42, Brenna

		<p>Område: Brenna Areal: 13 daa Føremål: Næring</p> <p>Eksisterande arealbruk: Gardstun, dyrka mark Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: PlanID 10052003: Landbruk (planteskole), avkøyring. PlanID 3817-10132016: G/s-veg. PlanID 3817-10142018: G/s-veg/haldeplass</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Usikker	Ligg inneklemt mellom rv36 og næringsareal. Det er ikkje kjennskap om tiltak i området ville bidra til auka forureining.
Jordvern og jordressursar		Dyrka jord 5,7 daa i området. Ei utbygging påverkar landbruket negativt.
Naturmangfold	Delvis negativ	Arter av stor forvaltningsinteresse i nærlieken av området. Utvalt naturtype ved Tørshøl-evja, cirka 100m frå området, er lokalt viktig. Mindre landbruksareal i blant utbygd areal og infrastruktur kan fungere som ein naturleg buffer og eit viktig areal for fleire artar. Potensial for naturmangfold utover det som er registrert: Området ligg på



		dyrka jord. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vass- og lausmasseress.	Delvis negativ	Elveavsetning. Antatt betydeleg grunnvasspotensiale, fleire lausmassebrønnar for vassforsyning i ved Torshøl. Ei utbygging vil kunne få konsekvensar for vassressursar i nærlieken.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.
Landskap og byrom		Ligg ved Brenna industriområde og langs rv.36. Området vurderast til å ha lite estetisk verdi og ligg ikkje eksponert mot viktige utfartsområda. Området grensar mot næringsareal på alle sider, og utviding av næringsføremål her vil kunne verke utfyllande.
Grønstruktur og friluftsliv		Ligg inneklemt mellom rv.36 og næringsområde på tre sider. Det ligg ikkje tursti i nærlieken.
Energi-produksjon		Det er energiproduksjon (energibrønnar) i nærlieken av området (ved Torshøl). Potensial for energibrønnar. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagass-utslepp		Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar. Ei utbygging i dette området er i samsvar med ABC-prinsippet for næringsareal. Ligg ved hovudveg i eit allereie eksisterande industriområde.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Usikker	Dersom området nyttast til publikumsintensiv næring, så vil transportbehovet vere stort. Tiltaket må ikkje komme i konflikt med eksisterande planforslag og reguleringsplanar i tilgrensande område. Ligg ved rv.36 og haldeplass like ved området. G/s-veg som knytt området til Bø og Gvarv sentrum er regulert og planleggast bygd i 2021/22.
Teknisk infrastruktur		Området kan koplast til eksisterande infrastruktur. Ein trafikksikker tilkomst til området må antakeleg sikrast via Torshølvegen, om området byggast ut. Det er planlagt g/s-veg forbi området.
Sosial infrastruktur		Tiltaket påverkar ikkje sosial infrastruktur
Folkehelse og universell utforming		Utbygginga har ingen negativ innverknad for folkehelse eller friluftsliv. Området er ikkje brukt til rekreasjon i dag.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Det er ingen kjente målepunkt for barn og unge i området.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Flaumsone for 20-års- og 200-års-flaum går delvis innanfor området i nordvest. Området ligg under marin grense.
Kommune-økonomi		Ei evt. næringsutbygging medfører ikkje driftskostnader for kommunen.
Samla vurdering og eventuelle alternativ:		
Arealinnspelet er i tråd med strategi i samfunnsdelen om å legge til rette for attraktive næringsareal, men er i konflikt med strategien om å ivareta dyrka mark. Føresetnad for at innspelet er i tråd med arealstrategien er at det ikkje vert opna for detaljhandel. Plasseringa av arealet med næringsområde og riksveg på alle sider gjer at arealet likevel bør leggast som næringsareal i kommuneplanen. Ein føresetnad for at det kan forsvarast å legge arealet med dyrka mark til næringsformål er at det flaumutsatte jordet som er sett av til næringsformål (kombinert formål) i gjeldande plan vert lagt tilbake til LNF slik som i planforslaget. I reguleringsplan må det gjerast greie for korleis dyrka jord som fjernast vert ivaretatt.		



Der er usikkerhet knytt til veggtilkomst til området. Tilkomst til området bør sikrast via Torshølvegen, siden det allereie er etablert ein avkjøring frå Rv.36 til Brenna industriområde ca 350m lengre sør-aust.

Delar av området ligg innanfor flaumsone og under maring grense, og flaumsikring og geoteknisk undersøkelse må utførast samband med reguleringsplan.

Konklusjon

	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr.42

Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Mat. verdiar	
Flaum/ storflaum	Middels	Liten	Middels	Stor	Flaumsone for 20-års- og 200-års-flaum går delvis innanfor området langs kanten i nordvest. Det vurderast at det er primært materielle verdiar som kan bli påverka av ei evt. flaum i området. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
Skredfare/ras/ ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Lav	Middels	Middels	Stor	Området ligg under marin grense. Reell geofare og eventuelle byggtekniske sikkerheitsklassar må avklarast i reguleringsplan.
Ulukkespunkt	Høg	Liten	Liten	Middels	Det er registrert fleire trafikkulykker på rv.36 like ved området. Nye avkjøyrslar må følgje krava i vegnormalane.

Oppfølging i plan: Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og geoteknisk undersøking i reguleringsplan.



5.14 Nr 45, Evju bygdetun



Område: Evju
 Areal: 27 daa samla for to delområde (45 a og b)
 Føremål: Offentleg eller privat tenesteyting
 Eksisterande arealbruk: Dyrka mark, veg, bygdetun/historisk gardsbruk
 Kommuneplan: LNF, omsynssone landskap (H550-1), omsynssone naturmiljø (H560-17), faresone ras- og skred (H310-11)
 Reguleringsplan: Ingen

Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		Ingen støykjelder i nærleiken, over 300 m til fv.3336. Ingen registrerte førekomstar av grunnforureining.
Jordvern og jordressursar	Delvis negativ	Aktivt gardsbruk med ca.10 daa dyrka jord. Ei utbygging påverkar landbruket negativt.
Naturmangfald	Delvis negativ	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Langs området ligg den viktige naturtypen Evju bestående av kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti og den utvalgt naturtypen slåttemark rett sør for denne. Området ligg og delvis innanfor området registrert som geologisk arv knytt til meander/kroksjø, men denne vurderast ikkje å bli påverka av tiltaket. Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Området ligg på dyrka mark og areal med tun/plen. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vass- og lausmasseress.		Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø	Delvis negativ	Det er fleire registrerte kulturminne i Askeladden, og dei ligg innanfor areal som nyttast til jordbruk. Tiltaket er i seg sjølve eit kulturmiljø, som kan bli styrka med fleire bygningar.
Landskap og byrom		Tiltaket er eit gammalt gardsbruk med fleire eldre bygningar. Det ligg landleg til rundt dyrka mark og Evju kroksjø. Oppføring av fleire eldre bygningar kan styrke kvaliteten i området.
Grønstruktur og friluftsliv		Det går tursti gjennom gardstunet i dag, og vidare ned til Evju kroksjø. Ligg innanfor friluftsområde kartlagt som svært viktig (A).
Energi-produksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging slik planlagd vil ikkje føre til særleg auka energiforbruk.
Klimagassutslepp	Delvis negativ	Ønska arealbruksendring ville i liten grad utgjer ei forskjell i klimagasregnskapet for området. Ei evt. auke i trafikk til og frå området vil auke utslepp av klimagassar noko.
Transportbehov, trafikktrykkleik		Haldeplass for lokalbuss ved Evju bygdetun, därleg kollektivtilbod på fv 3336.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	Offentleg veg til området. Ingen VA-nett i området.
Sosial infrastruktur		Påverkar ikkje sosial infrastruktur.




Folkehelse og universell utform.		Tursti i området. Området har potensial for universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Området vert brukt av familiar i dag.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Den største delen av området 45A grensar til sone for 200-års flaum, og ligg innanfor utløysingsområde for kvikkleireskred, faregradklasse låg. Den sørlege delen av området 45B ligg i flaumszone. Ligg under marin grense.
Kommune-økonomi		Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet slik det er avgrensa er i strid med arealstrategien om å unngå nedbygging av dyrka mark. Bakgrunnen for innspelet er eit ønske om å legge til rette for vidareutvikling av bygdetunet ved å ta i mot fleire eldre bygg som ikkje vil vere tillate innanfor LNF-formålet. Dette er i tråd med strategiane om å styrke den kulturelle grunnmuren, legge til rette for at kulturaktivitet har eigna anlegg og ta vare på historisk identitet gjennom sikring og formidling av kulturarven. Det bør difor leggast til rette for vidareutvikling av bygdetunet i arealdelen, men område med byggeformål (45a) bør ikkje gå inn på dyrka mark på vestsida av Sætrevegen eller jordet sørvest for tunet.		
Området ligg innanfor utløysingsområde for kvikkleireskred, og stabilitet må dokumenterast i reguleringsplan. Delområdet nede ved elva (45b) ligg innanfor sona for 10-årsflaum og bør ikkje byggast ut vidare, men vidareførast som LNF-formål.		
Konklusjon		
Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført		
Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspele		
Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan		

ROS innspele nr.45					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Lav	Middels	Liten	Stor	Området ligg under marin grense og innanfor utløysingsområde for kvikkleireskred, faregradklasse låg. Reell geofare og byggtekniske sikkerheitsklassar må avklarast i reguleringsplan. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
Flaum/storflaum	Lav	Liten	Middels	Middels	Delar av området ligg innanfor flaumsone for 200-års flaum. Det er sannsynleg med flaum, og det vurderast at det er primært materielle verdiar som kan bli påverka av ein flaum. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan..					



5.15 Nr 46, Gvarvhølen



Område: Notevarp/Gvarvhølen
 Areal: 0,2 daa
 Føremål: Andre typar bygningar og anlegg
 Eksisterande arealbruk: Strandsone
 Kommuneplan: LNF, omsynssone
 friluftsliv
 Reguleringsplan:
 PlanID 09282012: Turdrag/naturområde i sjø og vassdrag.

Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Usikker	Ikkje kjennskap om forureining i området. Ei båtbryggje bidra ikkje vesentleg til forureining, men forureining kan ikkje utelukkast.
Jordvern og jordressursar		Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar jord innanfor området. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfald	Usikker	Den aktuelle strekninga av elva er transportetappe for vaksenfisk av både laks og storørret på vei opp for å gyte. Strekninga inngår i oppvekstområdet for småfisk, der deltaet er det aller viktigaste. Areala for desse artane vert mindre. Bestanden av elvemusling i Bø-/Gvarvelva er ein av dei største i Nord Europa, og underarten som lever her er avhengig av laks som verftsfolk. Det er ikkje raudlista artar registrert i området, men området ligg i nærleiken av fleire viktige naturtypar. Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Området ligg delvis på bart fjell med tynt lausmassedekke og delvis i elva. Området er hogd ut. Potensialet for at landarealet kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vass- og lausmasseress.	Delvis negativ	Ei båtbryggje medfører inngrep i strandsona som kan påverke vasskvaliteten negativt. Elva renn sakte her og elv og strandareal består for det meste av fine masser der det ikkje er fjell. Det skal lite til for å endre erosjonstilhøva nedstraums og på motsett side av elva. Dersom elvetverrsnittet endrast, kan det auke erosjonen i elvebotn jf. uttale frå NVE i 2019 ved søknad om erosjonstiltak.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området
Landskap og byrom	Delvis negativ	Eksponert mot elva, som er ei svært viktig utfartsåre, og Teksten camping. Det er naudsynt med nærmere vurderingar.
Grønstruktur og friluftsliv		Ligg innanfor friluftsområde kartlagt som svært viktig (A) og regulert som turdrag. Sentral strekning for samanhengande tursti langs vassdraget. Privat brygge vil verke privatiserande på eit parti der turdraget er smalt mellom bustadene med utfyllingar og elva.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag.
Klimagassutslepp		Området har ingen vesentleg betydning for binding av klimagassar.
Transportbehov og trafikktrykkleik		Ikkje relevant.
Teknisk infrastr.		Ikkje relevant.
Sosial infrastr.		Ikkje relevant.



Folkehelse og universell utforming		Området er brukt til rekreasjon av nokre personar, men er ikkje tilrettelagt per i dag.
Bumiljø og oppvekstvilkår	Usikker	Registrert som badplass i barnetråkkreg. Det er ei badebryggje i nærleiken. Evt. bryggje her må det føre til at barn og unge får nye målepunkt.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Ligg i flaumsone, men er ikkje relevant for tiltaket. Ligg under marin grense. Geoteknisk vurdering gjort i samband med reguleringsplan. NVE uttaler i 2019 ved søknad om erosjonssikring at dette kan få negative konsekvensar og tilrår at behovet vert vurdert før evt gjennomføring.
Kommune-økonomi		Utbygginga medfører ikkje nye drifts- og investeringskostnader.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet vurderast å ikkje vere i samsvar med arealstrategien om at strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som at potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæringer og bustadutvikling vert ivaretatt og at bruk av vassdraget ikkje skal forringe verdiane i vassdraget eller stenge tilgangen for befolkninga. Offentleg tilgjengeleg småbåthavn (Gvarv båthavn) ligg ca 200m unna og vil vere eit godt alternativ til ei privat brygge. Området er regulert til turdrag og ligg i omsynssone for viktig friluftsområde. I tillegg er området eksponert mot elva og Teksten camping på eit smalt parti av elva. Innspelet oppnår for at kyststi kan etablerast i samanheng med ei båtbrygge, og at brygga vil vere open for bading, men etablering av brygge vert likevel vurdert til å bidra til ytterlegare privatisering av eit område som allereie er prega av utfyllingar knytt til bustadutbygginga ut i turdraget.		
Formålet i reguleringsplanen (turdrag) bør vidareførast som formål i kommuneplanen (dvs endring frå LNF til grøntstruktur i kommuneplanen).		
På den aktuelle strekninga er elva relativt smal, og det djupe partiet er svært smaltjf tverrprofil frå flaumsonekartlegging. Konsekvensar av tiltaket med omsyn til endra strømningsforhold og livet i elva er usikkert og ein vil ikkje tilrå etablering av nye tiltak her.		
Konklusjon		
	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført	
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel	
	Kommuneplanen vert endra tråd med vedtak i formannskapet 25.01.2021 (1. gongs handsaming)	
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan	

ROS innspel nr.46					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord, fjell)	Lav	Middels	Middels	Stor	Området ligg under marin grense. Reell geofare og evt byggtekniske sikkerheitsklassar avklarast i reguleringsplan. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
Flaum/storflaum	-	-	-	-	Ikkje vurdert. Tiltaket ligg i flaumsone, men er ikkje tenkt til varig opphald/bygg og vurderast difor ikkje som sårbart for flaum. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik for naturpåkjenningar.

Oppfølging i plan: Geoteknisk vurdering må gjennomførast før evt gjennomføring av tiltak.



5.16 Nr 56, Liagrenda (Norsjø ferieland)

		<p>Område: Liagrenda Areal: 3 daa Føremål: Turist- og fritidsformål Eksisterande arealbruk: Bustad, jordbruk Kommuneplan: Bustad, omsynssone flaumfare (H320_8) Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. Utviding av turist- og fritidsformål nærmere bustadområde kan medføre meir trafikkstøy for naboar.
Jordvern og jordressursar		Disponert til bustad i gjeldande kommuneplan, og ei formålsendring til eit anna byggeformål påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfald		Ingan registrerte raudlisteartar eller naturtyper innanfor området. Ullurt, nikkesmelle, fiskemåke, barlind er registrert i nærleiken av området. Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Området ligg i front av mektig breelvavsetning (randås) og er vendt mot sørvest. Dette er ei bebygd bustadtomt utan eksponerte flater med grus og sand. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.
Vassressursar og lausmasseressursar		Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området eller i nærleiken.
Landskap og byrom	Delvis negativ	Ligg som forlenging av eksisterande turistformål. Området har eksponeringspotensiale mot Norsjø, men vil utgjere ei forlenging av det etablerte Norsjø ferieland.
Grønstruktur og friluftsliv	Delvis negativ	Registreringar frå barnetråkk viser at det ligg ein akebakke i området.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	Delvis negativ	Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar. Endring frå Bustad til turist- og fritidsformål påverkar i liten grad klimagassutslepp, men kan medføre noko meir trafikk..
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Auka kapasitet til Norsjø ferieland kan gje utfordringar for mjuke trafikantar. Kort avstand til kollektivtilbod, nærmeste haldeplass er Akkerhaugen bru.
Teknisk infrastruktur		Bygger oppunder eksisterande nett og veg, ny tilkomst ligg i gjeldande KPA, men er ikkje finansiert.
Sosial infrastruktur		Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	Området brukast til akebakke i dag. Potensialet for universell utforming er svært avgrensa pga. topografi.
Bumiljø og oppvekstvilkår	Delvis negativ	Området brukast til akebakke i dag.



Samfunnstryggleik og beredskap		Området ligg i faresone for flaum og grensar til aktsemdsområde flaum. Ligg under marin grense. Tilkomst via kommunal veg, som i høgesongen tidvis kan vere vanskeleg framkomeleg for utrykkingskøyrt på grunn av kø av campingbilar til Norsjø ferieland.
Kommuneøkonomi	Delvis negativ	Ny tilkomst ligg i gjeldande kommuneplan. Etablering av denne vil sannsynlegvis krevje at kommunen er med på eit spleiseland.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet er i tråd med strategien om å vidareutvikle Akkerhaugen som reisemål og tilrettelegg for utviding av ei eksisterande viktig verksemid innanfor reiselivet.		
I gjeldande kommuneplan ligg ei utvidingsområde for Norsjø ferieland mellom dagens campingplass og dette området. På grunn av tilhøva for mjuke trafikantar langs Liagrendvegen og av beredskapsomsyn bør det stillast rekkefølgekrav om etablering av ny tilkomstveg før utviding av Norsjø ferieland og utbygging av bustadområde i Liagrenda.		
Området ligg innafor aktsemdsområde flaum og under marin grense, og reell flaum- og skredfare må avklarast i reguleringsplan.		
Konklusjon		
		Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
		Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspele
		Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspeil nr.56					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Lav	Middels	Liten	Stor	Området ligg under marin grense. Reell geofare og byggtekniske sikkerheitsklassar må avklarast i reguleringsplan. Konsekvensane av ustabil grunn vurderast som låg unntatt for materielle verdiar, knytt til bygnings-/ settingsskadar. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
Flaum/storflaum	Lav	Liten	Middels	Middels	Området ligg i faresone for flaum. Det er sannsynleg med flaumutfordringar i området. Det vurderast at det er primært materielle verdiar som kan bli påverka av ein flaum. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
Ulykkespunkt	Høg	Liten	Liten	Middels	Det er registrert ei ulykke i Liagrendvn siste 10 år innanfor ei radius på 500 m - ved innkøyringa til Norsjø ferieland. Liagrendvegen er smal og opplevast som utrygg.
Bortfall av kritisk infrastruktur	Høg	Liten	Middels	Liten	I høgesong for Norsjø ferieland kan den smale Liagrendvn i praksis bli sperra for utrykkingskøyretøy pga køar av campingbilar, ingen beredskapsveg dersom Liagrendvn ikkje kan nyttast. Usikker vurdering av konsekvens.
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og til geoteknisk vurdering i reguleringsplan, og det bør leggast inn rekkefølgekrav som sikrar ny tilkomst til Liagrenda før utviding.					



5.17 Nr 57 MX-bane, Rallevegen

		<p>Område: Høgfoss-Langemyr Areal: 120 daa Føremål: Idrettsanlegg Eksisterende arealbruk: Skog Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_6) Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring
Ureining og støy		<p>Det er planlagt opparbeiding av stor crossbane og mindre rekruttbane, i tillegg til at innspelet omfattar areal til trial og enduro, der stiar og naturleg terrenget nyttast. Støy vil først og framst vere knytt til crossbanen, der motorstøy vil gje raud støysone på 150m og gul sone ca 340m. Einaste bygg i området i dag er hytte ca 250 m unna, men tursti i kanten av omr og friluftsomr. rundt vil bli påverka av støy. Høgfoss viktig som turmål, men fossestøy vil ssv overdøve motorstøy. Forslagsstilla antar at støyvoll bør etablerast mot Rallevn/hytta. Større andel elsyklar på anlegget forventast. Utanfor støysona til fv 3330. Ikkje registrert forureina grunn i området.</p>
Jordvern og sikring av jordressursar		Ikkje dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med skog av lav til middels bonitet.
Naturmangfald		<p>Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Viktig naturtype (B-område), gammel barskog, NØ for området, men denne vert vurdert å ikkje bli påverka av tiltaket.</p> <p>Potensial for naturmangfald utover det som er registrert: Området ligg i hovudsak på grunn morene og fjell. I nordaust er det nokre mindre areal med breelvavsetning. Området er vendt mot nordaust og har ikkje eksponerte flater av sand eller grus. Området har barskog i hogstskasse 4 og 5, hogstskasse 5 i sørvestre del. Det er i stor grad fråvær av ståande og liggande daude tre og hengelav. Potensialet for at området kan vere levestad for trua arter vurderast som lite.</p>
Vass- og lausmasseress.		To bekkefar gjennom området med god økologisk tilstand. Bekkene bør haldast opne i eit anlegg og avrenning må unngåast. Ligg på tynn morene.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen reg. kulturminne i Askeladden, men Bø turlag har registrert mulig kolgrøp i området i sitt kart.
Landskap og byrom		Landskapet vert vurdert som lite sårbart for inngrep.
Grønstruktur og friluftsliv		Innspelet ligg innanfor eit svært viktig friluftsområde (Folkestadåsane, verdi A). Merka turløype går langs området og vert liggande mellom anlegget og fylkesvegen dersom etablering av anlegget. Støy frå aktiviteten på anlegget vil hovudsakleg vere på ettermiddags- og kveldstid og i helgene, når også friluftsområdet er mykje i bruk.
Energiproduksjon		Ingen relevans
Klimagassutslepp		Skogdekt område som opptar klimagassar i dag. Berre delar av området er planlagt opparbeidd, resten av området vil ikkje bli opparbeidd.
Transportbehov og trafikktrykkleik		Ingen tilgang til kollektivtrafikk, ikkje sykkelavstand til bustadområda. Avkjøring ut på Rallevn med god sikt.



Teknisk infrastruktur		Ikkje v/a eller straum i området. Må lage separat v/a-anlegg og legge 600m høgspent og nettstasjon.
Sosial infrastruktur		Ingen relevans
Folkehelse og universell utform.		Tursti i området vert påverka.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Opparbeiding av motorcrossbane vil gje betre tilbod til barn og unge innanfor denne idretten enn dei har i dag.
Samfunnstryggleik og beredskap		Over marin grense, ingen kjente naturfarer. God tilkomst.
Kommune-økonomi		Tiltaket medfører ikkje kommunale kostnader.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Innspelet omfattar eit svært omfattande areal, nær tre ganger så stort som dagens anlegg (Rallebanen), som omfatar både bil- og sykkelcross. Dagens anlegg er for lite, og oppfyller krav til B-anlegg (NMF si klassifisering). Behov for større anlegg for å oppfylle krav til E-klassifisering og for å tilby treningsanlegg også for trial og enduro. Innspelet omfattar areal som skal opparbeidast til stor crossbane, mindre rekruttbane, parkering og klubhus. I tillegg omfattar innspelet areal til trial og enduro, der stiar og naturleg terrenget nyttast, og som ikkje vil bli opparbeidd. I forslagsstiller si skisse under er mogleg utnytting av området vist.



Innspelet er i tråd med strategien i samfunnsdelen om at kommunen skal legge til rette for at idrett-, kunst- og kulturaktivitet har eigna lokale og anlegg. Innspelet har negative konsekvensar i form av støy og inngrep i viktig friluftsområde, men omsynet til behovet for denne type anlegg er vektlagt. Turstien som går gjennom området må leggast om, og det bør knytast rekkefølgekrav til dette. Som avbøtande tiltak knytt til friluftslivet, bør reguleringsplanen sikre at parkeringsplass kan nyttast av turgåarar.

Avgrensinga av området bør justerast slik at det trekkaast nærmare fylkesvegen for å samle støykjeldene. Ved utarbeiding av reguleringsplan må støy bereknast og evt avbøtande tiltak leggast inn. Støy vil først og framst vere knytt til crossbanen, og plassering av denne må plasseraast på bakgrunn av støybereking. Trial og enduro har behov for dei bratte partia i sør, og det er difor vanskeleg å avgrense området slik at det ikkje berører høgda i sør. Reguleringsplanen må legge føringar om kva delar av området som kan opparbeidast og kvar terrenget skal bevarast.

Konklusjon

	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspelet
	Alternativ basert på konsekvensutvurding vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan



ROS innspele nr.57					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Mat. verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bygg.
Oppfølging i plan: Barrierer for skogbrann vurderast i reguleringsplan.					



5.18 Nr. 58 Haukvik

	<p>Område: Haukvik Areal: 21 daa (fordelt på 2 område på 14 daa og 7 daa) Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Utmark Kommuneplan: Naturområde, omsynssone viktige naturmiljø (H560)</p> <p>Reguleringsplan: Ingen</p>	
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		Ei utbygging av bustad vil ikkje føre til auka støy. Støy og støv frå landbruket kan få verknader for enkelte bustadomter dersom ikkje avbøtande tiltak vert gjort. Det kan sikrast i reguleringsplan.
Jordvern og jordressursar		Området omdisponerer ikkje dyrka eller dyrkbar mark, men grensar opp til dyrka mark. Så lenge tiltak held seg utanfor byggjegrense mot landbruk vil ikkje føremålet påverke landbruksinteresser.
Naturmangfald	Stor negativ konsekvens	Naturområda vart ved sist rullering lagt i kommuneplanens arealdel for å unngå nedbygging av lauvskogen som har høg og særhøg bonitet. I det nordlege naturområdet veks det gamle og svært grove linde- og eikekjemper som er knapt å finne elles i regionen. Det er eit stort potensiale for raudlista artar, særleg sopp og insekt. Det gjer også at området er viktig for fuglelivet. Det nordlege området har A-verdi. Området i sør har isolert sett B-verdi, men sett i samanheng med lokalitetane over så har også dette området ein klar nasjonal verdi (naturbase). Ei utbygging vil føre til tap av ein biotop som er unik i regionen.
Vassressursar og lausmasseressursar		Det er ingen registrerte vassressursar innanfor området. Det er ingen registrert lausmasseressursar.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ikkje registrert kulturminne i områda.
Landskap og byrom		Områda ligg oppe i lia og vil ha fjernverknad mot Norsjø og arealet på vestsida av bukta. Det er ikkje eksponert mot horisont eller vassdrag. Sidan naturområda ligg i tilknyting til vedtekne utbyggingsområde, vil ikkje ei ytterlegare utbygging ha vesentleg effekt.
Grønstruktur og friluftsliv		Området råkar ingen kartlagde friluftsområde, men grøntområda kan ha verdi som rekreasjon for bustadene i det området som er sett av til bustader i dagens kommuneplan.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	Delvis negativ	Avstand til daglege mål som arbeidsplassar, skule, handel og fritidsaktivitetar tilseier at dei fleste turane vert bilbaserte. Ved full utbygging kan det ventast ei trafikkauke på ca. 70 ÅDT (3,5 turar pr. bustad). Utbygging vil medføre ei omdisponering av skog med høg



		bonitet, noko som fører til auka klimagassutslepp. Det er eit relativt avgrensa areal.
Transportbehov og trafikktrykkleik	Delvis negativ	Auka trafikk til bustader kan gje utfordringar på Liagrendvegen. Det er kort avstand til kollektivtilbod, nærmeste haldeplass er i krysset Nordagutuvenn – Liagrendvegen, ca. 1 km. Liagrendvegen er lett å sykle, men smal og underdimensjonert. Eit rekkefølgjekrav om at ny tilkomstveg skal bli etablert før utbygging reduserer konsekvensen for trafikktryggileik.
Teknisk infrastruktur	Delvis negativ	VA-nett til campingplassen kan vidareførast. Det kan ikkje garanterast brannvassmengder på vassleidningen. Kloakk bør ha kapasitet, men fall- og høgdeforhold fører nok til behov for pumping. Ny tilkomstveg ligg i gjeldande KPA, men er ikkje finansiert. Det er sett rekkefølgjekrav om at ny veg skal vere utarbeidd før utbygging kan starte.
Sosial infrastruktur		Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming		Nærleik til Haukvikfjell, registrert som eit viktig friluftsområde, og kan fungere som nærturterreng.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Nærleik til Norsjø ferieland, som er ein viktig møteplass for barn og unge i følgje barnetrakk. Vestvendt li gjev gode solforhold.
Samfunnstryggileik og beredskap	Delvis negativ	Området ligg under marin grense. Ei utbygging må utgjere grunnforhold. Næraste brannstasjon er på Gvarv. Med ny tilkomstveg vil tilgjenge for uthyrkingskøyretøy bli betra.
Kommuneøkonomi	Delvis negativ	Ny tilkomst ligg i gjeldande kommuneplan, og vil truleg bli eit spleiseland mellom utbyggar og kommune.

Samla vurdering og eventuelle alternativ

Området fører til ei nedbygging av svært viktig naturområde med nasjonal verdi og stir i mot prinsippet i kommuneplanens samfunnsdel om at naturmangfold skal sikrast. Føresegne i kommuneplanen seier også at naturområde med A, B og C-verdi ikkje skal byggast ut. Eksisterande kommuneplan opnar for utbygging av bustader innanfor dei områda som er kartlagt som A- og B-verdi, med krav om naturtypekartlegging. Vanleg praksis i slike område er at det ikkje vert lagt til rette for utbygging i så verdifulle naturområde, så dagens kommuneplan opnar i utgangspunktet for meir utbygging enn det som er vanleg.

Området ligg innanfor tettstadsgrensene til Akkerhaugen, og bygger derfor oppunder eksisterande grensesenter, sjølv om det ikkje samsvarar heilt med samfunnsdelens prinsippet om at 70% av bustadbygginga skal skje i tettstadene Gvarv eller Bø. Transporten vil bli bilbasert, og området er derfor i strid med prinsippet om at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.

Området er eigna som bustad når det gjeld solforhold, nærleik til sosiale møteplassar både for vaksne, unge og barn og turområde. Det finst ein relativt stor bustadreserve i nærleiken, på Ryntveit sandtak.

Ei samla vurdering tilseier at områda ikkje bør byggast ut.

Konklusjon

	Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
	Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspeil
	Kommuneplanen vert endra tråd med vedtak i formannskapet (1. gongs handsaming)
	Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan



ROS innspel nr.57					
Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Mat. verdiar	
Skredfare/ ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	Stor	Middels	Stor	Området ligg under marin grense, men det er mykje bart fjell og tynt lausmassedekke, så sannsynet for kvikkleireskred er låg. Sidan føremålet er bustad er konsekvensane vurdert som høge. TEK17, kap. 7 set krav om tryggleik i samband med naturpåkjenningar.
Skog/lyngbrann	Høg	Liten	Middels	Middels	Skogbrannfaren i Telemark har sannsyn på >10% pr år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bygg.
Bortfall av kritisk infrastruktur	Høg	Middels	Liten	Liten	Tilkomstvegen Liagrendvegen er særleg underdimensjonert i campingsessongen (stor campingtrafikk til Norsjø Ferieland), og vil kunne hindre tilkomst av utrykkingskøyretøy. Barriere er rekkefølgjekrav om etablering av ny tilkomstveg. Konsekvensen er sett til liten for liv og helse dersom utrykkingskøyretøy ikkje kjem fram og middels for stabilitet pga. mogleg uro blant innbyggjarane.
Trafikkulykke	Høg	Middels	Liten	Middels	Ved stor trafikk på Liagrendvegen aukar sannsynet for ei trafikkulykke med mjuke trafikantar. Barriere er rekkefølgjekrav om etablering av ny tilkomstveg og løysingar for gåande og syklande. Konsekvensane er vurdert som middels for liv og helse fordi skader kan skje.
Oppfølging i plan: Barrierar for skogbrann vurderast i reguleringsplan. Rekkefølgjekrav om ny tilkomstveg må sikrast. Det må settast krav om utgreiing av skredfare i samband med reguleringsplan dersom det skal byggast på marin avsetning.					



5.19 Nr. 59 Sisjord

		<p>Område: Sisjord Areal: 1 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Utmark i tilknyting til eit tun Kommuneplan: LNF med omsynssone for landbruksområde</p> <p>Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	Delvis negativ	Bustadtomt i jordskanten kan gje utfordringar med støv, støy og lukt frå landbruksdrifta. Tiltaket i seg sjølv fører ikkje til ureining. Det er ikkje registrert ureina grunn.
Jordvern og jordressursar	Stor negativ	Arealet der tomta er tenkt er på gamalt økonomisk kartverk vist som jordbruksareal, fulldyrka og beite, og må såleis reknast som dyrkbar mark. Det er difor ikkje mogeleg å få plassert ei tomt her utan å ta dyrka eller dyrkbar mark. Tomta vil også grense inn til jordbruksareal på naboeigedomen, og det vil vere vanskeleg å halde byggjegrensa på 20 meter. Eigedomen ligg i kanten av eit større samanhengande jordbruksområde, innanfor omsynssone landbruk, som skal gje landbruksområdet ytterlegare vern innanfor tettstadsgrensa til Bø. Sjølv om dei som ønskjer å bygge har stor aksept for dei ulempene som landbruksdrifta fører med seg, tilseier erfaringar at utbygging i jordskantane ofte fører til konflikt mellom bustadinteresser og landbruksdrifta.
Naturmangfald		Det er ingen registrerte naturverdiar i området
Vassressursar og lausmasseressursar		Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar i området
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne i området
Landskap og byrom		Eitt nytt bustadhus vil gje liten fjernverknad, men nærverknad for bustadene i nærliken. Det vil ikkje forringe utsikt, solforhold eller landskapsverdiar.
Grønstruktur og friluftsliv		Det er merkt ei skiløype over jordet. Denne vil truleg ikkje bli råka av ei utbygging, men kan gje tilkomst til skaktivitet om vinteren. Området påverkar ikkje kartlagde friluftsområde.
Energiproduksjon		Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp		Langs vegen er det omlag 1,7 km til rundkjøringa i Bø sentrum. Det er nok sannsynleg at ein del reiser vert gjennomført med bil, men dersom snarvegar kan nyttast så vil det vere gangavstand til sentrum (under 1 km). Utbygginga fører i liten grad til omdisponering av utmark som bind CO2.
Transportbehov og trafikktrykkleik		Frå Folkestadvegen er tilkomsten til eigedomen privat veg, vegklasse 7. Det er ikkje gang- og sykkelveg. Det vil vere mogleg med nokon lunde trygg snarveg mot Oterholtvegen, der det er gang- og sykkelveg/fortau inn til Bø sentrum.



Teknisk infrastruktur		VA-nett passerer eigedomen.
Sosial infrastruktur		Tiltaket påverkar ikkje sosial infrastruktur
Folkehelse og universell utforming	Delvis negativ	Det vil vere mogleg å leggje til rette for universell utforming. Tiltaket får ikkje konsekvensar for den generelle folkehelsa, men dei som kjem til å bu i huset vil måtte handtere støv, støy og lukt frå jordbruksdrifta. Det vil råke ulikt, avhengig kor høg toleranse kvar og ein har for slike ulempar.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Det er ikkje registrerte barnetrakkregisteringar i området. Området påverkar ikkje samanhengande uteområde. Området ligg på grensa til gåavstand frå ulike målpunkt, men godt innanfor syklebar avstand. Det er omlag 1,8 km til Bø skule, noko som akkurat ikkje utløyer tilbod om skuleskyss (2 km), ca. 1 km til krysset Gymnasbakken-Bøgata dersom ein nyttar ein snarveg og om lag 1,3 km til Sandvoll.
Samfunnstryggleik og beredskap	Delvis negativ	Det er berre ein tilkomstveg til området. Området ligg under marin grense og ei utbygging må dokumentere tiltak for skred.
Kommuneøkonomi		Tiltaket vil truleg ikkje påverke kommuneøkonomien.

Samla vurdering og eventuelle alternativ

Innspelet dreier seg om eit enkelthus på eit tun. Det er eit veldig lite tiltak til å bli vurdert i kommuneplanens arealdel. Som regel vert slike saker handsama som dispensasjon eller bygge- og delingssak. Ei omdisponering til bustadtomt vil føre til forskjellsbehandling i høve til liknande saker som er avslått. Dersom tomta vert lagt inn i kommuneplanens arealdel som nytt byggeområde vil det i følgje føresagnene vere krav til reguleringsplan.

Sidan tiltaket er eit enkelthus, er dei fleste konsekvensane for natur, kultur og landskap små. Den største utfordringa er nærleik til landbrukdrift. Tiltaket vil føre til nedbygging av dyrkbar mark, og det er ikkje mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot eksisterande dyrka mark. Ei utbygging vil kunne føre til ulempar med støv, støy og lukt og potensielle framtidige konfliktar. Området ligg innanfor omsynsone landbruk, og er derfor i konflikt med strategi 6 i kommuneplanens samfunnsdel som seier at dyrka mark skal sikrast.

Tiltaket ligg innanfor tettstadsgrensene til Bø og støttar derfor opp under samfunnsdelens strategi som seier at 70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadene Bø og Gvarv. Sidan dette er berre ein bustad har det svært lite å seie. Det er også gangavstand, om enn litt lang, til ei rekke målpunkt og gange og sykkel vil kunne nyttast som framkomstmiddel. Dette er i tråd med strategi 4 i kommuneplanens samfunnsdel.

Forslaget vert rådd i frå grunna omsynet til landbruksdrifta, faren for presedensverknad og tiltakets storleik.

Konklusjon

Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
Kommuneplanen vert endra tråd med vedtak i formannskapet (1. gongs handsaming)
Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

ROS innspel nr.57


Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Mat. verdiar	
Skredfare/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Middels	Middels	Stor	Stor	Området ligg under marin grense. Reell geofare og eventuelle byggetekniske sikkerheitsklassar må avklarast i reguleringsplan. Storleiken på eit ev. skred er usikkert. Ei hending vil få konsekvensar for stabilitet dersom infrastruktur (veg/VA) ryk.



Trafikkulykke	Middels	Middels	Liten	Liten	Sisjordvegen er brukt som snarveg for mjuke trafikantar til/frå Sandvoll, utan at det er tilrettelagt for gang- og sykkel eller fortau.
Oppfølging i plan: Det må settast krav om utgreiing av skredfare i samband med reguleringsplan/byggjesøknad.					



5.20 Nr. 60 Sandamoen



Område: Sandamoen
 Areal: ca. 0,5 daa
 Føremål: Andre typer bebyggelse og anlegg (mottaksstasjon for avfall frå hytter)
 Eksisterande arealbruk: Utmark, skog
 Kommuneplan: LNF
 Regulareringsplan: Ingen

Tema	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy		Tiltaket fører til bruk av ljos. Så lenge mottaksstasjonen blir drifta skikkeleg så vil det ikkje føre til ureining. Anlegget ligg ved ein trafikkert veg og det er ingen funksjonar i nærleiken som er sårbar for støy.
Jordvern og jordressursar	Delvis negativ	Området ligg på dyrkbar jord. I dag står det yngre barskog, hogstklasse 2, med høg skogsbonitet. Tiltaket vil ikkje punktere heilskapleg område, verken med skog eller jordbruk.
Naturmangfald		Det er ikkje registrert kartlagde verdiar i området. Det er yngre skog i området, og dermed ikkje vurdert som stort potensiale for trua artar.
Vassressursar og lausmasseressursar		Det er ikkje registrerte vassressursar eller lausmasseressursar i området.
Kulturminne og kulturmiljø		Det er ingen kjende kulturminne i området.
Landskap og byrom		Tiltaket vil ikkje påverke landskapet vesentleg.
Grønstruktur og friluftsliv		Tiltaket ligg i eit skogholt rett ved eit trafikkert vegkryss. Det er ikkje kjent nokon aktiv bruk av området.
Energiproduksjon		Ikkje relevant
Klimagassutslepp	Delvis negativ	Tiltaket vil føre til omdisponering av skog til asfalterr/gruslagt flate. Tiltaket vil føre til eit utslepp, eller lågare CO ₂ -opptak på i underkant av 20 tonn CO ₂ -ekvivalentar.
Transportbehov og trafikktrykkleik		Lokaliseringa er strategisk plassert slik at både brukarar som køyrer Selsjordvegen (rv. 36) og Garvikvegen kan stoppe ved anlegget i samband med andre turar. Tiltaket vil ha avkjøring mot Garvikvegen. Avkjøringar må tilpassast med vegvesenets krav m.a. til siktlinjer. Krysset Garvikvegen – Selsjordvegen er lite brukt av mjuke trafikantar. Tiltaket får derfor få, om nokon, konsekvensar for trafikktryggleik.
Teknisk infrastruktur		Området ligg langs veg. Luftspenn (22 kv) passerer ca 250 lenger nord.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant
Folkehelse og universell utforming		Området er flatt og vil kunne tilretteleggast for alle.
Bumiljø og oppvekstvilkår		Tiltaket råkar ikkje kjende leikeareal for barn eller unge.



Samfunnstryggleik og beredskap		Området er lett tilgjengeleg for uttrykningskøyretøy. Tiltaket fører ikke til nokon endra situasjon for samfunnstryggleik eller beredskap.
Kommuneøkonomi		Tiltaket påverkar ikkje auka transportbehov for offentlege tenester, eller behov for auka kapasitet på sosial eller teknisk infrastruktur. Renovasjon er eit kommunalt ansvar, men det blir gått ut i frå at investeringa i sjølve renovasjonsanlegget har ei avklart finansiering.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Tiltaket får størst konsekvensar for dyrkbar mark og klimautslapp. Tiltaket er i strid med arealstrategien om å ta vare på dyrkbar mark, men i samsvar med arealstrategien om fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar. Denne mottaksstasjonen erstattar eksisterande stasjonar langs Garvikstrondi og Manheimsstrondi.		
Konklusjon		
		Formål i gjeldande kommuneplan vert tilrådd vidareført
		Kommuneplanen vert tilrådd endra i tråd med innspel
		Kommuneplanen vert endra tråd med vedtak i formannskapet (1. gongs handsaming)
		Alternativ basert på konsekvensutgreiing vert tilrådd lagt inn i ny kommuneplan

